

# **Årsrapport 2015**

**Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**

## **Innhold**

<b>I - Fylkesmannens beretning</b>	Side 3
<b>II - Introduksjon til embetets hovedtall</b>	Side 6
<b>III - Årets aktiviteter og resultater</b>	Side 11
<b>IV - Styling og kontroll i embetet</b>	Side 22
<b>V - Vurdering av framtidssikter</b>	Side 24

## I - Fylkesmannens beretning

### Overordna vurdering av samla resultat, ressursbruk og måloppnåing

Overordna har Fylkesmannen i 2015 hatt ei god måloppnåing. Vi har stort sett klart å fullføre embetsoppdraga våre. Somme område har vi prioritert ned mellom anna fordi vi medvite har vakansar når tilsette sluttar, for å spare pengar. På andre område legg vi inn større tyngd enn det ei nøktern lesing av embetsoppdraget skulle føre til.

I tillegg til at vi fullfører embetsoppdraga våre, brukar vi initiativrolla til å vere ein viktig motor for utviklinga av fylket. Eit særmerke for fylket er ein sterk samhandlingskultur mellom dei viktigaste samfunnsaktørane, der vi arbeider saman for å nå felles mål for å skape gode samfunn. I eit fylke utan store byar, har Fylkesmannen teke initiativ til mange av samhandlingsprosjekta. Vi meiner at samhandlingskulturen er nøkkelen til at fylket presterer best for dei fleste levekårsindikatorane, sjå meir i avsnitt II.

I 2015 gjekk Fylkesmannen samla med eit overskot på 1 251 286 kr, der vi hadde med oss 242 426 kr frå året før. Overskotet kjem av at vi hadde ei stram økonomistyring der vi reduserte med ei stilling og innførte krav om vakansar der folk slutta, etter at vi fekk redusert løyvinga for 2015 med 461 000 kr. I tillegg fekk vi ei løyving til lisensar og liknande på landsfemnande IKT-oppgåver, der vi ikkje fekk gjort innkjøpet før i 2016, og vi fekk noko høgare refusjon av sjukepengar enn vi rekna med. Med den ytterlegare reduserte løyvinga for 2016 med 544 000 kr, reknar vi med at vi må redusere med endå ei stilling. På andre sida vart beredskapsområdet i statsbudsjettet for 2016 styrkt med mestedelen av ei stilling. Den ekstraordinære situasjonen med stor auke i einslege mindreårige asylsøkjjarar, har dessutan gjort at vi hausten 2015 og vinteren 2016 har tilsett fleire personar mellombels på verjemålsområdet. Vi innrettar drifta etter redusert løyving og større utfordringar på asylområdet, og ser føre oss at dette vil føre til vanskelege diskusjonar om prioriteringar mellom fagområde og avdelingar. I siste omgang kan det føre til misnøye frå oppdragsgjevarane våre på områda vi prioriterer ned.

### Overordna framstilling av viktigaste prioriteringar for året

Kommunereforma har prega arbeidet hjå oss i 2015. Vi har brukt mykje tid og ressursar på å formidle nasjonale mål og forventningar til kommunane, og lagt stor vekt på å vere til stades som rådgjevar i dei fleste diskusjonane om intensjonsavtalar. Alle kommunane i fylket har hatt reelle sonderingar med nabokommunar. Ved årsskiftet hadde ni av dei 26 kommunane inngått intensjonsavtalar om samanslåing, og med unntak av to kommunar, var resten i forhandlingar. Per utgangen av februar har 15 kommunestyre vedteke intensjonsavtalar, sju er framleis i forhandlingar, og fire kommunar har avslutta utgreiingar eller forhandlingar med andre kommunar. Dei fleste kommunane i fylket har etter kvart arbeidd godt med reforma. Fleirtalet kjem til å gjennomføre folkerøysting om samanslåing, og vi er spente på utfallet.

Frå hausten 2015 har den store auken i asylsøkjjarar og flyktningar snudd opp ned på mykje av arbeidet i embetet. Vi har lagt stor vekt på å koordinere oss med DSB, UDI, IMDi, Nav, Bufetat, Politiet, Husbanken og fylkeskommunen, og å informere og oppmuntre kommunane. Vi har gjennomført dei kartleggingane av bygningar eigna til asylmottak som har vore etterspurde. På dei fleste fagfelta våre har vi justert prioriteringane for å ta høg for nye utfordringar som følgjer asylsøkjjarar og flyktningar som skal busetjast. Dette gjeld til dømes barnevern- og sosial, helse, skule- og barnehage, planområdet, og ikkje minst verjemål. Der fekk vi i 2015 mykje å gjere med nye mottak med til saman 143 einslege mindreårige asylsøkjjarar, og dessutan 80 nye plassar i januar 2016. Vi meiner å ha lukkast godt med arbeidet på flyktningområdet, og må nemne at i den nyaste fylkesvise oversikta for 2015 over vedtak om busetjing av flyktningar vi har sett (per oktober), låg kommunane i Sogn og Fjordane på andreplass, målt ut frå folketal.

Særskilt prioriterte område i strategiplanen for 2014 til 2017 er:

- Kriseberedskap både i eigen organisasjon og i fylket
- Rettleiing, tilsyn og klagehandsaming for å sikre rettane til innbyggjarane og god kvalitet på kommunale tenester
- Oppdaterte og gode planar i kommunane
- Samhandling med nasjonale styresmakter, nabofylka og organisasjonar i fylket til beste for Sogn og Fjordane
- Dialog og god kommunikasjon
- Rekruttering, kompetanse og trivsel hjå dei tilsette

Dessverre har krisehandtering vore stadig viktigare for oss dei siste åra, men i 2015 har vi unngått dei største hendingane. Vi har hatt to tunnelbrannar, i Gudvangatunnelen og Skatestraumtunnelen, som vart godt handterte av beredskapssetatane. Særleg etter brannen i Gudvangatunnelen ser vi at beredskapssetatane tok god lærdom frå førre brann i 2013. Vi er glade for den nye samfunnstryggleiks-, beredskaps- og krisehandteringsinstruksjonen for fylkesmennene frå Justis- og beredskapsdepartementet, som støttar vår måte å arbeide på med tidleg informasjonsutveksling i fylkesberedskapsrådet under større hendingar. I tillegg har vi fått god støtte frå DSB i at det er viktig å bruke krefter på krisene i ettertid, for å evaluere og lære. Så langt teiknar det til at vi får til eit godt samarbeid med det nye Vest politidistrikt. Vi er glade for at Stortinget har løyvd midlar til mestedelen av ny stilling på beredskapsområdet. Vi kjem til å tilsetje ein ny person, og håpar at løyvinga for 2017 vert auka til å dekkje ei heil stilling.

For rettleiing, tilsyn og klagehandsaming og på planområdet har vi hatt desse særskilte satsingane siste åra:

- Sjumilssteget, om å ta i bruk barnekonvensjonen til beste for born og unge
- Læringstilsyn der nabokommunar utfører eigentilsyn under rettleiing og parallelt med at vi har tilsyn med ein kommune
- Rettstryggleiksløftet, om å etterleve grunnleggjande sakshandsamingsreglar
- Planløftet, med vekt på gode kommuneplanar. Vi har mellom anna etablert regionale læringsnettverk for kommuneplanleggjarar saman med fylkeskommunen, for å styrke kvaliteten på det kommunale planarbeidet. Her legg vi òg vekt på omsyn til klimaendringar og kommunane sitt ansvar for å planleggje for større innsats på busetjing og integrering av flyktingar.

Satsingane gjer medvitte til kommunane sterkare på områda. Dei tek med stor interesse i bruk ulike praktiske verktyø vi har utarbeidd, som framlegg til sakshandsamingsrutinar og kunnskapsbankar. På planområdet merkar vi klar framgang i arbeidet med revisjon av kommuneplanane.

### **Kort omtale av sentrale tilhøve i embetet og fylket som har hatt innverknad på oppnådde resultat**

Embetet har stabile og kompetente medarbeidarar som er godt motiverte for å utføre embetsoppdraga og gjere samfunnet betre. I alt 4,58 prosent av dei tilsette slutta for å ta stilling andre stader i fjor, og sjukefråværet var 3,71 prosent. Vi rekrutterer godt til ledige stillingar.

Næringslivet i fylket merkar nedgangen i oljeindustrien både positivt og negativt. For verftsindustrien og oljebasen i Florø, er det færre oppdrag. På andre sida går eksportindustrien vår betre på grunn av svak krone, først og fremst industri og fiskeoppdrett. Reiselivet dreg også nytte av kronekursen. Dessutan er det enklare å rekruttere ingeniørkompetanse til verksemdar der lønene er lågare enn i oljeindustrien. Elles ser vi med glede at fleire av IKT-verksemdene våre veks og tener gode pengar. Alt i alt rår det meir optimisme i næringslivet i Sogn og Fjordane enn i dei andre vestlandsfylka.

Folkeveksten i fylket ligg framleis under landsgjennomsnittet, men avstanden har minka. Frå å ha hatt lågast folkevekst nokre år, ligg vi i 2015 på 14. plass blant fylka.

Også i 2015 har både embetet og fylket elles vore mykje prega av diskusjonane om strukture reformer på ulike samfunnsområde. Som nemnt presterer Sogn og Fjordane godt for dei fleste levekårsindikatorane som kriminalitet, skuleresultat, fråfall i vidaregåande skule, gjennomstrøyming i høgare utdanning, arbeidsløyse og levealder. Vi er også langt framme på IKT-området, både i privat og offentleg sektor. Vi meiner viktigaste grunnen er at vi har eit særskilt godt samarbeid mellom dei sentrale aktørane, altså Fylkesmannen, fylkeskommunen, Nav, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Politiet, NHO, LO, KS, Vestlandsforskning og kommunane. For å bruke moderne språk har vi "robuste samhandlingsstrukturar", der ulike etatar er vande med å arbeide tett i lag for å nå felles mål.

Mange av reformene går ut på å bli større og meir robuste, med lite vekt på innhald og kvalitetar i dagens struktur, og utan stor vekt på samhandling med andre etatar. Vi minner om at ein av lærdommane frå rapporten til 22. juli-kommisjonen, var at samhandlinga måtte bli betre.

Mange store statlege reformer er gjennomførte siste tiåra. Få av dei er evaluerte grundig. Likevel er det mange kritiske røyster til korleis reformene har verka. Vi minner om at kvar reform medfører bruk av store ressursar til sjølve omorganiseringa, som går ut over tenestene. Dei fleste er irreversible, og det er ofte uklart om dei har ført til betre tenester. Statistikk tyder på at reformer siste tiåra har ført til langt fleire statlege tilsette, og veksten har skjedd i departement og direktorat, langt unna dei som utfører og brukar tenestene. Vi meiner staten bør ta lærdom av tidlegare reformer til dømes ved å byrje reformarbeid ved å ta utgangspunkt i faktagrunnlag om



kvalitetar på tenestene i gjeldande system, formulere klare målsetnader, og å trekkje inn erfaringar frå andre reformer. Og ikkje minst bør det evaluerast etterpå om kvaliteten har vorte betre for brukarane og om ressursbruken har gått opp eller ned. Læring må følgje evalueringane.

Så vidt vi kan sjå, legg mandatet for utgreiinga av fylkesmannsstrukturen i liten grad opp til kvalitative vurderingar av korleis fylkesmennene fungerer i dag, for hovudfunksjonane sektorstyresmakt, regional samordningsstyresmakt, rettstryggleiksstyresmakt, initiativtakar og formidlar av informasjon mellom sentralstat, fylke og kommunar. KMD har til dømes ikkje i 2015 hatt kapasitet til å gjennomføre ei planlagt landsomfattande undersøking av samspelet mellom kommunar og fylkesmenn, som sist vart gjennomført i 2010. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har på eige initiativ gjennomført ei slik undersøking sommaren 2015, slik vi gjer greie for i kapittel III.

Ut frå mandatet er kommunereforma den direkte bakgrunnen for utgreiinga av fylkesmannsstrukturen. Fylkesmannsutgreiinga skal vere klar første halvår 2016, det vil seie truleg i juni. Mandatet seier at ho skal basere seg på kva som er sannsynlege utfall av kommunereform og regionreform. Når fristen kommunane har for å gjere vedtak om kommunesamanslåing er 1. juli 2016, må det meste av utgreiinga nødvendigvis gjerast på eit tidspunkt der det er høgst uklart kva utfallet av kommunereforma blir. For regionforma er biletet endå meir uklart per første halvår 2016, når tidsplanen er at KMD har oppmoda fylkeskommunane om å gjere vedtak hausten 2016.

Erfaringane frå samanslåinga av embeta i Aust-Agder og Vest-Agder frå 1. januar 2016 (som altså skjedde utan noko føregåande utgreiing eller innhenting av fakta), er også ein del av mandatet for utgreiinga. Det er altfor tidleg i juni 2016 å trekkje konklusjonar frå samanslåinga.

Ut frå dette skapar utgreiingane på ulike område uro både i fylket og mellom dei tilsette i embetet, fordi det vert sådd tvil om våre samhandlingsstrukturar, som utvilsamt fører til gode samfunn, vil overleve.

Så langt ser vi positivt på at prosjektet om styring av fylkesmennene legg opp til ei mindre detaljert styring og meir tillit. Likevel meiner vi det ikkje er fornuftig å kutte ut fylkesmannsmøta heilt, slik vi har forstått at KMD har kome til. Når fylkesmannsmøta er heilt vekke, mistar vi ein arena der vi kan få instruksjonar og utveksle erfaringar og synspunkt om korleis ny statleg politikk skal setjast i verk. Til dømes under den store auken av asylsøkjjarar hausten 2015, har det vore viktig å få innspel gjennom fylkesmannsmøta. Like eins manglar det til hausten ein arena for formidling av signal og meiningsbrytning om arbeidet med fylkesmannsstrukturen. Vi vil i alle fall oppmode KMD om å informere og involvere alle fylkesmenn i arbeidet med fylkesmannsstruktur.

Anne Karin Hamre (sign.)

## II - Introduksjon til embetets hovedtall

### Ei kort omtale av samfunnsoppdraget

Fylkesmannen er statens representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og Regjeringa vert følgde opp. Fylkesmannen er administrativt underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Dei viktigaste oppgåvene til Fylkesmannen er:

1. å vere **sektorstyresmakt** på ei rekkje område, på oppdrag frå elleve departement og ni direktorat og tilsyn
2. å vere **regional samordningsstyresmakt** for statleg verksemd i fylket, særleg for verksemd retta mot kommunane
3. å vere **rettstryggleikshandhevar** som rettleiar, klageinstans og tilsynsstyresmakt for kommunane
4. å verke til **gagn og beste for fylket** og å ta dei initiativ som er påkravde
5. å **orientere sentrale styresmakter** om viktige spørsmål i fylket, og å **formidle relevant informasjon** til kommunale, fylkeskommunale og statlege organ

### Omtale av embetet

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane held til på Leikanger, med unntak av landbruksavdelinga i Førde. Anne Karin Hamre er fylkesmann, og Gunnar O. Hæreid er assisterande fylkesmann. Ved siste årsskiftet var vi 136 tilsette og hadde 116,4 årsverk. Vi har seks avdelingar:

- Miljøvern
- Landbruk
- Administrasjon (med IKT-seksjon)
- Utdanning
- Helse og sosial
- Juridisk (med verjemål)

I tillegg er fagområda beredskap, kommuneøkonomi, kommunereform og kommunikasjon samla i staben til fylkesmannen.

Samanlikna med andre embete er det to særtrekk hjå oss. Det eine er at vi har to kontorstader. Dette har sine ulemper med reisetid mellom kontora og at landbruksavdelinga lever åtskilt frå resten av embetet. På andre sida ser vi også fordelar. Største fordel er at vi har ein lyttepost i ein annan del av fylket, som gjer oss betre i stand til å ha ein god dialog med kommunane som ligg lengre frå hovudkontoret. Derest rekrutterer vi frå ein større arbeidsmarknad når vi for somme stillingar kan tilby kontorplass i to delar av fylket. Ulempa med avstand er kraftig redusert av utstrekt bruk av videomøte. Når vi også tek omsyn til risikoen for å øydeleggje eit sær kompetent fagmiljø i landbruksavdelinga, er det lite aktuelt for oss å samle embetet på ein stad.

Det andre særtrekket er at vi har nasjonale oppgåver innanfor IKT. IKT-seksjonen arbeider med utvikling og drift av intranett, eksterne nettsider og FM-nett for fylkesmennene og KMD, og med utvikling og drift av fullintegreerte sakshandsamingsløysingar som til dømes fritt rettsråd og partistøtte. Vi kjem meir inn på dei nasjonale oppgåvene innanfor IKT i del III.

### Kort omtale av samarbeid med andre embete og andre verksemder

Vi har saman med embeta i Hordaland og Rogaland sett på om vi kan løyse oppgåver for kvarandre, om vi kan ta ansvar for å vere ressursembete for kvarandre, og om det er oppgåver som betre kan løysast på eit lågare nivå enn i dag, til dømes ved overføring av oppgåver til kommunane. Vi kom fram til nokre framlegg om pilotar, men la dei mellombels på is fordi fylkesmannsstrukturen er til vurdering, og fordi vi prioriterer å arbeide med kommunereforma.

~~Vi har meir eller mindre formaliserte faglege nettverk med andre fylkesmenn mellom anna på desse fagområda:~~

- Kystsonenettverk i plan og bygg, med Rogaland og Hordaland
- Verjemål, med Rogaland, Hordaland, Vest-Agder og Aust-Agder
- Nettverk for velferdsfag, med Rogaland og Hordaland
- Landbruksnettverk med Hordaland og delvis Møre og Romsdal om felles utviklingsprosjekt og noko sakshandsaming
- Sørvestnettverket på barnehage og utdanning, saman med Hordaland, Rogaland, Vest-Agder, Aust-Agder og i nokre tilfelle Møre og Romsdal
- Barnevernnettverk, med Rogaland og Hordaland
- Nav og sosialnettverk, med Rogaland og Hordaland
- Nettverk om helse- og omsorgstenestlova kap. 9, med Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag.
- Akvakultur, med dei andre kystfylka
- Nettverk om pasient- og brukarrettslova kap. 4 A, med Rogaland og Hordaland
- Helsetilsynet i vest-nettverk, med Rogaland og Hordaland
- Erfaringsutveksling for regional stat på flyktningområdet, saman med IMDi, Husbanken, UDI, Nav og fylkesmannsembeta i Hordaland og Rogaland

I tillegg har vi mykje uformell kontakt med kollegaer både på leiars og sakshandsamarnivå på ulike fagfelt, særskilt med vestlandsfylka.

Vi har stort utbytte av samarbeid med andre fylkesmenn, både for å få felles tilnærmingar til prinsipielle problemstillingar og å samordne praksis i embeta.

Innanfor fylket har Fylkesmannen eit utstrekt samarbeid med andre verksemdar. Vi er ikkje i tvil om at ein av grunnane til at fylket gjer det godt på mange landsfemnande statistikkar, er dei gode og tette relasjonane på mange område mellom Fylkesmannen, fylkeskommunen, KS, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Nav, Vestlandsforskning og kommunane, og stundom med næringslivet og fagrørsla. Vi trur at samhandlingsstrukturane i fylket langt på veg erstattar og stundom fungerer betre enn store og robuste einingar med definerte ansvarsområde. Store einskildverksemdar har ofte vanskar med å sjå heilskap og kompleksitet, og dei er mindre innretta på å samhandle med andre.

Som hovudregel har vi seks drøftingsmøte i året med leiinga i fylkeskommunen, to med KS og eitt kvar med politimeisteren og Nav. I kommunereforma har vi etablert eit endå tettare samarbeid med KS. Til dømes har vi felles statusmøte på video annakvar veke, ved sida av at KS, saman med regionrådsleiarane, er med i den fylkesdekkjande referansegruppa for reforma. Dessutan er KS, avhengig av kapasitet, ofte med når vi drøftar reforma med einskilte kommunar.

Vi planlegg alltid i samråd med KS kommunekonferansen om våren og rådmannssamlinga om hausten. Samlingane er viktige møtepunkt for å informere om statleg politikk, få innspel til sentrale styresmakter og å skape eit godt samarbeidsklima. Dessutan samarbeider vi om programmet og stiller som innleiarar på konferansane til KS haust og vår.

Nokre av dei formelle fagnettverka vi har teke initiativ til eller deltek i, og meiner fungerer godt til beste for fylket, er:

- Forum for folkehelse, helse og omsorg, saman med regionråda, Helse Førde, høgskulen, fylkeskommunen, Nav, brukarrepresentant og samhandlingskoordinator
- Forum for rus og psykisk helse, saman med Helse Førde, fylkeskommunen, RVTS, KoRus Vest, Stiftelsen Bergenklinikkene, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (NAPHA), Nav Sogn og Fjordane, kommunerepresentant, Regionsenter for barn og unges psykiske helse og brukarorganisasjonar



- IT-forum Sogn og Fjordane, saman med mellom andre fylkeskommunen, høgskulen, NHO, KS, Vestlandsforskning, Sparebanken Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Energi, Hydro Aluminium, Sogndal Fotball og Lerum
- Forum for skule og barnehageutvikling, saman med KS, høgskulen, Utdanningsforbundet og Skolelederforbundet
- Nettverk for kommunar med asylmottak, saman med UDI, Nav og KS
- Regionalt plannettverk, saman med fylkeskommunen og KS
- Kontaktutval for rovviltsaker, saman med beitenæringa
- Styringsgruppe for oppfølging av regional klimaplan, saman med fylkeskommunen og KS
- Fylkesgeodatautvalet for Sogn og Fjordane, saman med Kartverket og fylkeskommunen
- Økonominettverk for økonomiansvarlege i kommunane, saman med KS og kommunane
- AHA-programmet for heilskapleg akvakulturforvaltning i regi av fylkeskommunen, saman med Fiskeridirktoratet, Mattilsynet, kommunar, elveeigarar og Sjømat Norge
- Skjøtselsgruppa (samarbeidsorgan for skjøtselskrevjande naturtypar), saman med høgskulen, Norsk Landbruksrådgiving og NIBIO
- Stat/næringsamarbeidet, saman med høgskulen, Nav, Skatt Vest, Innovasjon Noreg, NHO og LO
- Nynorsk forum, saman med mellom andre fylkeskommunen, avisa Firda, KS, LNK, Nynorsk mediesenter, Utdanningsforbundet, Lerum, Alexandra hotell, Sparebanken Sogn og Fjordane, NHO, LO og høgskulen
- (Det tidlegare) landbruksselskapet, saman med bondeorganisasjonane, Tine, Nortura, landbruksrådgjevinga, dei lokale forskingsinstitusjonane i landbruket og KS
- Næringsutvikling i landbruket, saman med skogeigarlaget, fylkeskommunen, Innovasjon Noreg og kommunane
- Læringsnettverk om mindreårige flykningar og asylsøklarar, saman med kommunane og dels IMDi, Husbanken og Nav

I tillegg legg vi stor vekt på samarbeidet i fylkesberedskapsrådet.

Eit døme på at samarbeidsstrukturane fører til konkrete resultat, er IT-forum Sogn og Fjordane. IT-forum har sidan Fylkesmannen tok initiativ i 1995 stått bak mange viktige satsingar som har kome fylket til gode. Den siste store satsinga som er fullført (i 2014), er elektronisk utveksling av pasientopplysningar mellom sjukehus, legekantor og helse- og omsorgssektoren i kommunane. Så vidt vi veit er Sogn og Fjordane framleis einaste fylke der alle kommunar har teke i bruk elektronisk meldingsutveksling på helseområdet. Satsingsområde framover er utbygging av breiband, ny IKT-utdanning til fylket og velferdsteknologi. Helsedirektoratet seier at Sogn og Fjordane er einaste fylket der alle kommunar har gått saman i eit felles prosjekt for å innføre velferdsteknologi, der altså prosjektleiinga ligg til IT-forum.

Eit anna døme er at skuleelevane i Sogn og Fjordane år etter år ligg i landstoppen, både målt ut frå nasjonale prøver, standpunkt- og eksamenskarakterar og grunnskulepoeng. Vanlegvis vert gode resultat hjå elevar forklart med høgt utdanningsnivå hjå foreldra. For Sogn og Fjordane slår ikkje dette til. Eit omfattande forskingsprosjekt kalla Lærande regionar, har sett på årsakene og samanlikna vårt fylke med Nord-Trøndelag, Oppland og Aust-Agder. Ei årsak prosjektet har peikt på, er det tette samarbeidet mellom Fylkesmannen, KS, høgskulen, Utdanningsforbundet og Skolelederforbundet i Forum for skule og barnehageutvikling.

## Kap 525/Økonomi

	Samlet bevilgning	Budsjettavvik (kr)	Budsjettavvik (%)	Driftsutgifter	Lønnsandel av driftsutgifter	Husleie	Husleie(% av driftsutgifter)
FMSF	78633000	1251826	1,59	77381174	76,99	12460902	16,1

## Regnskapstall sortert på poster

	052501	052521	Post 01 (untatt 052501)	Post 20-29 (untatt 052521)	Post 30-39	Post 40-49	Post 60-69	Post 70-79	Post 80-89
FMSE	77994835	9948846	11404692	39302536	2675755	0	40067008	125135718	2510020



**Administrativ kostnadsdekning**

	<b>Totalt</b>	<b>% av lønn (andre kap enn 525.01)</b>
FMSF	4881946	0

**Sykefravær**

	<b>Totalt(%)</b>	<b>Kvinner(%)</b>	<b>Menn(%)</b>	<b>Egenmeldt(%)</b>	<b>Legemeldt(%)</b>
FMSF	3,71	2,76	0,95	1,35	2,36

**Ansatte**

	<b>Antall årsverk totalt</b>	<b>Antall kvinner</b>	<b>Antall menn</b>	<b>Antall årsverk midlertidige ansatte</b>
FMSF	116	83	53	6

**Aldersfordeling**

	<b>Gjennomsnitt</b>	<b>Under 20</b>	<b>20-29</b>	<b>30-39</b>	<b>40-49</b>	<b>50-59</b>	<b>Over 60</b>
FMSF	45,34	0	7	33	47	31	20

**Lønn per 31.12**

	<b>Lønnsutgifter per årsverk(alle kapitler)</b>	<b>Gjennomsnitt per årsverk Kvinner</b>	<b>Gjennomsnitt per Årsverk Menn</b>
FMSF	576364	43296	47398

**Stillingskoder**

	<b>Stillingskode</b>	<b>Stillingsbetegnelse</b>	<b>Gjennomsnittslønn per stillingskode</b>	<b>Gjennomsnittslønn per stillingskode Kvinner</b>	<b>Gjennomsnittslønn per stillingskode Menn</b>
FMSF	1072	Arkivleder	0	486100	0
FMSF	1059	Underdirektør	0	0	0
FMSF	1211	Seksjonssjef	0	640700	640700
FMSF	1060	Avdelingsdirektør	0	0	0
FMSF	1061	Assisterende direktør	0	0	640700
FMSF	1062	Direktør	0	769500	765633
FMSF	1538	Fagdirektør	0	0	0
FMSF	1063	Førstesekretær	0	0	0
FMSF	1065	Konsulent	0	392300	437400
FMSF	1408	Førstekonsulent	0	433867	437400
FMSF	1363	Seniorkonsulent	0	0	0
FMSF	1068	Fullmektig	0	0	0
FMSF	1069	Førstefullmektig	0	0	0
FMSF	1070	Sekretær	0	0	0
FMSF	1409	Sekretær	0	0	0
FMSF	1433	Seniorsekretær	0	0	0
FMSF	1071	Kontorleder	0	519800	0
FMSF	1411	Avdelingsingeniør	0	0	0
FMSF	1084	Avdelingsingeniør	0	0	0
FMSF	1275	Ingeniør	0	0	0
FMSF	1085	Avdelingsingeniør	0	0	0
FMSF	1083	Ingeniør	0	0	0
FMSF	1087	Overingeniør	0	529800	501300
FMSF	1181	Senioringeniør	0	571000	0
FMSF	1088	Sjefingeniør	0	0	0
FMSF	1434	Rådgiver	0	498427	489747
FMSF	1364	Seniorrådgiver	0	548864	561179
FMSF	1113	Prosjektleder	0	519800	591400
FMSF	1117	Fagarbeider	0	0	0
FMSF	1203	Fagarbeider m/fagbrev	0	0	0
FMSF	1362	Lærling	0	0	142695
FMSF	0129	Assisterende fylkesmann	0	0	1040800
FMSF	0431	Fagkonsulent	0	0	0
FMSF	0382	Fylkesagronom	0	501300	560700
FMSF	0434	Fylkesskogmester	0	0	510100

**Årsrapport 2015 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - Innhold:**

FMSF	0822	Fylkessykepleier	0	560700	0
FMSF	1261	Fylkesjordsjef	0	0	0
FMSF	0435	Fylkesskogsjef	0	0	0
FMSF	0774	Ass. fylkeslege	0	848000	826000
FMSF	0779	Fylkeslege	0	0	1106700
FMSF	1057	Informasjonssjef	0	0	0
FMSF	1184	Kokk	0	0	0
FMSF	1127	Husholdsleder	0	0	0
FMSF	1129	Renholdsbetjent	0	0	0
FMSF	1130	Renholder	0	384600	0
FMSF	1132	Renholdsleder	0	398100	0

**Turnover**

	<b>Turnover(%)</b>
FMSF	4,58

**Andel administrasjon av totalt antall årsverk**

	Økonomi(%)	Lønn(%)	Innkjøp(%)	IKT(%)	Personal(%)	Arkiv(%)	Resepsjon(%)	Sentralbord(%)
FMSF	2,55	0,46	0,12	3,48	1,86	5,34	0,58	0,58

**Medarbeiderundersøkelsen(hvert annet år), score på følgende spørsmål**

	I vårt embete stimuleres det til læring og samarbeid på tvers av avdelingene	I vårt embete utvikler vi oss faglig ved gjensidig kontakt med andre embeter
FMSF	4	4

## III - Årets aktiviteter og resultater

### Overordna vurdering og analyse av samla måloppnåing i embetet og eventuelle avvik, fagområda sett under eitt

Vi har god måloppnåing på sektorområda våre. Vi meiner vi har god dialog med kommunane og at vi formidlar statleg politikk. Jamt over oppfyller vi måltala for tilsyn, opplæringstiltak og klagehandsaming.

Samla har vi god kvalitet på vedtaka vi gjer i klagesaker. På somme område har vi likevel for lang handsamingstid. Vi har ikkje i 2015 fått underkjent vedtak i domstolane, medan vi fekk mild kritikk frå Sivilombudsmannen i ei sak, utan at det gjaldt utfallet av saka. Klart og godt språk er høgt prioritert, med vekt på rettskriving, korte setningar, tydelege konklusjonar og forbod mot flosklar og klisjear. Vi håpar årsrapporten avspeglar dette. Likevel er det alltid noko vi burde ha gjort betre, men dette er også eit spørsmål om kor mykje arbeid vi skal leggje ned i kvar sak.

Vi arbeider målretta med å kunne løyse oppgåvene våre meir effektivt og med betre læringsutbytte. Til dømes legg vi stor vekt på digitalisering og bruk av IKT-verktøy, og vi prøver ut nye måtar å føre tilsyn på, som aukar læringsutbyttet i kommunane.

Sommaren 2015 gjennomførte vi ved hjelp frå Difi ei undersøking der vi bad rådmenn og ordførarar i alle kommunar om å svare på spørsmål om samhandlinga med oss. Undersøkinga byggjer på den landsfemnande kommuneundersøkinga for alle fylkesmenn, som vart gjennomført i 2010. Difi skriv i rapporten at hovudintrykket er at ordførarar og rådmenn har eit positivt inntrykk av oss. Vi får mellom anna positive tilbakemeldingar om kommunikasjon og tillit, at vi har god kunnskap om fylket, at vi er ein god talsmann for fylket overfor sentrale styremakter, at vi løyser oppgåvene som klageinstans godt, at tilsyn er nyttige, og at vi gjev god støtte i kommunereforma. Der respondentane meiner vi har forbettringspunkt, er sakshandsamingstid på somme område, fagkompetansen på to fagområde og samordning med andre statsetatar. *Samstundes vert det kommentert at samordningsproblemet er større mellom direktorat med ansvar på ulike sektorområde.* Samla er svara noko mindre positive i 2015 enn i 2010. Difi kommenterer at ei feilkjelde kan vere at fleire ordførarar svara på undersøkinga i 2010 enn i 2015, og at ordførarar gjennomgåande er meir positive enn rådmenn. Vi vil i 2016 bruke ulike møteplassar med kommunane til å få konkretisert tilbakemeldingane og ha ein dialog om korleis vi skal følgje opp områda der vi kan forbetre oss. Vi kunne også tenkt oss å få hjelp frå KMD til å bli betre til å samordne, ved å få ansvar for å samordne statlege motsegner mot kommunale arealplanar, på linje med dei tolv fylkesmennene som alt har fått dette ansvaret.

### Utoverretta verksemd mot publikum

For å nå meir ut med informasjon til publikum og kommunar, har vi sidan 2009 stått bak Fylkesmannsbloggen. Der tek vi opp allmenne problemstillingar som vi meiner er viktige å løfte fram, stort sett annankvar veke. I 2015 har vi mellom anna teke opp flyktningssituasjonen, busetjing og integrering, rettstryggleik, kommunereform, læringsmiljø for born og unge, verdiskaping i frukt- og bær, beredskap, kjernejournal, gjeld i kommunane, bioøkonomi, vaksinasjon, lærlingar, valdeltaking og mjølkeproduksjon.

Mange av bloggane vert refererte eller dannar utgangspunkt for intervju i media i fylket.

I 2015 hadde bloggen i gjennomsnitt kvar månad 5600 treff.

Vi har også skrive kronikkar i riksmidia om digitalisering, klimatilpassing, effektar av læringstilsyn og rekruttering til distriktsmedisin. Dessutan har vi lagt ut mange informasjonssaker på nettsidene våre innanfor alle fagfelt, både aktuelle klage- og tilsynssaker og generell informasjon.

### Sakshandsaming og innsynskrav

I 2015 registrerte vi 14 325 inngåande journalpostar, mot 14 288 i 2014 og 13 981 i 2013. Talet på utgåande journalpostar var 8 614, mot 9 031 i 2014 og 8 425 i 2013.

I 2015 fekk vi dessutan 2 021 innsynskrav, mot 2 843 i 2014 og 3 428 i 2013. Talet på innsynskrav har dermed gått noko ned att, etter den uvanleg store auken i vårt embete som kom i 2010 då offentleg elektronisk postjournal vart innført.

### Avvik

Ein auke i forventningane på visse område, saman med noko nedgang i ressurstilgangen, gjer at vi må prioritere mellom arbeidsoppgåvene våre. Vi har framleis for lang sakshandsamingstid for nokre viktige sakstyper (tale i



men om arbeidsoppgavene våre. Vi har planlagt for lang sakshandsamingstid for nokre viktige sakstypar (tala i parentes er for 2014):

- Fråsegner til plansaker: I alt 33 (77) av 439 (484) fråsegner vart sende etter høyringsfristen fastsett av kommunen (minst fire veker). Dei fleste kom éin til to dagar over fristen og alle etter særskilt avtale med kommunen.
- Klagesaker i plan og bygg (både reguleringsplan og byggesak): I alt 45 (66) av 112 (134) saker vart avslutta etter fristen på tre månader. Restansane har vore aukande på grunn av sjukdom og permisjonar, men vi ventar betring når dei tilsette kjem att.
- Hendingsbaserte tilsynssaker på helseområdet: I alt 23 (17) av 93 (85) saker vart avslutta over fristen frå Staten helsetilsyn på fem månader, på grunn av ein kraftig auke i talet på saker.
- Dispensasjon frå helsekrav til førarkort: I alt 119 (70) av 819 (857) saker vart avslutta etter fristen frå Helsedirektoratet på seks veker.

På andre viktige område har vi stort sett akseptable sakshandsamingstider, sjølv om det kan vere einskilde saker som av ulike grunnar tek tid.

I 2015 prioriterte vi ned:

- deltaking på sentrale samlingar og konferansar, på den måten at færre av dei tilsette reiser på kvart møte, og vi etterspør som regel strøyming på video
- på landbruk; «Inn på tunet» og skogbruk, på grunn av vakansar og mangel på skogfagkompetanse i kommunane
- rettleiing og opplæring av kommunane i plan- og byggjesaker, for å kunne arbeide ned restansane
- oppgåver på miljøområdet der det er delt ansvar med andre etatar, og der vi meiner vi har eit uklart oppdrag, til dømes der fylkeskommunen har ansvar for friluftsliv, tettstadsproblematikk, konseptvalutgreiingar for større vegsamband, og samfunnsdelen til kommuneplanen
- fråsegner til ulike inngrepssaker for naturmangfaldet (t.d. landbruksvegar, nydyrking, mindre kraftliner), for å auke innsatsen for utvalde naturtypar og andre prioriterte naturmangfaldoppgåver
- tilsyn på ureiningsområdet til ein viss grad, for å prioritere løyvehandsaming
- rettleiing, oppfølging og motivering på utdanningsområdet, i periodar med vakansar
- på beredskapsområdet; opplæring og øving i krisestøtteverktøyet CIM, medan vi utsette rettleiingsaktivitet og to tilsyn, på grunn av mykje arbeid med flyktningssituasjonen

På helseområdet har vi tidlegare meldt om 35 prosent fleire hendingsbaserte tilsynssaker dei siste fem-seks åra utan at vi har meir ressursar. I tråd med prioriteringsinstruks frå Helsetilsynet, har vi særleg prioritert sakene som gjeld rettane til einskildpersonar. Vidare har vi på grunn av vakanse på folkehelseområdet prioritert ned deltaking i tverrfaglege samarbeid og utoverretta aktivitetar.

På verjemålsområdet har vi på grunn av den store auken i einslege mindreårige asylsøklarar til fylket, forskyvd ressursar frå andre område og prioritert ned mellom anna tilsyn, opplæringssamlingar for verjer, fråtaking av rettsleg handleevne og oppfølging av kapitalforvaltning. I tillegg har saksauken for einslege mindreårige ført til vesentleg auke i saksrestansar og lengre handsamingstid for vanlege verjemålsaker.

## Kort vurdering av kvart sektorområde

### Kommunereforma

I starten av 2015 heldt vi fram med å informere til kommunestyra. Frå hausten 2014 har vi møtt i 20 kommunestyre for å informere om bakgrunn og rammer for kommunereforma. I tillegg har vi vore med på tre folkemøte. I tillegg har kommunereforma vore tema på fleire felles konferansar, samlingar og møte i regi av Fylkesmannen og KS. Vi har òg hatt eit samarbeid med fylkeskommunen og Distriktssenteret.

Vi oppmoda kommunane om å gjere eit retningsval for vidare utgreiing innan 1. mars. I alt 25 kommunar valde retning fordelt på fem felles utgreiingar, med tillegg for tre underalternativ. Til gjennomføring av utgreiingane fekk kommunane til saman 4 mill. kroner i forvingsmidlar (prosjektksjonsmidlar). Kommunane fekk på plass



prosjektorganisering, både for kvar kommune og felles prosjekt. Dei utarbeidde fakta- og utfordringsdokument som grunnlag for intensjonsavtalar og høyring av innbyggjarane. Ti kommunestyre vedtok intensjonsavtalar og gjennomførte innbyggjarundersøkingar. I samband med retningsval hadde elleve kommunar ei enklare kartlegging frå innbyggjarane.

Samla gjennom året har det vore stor aktivitet med reformarbeidet. Det har vore mange møteplassar mellom kommunane (prosjektmøte, folkemøte, felles formannskapsmøte og forhandlingsmøte). Ved utgangen av året var 25 kommunar med i ulike felles prosjekt. Ein kommune gjorde vedtak om å avslutte reformarbeidet.

Per 25.02.2016 har 15 kommunestyre vedteke intensjonsavtalar, sju er framleis i forhandlingar, og fire kommunar har avslutta utgreiingar eller forhandlingar med andre kommunar. Dei fleste kommunane i fylket har etter kvart arbeidd godt med reforma.

For å klare fristen 1. juli 2016 for vedtak om ny kommunestruktur, har kommunane ei utfordring med å avgrense og prioritere mellom fleire alternativ. Fleirtalet kjem til å gjennomføre folkerøysting om samanslåing, og vi er spente på utfallet.

Vi har nytta meir ressursar på kommunereforma enn tildelinga frå departementet. Grunnen er mellom anna at vi har prioritert å vere med på dei fleste møta der intensjonsavtalar er diskuterte.

### **Kommuneøkonomi**

Ved utgangen av 2015 var fem av 26 kommunar registrerte i Robek, to færre enn året før. Lærdal, Askvoll og Høyanger vart melde ut, medan Gaular vart meldt inn. Vik, Bremanger, Årdal og Selje var der frå før.

Fem av kommunane har, saman med fire kommunar frå Sør-Trøndelag, delteke i effektiviseringsnettverket til KS for Robek-kommunar. Fylkesmannen nytta skjønnsmidlar for å dekkje storparten av kostnadene for kommunane. Saman med Fylkesmannen i Sør-Trøndelag har vi sjølve delteke i nettverket og følgd opp kommunane. Nettverket har vore ein god læringsarena for kommunane, med vekt på økonomistyring. Nettverket skal avsluttast i mai 2016.

I statsbudsjettet for 2015 vart det samla for kommunesektoren lagt opp til ein nominell vekst i frie inntekter frå 2014 på 4,8 prosent, der deflator var 3 prosent. Gjennomsnittet for Sogn og Fjordane vart på 4,3 prosent. Realvekst i frie inntekter vart dermed på 1,3 prosent i fylket vårt, medan landsgjennomsnittet vart 1,8 prosent. Fire av våre kommunar kom ut med ein vekst som var lågare eller lik løns- og prisauken, medan 19 av kommunane kom ut med ein lågare vekst i frie inntekter enn snittet for landet.

Økonomiombudet har også i 2015 hatt mykje ekstra arbeid med kontroll og oppfølging etter katastrofebrannen i Lærdal, og flaumen i fylket i 2014.

I samarbeid med KMD har Fylkesmannen utvikla og testa ny database og søknadsportal for projektskjønn, ISORD, som no er teken i bruk over heile landet.

### **Kommunal planlegging og klagesaker på plan- og byggområdet**

På planområdet har Fylkesmannen saman med fylkeskommunen i 2015 starta opp læringsnettverk for kommunane. Vi har lagt ned mykje ressursar i dette, og vi har arrangert regionsvise nettverksamlingar tre gonger i 2015. Vi forventar at læringsnettverket skal auke kompetansen og føre til nærare samarbeid mellom kommunane, og på sikt føre til betre kvalitet på planar vi får til høyring.

Totalt har vi i 2015 gitt fråsegn til 439 kommunale plan- og dispensasjonssaker, mot 484 i 2014. Vi fremja motsegn til femten av planane, mot ti i 2014. Vi klaga på åtte dispensasjonar, mot fire i 2014. Motsegnene har vore grunngjevne i vesentlege konfliktar med nasjonale eller regionale interesser for strandvern, vassdrag, naturmangfald, jordvern eller manglande risiko- og sårbarheitsvurderingar. Vi har gode erfaringar med å kome til semje med kommunen, helst før formell mekling, men også i meklingar. I 2015 sende vi ei av våre motsegner til departementet for avgjerd. I tillegg mekla vi i fire andre saker, der ei enda med semje (motsegn frå Fylkesmannen), to med at partane var samde om å utsetje saka (motsegner frå Vegvesenet og Forsvarsbygg) og den siste (motsegn frå Vegvesenet) vart sendt departementet for avgjerd.

Første og andre tertial i 2015 hadde vi låg restanse og god kontroll på sakshandsamingsfristane for klager på plan- og byggesaker, noko som har ført til gjennomsnittleg sakshandsamingstid for 2015 på 82 dagar. Høg saksinnangang har ført til at både restanse og sakshandsamingstid auka fram mot nyttår. Vi ventar at dette etter kvart vil bli betre i 2016.

## Ureining

Vi fører tilsyn med ureiningsfare, kjemikaliebruk og avfallshandtering. Særleg viktig er det at farleg avfall vert handtert forsvarleg, og at næringsavfall vert levert til godkjend mottakar. Vi har følgd opp vår eigen tilsynsstrategi på området. I 2015 gjennomførte vi 40 tilsyn, to av desse var revisjonar. Som tidlegare år har vi også delteke i fellesaksjonane til Miljødirektoratet. Likevel har vi, som nemnt, prioritert ned tilsyn noko, til føremon for løyvehandsaming.

## Naturmangfald

Vi har hatt høg aktivitet også i 2015 for å utføre prioriterte naturmangfaldsoppgåver. Fjerning av gran i verneområde var eit stort satsingsområde, der Prestestøylen naturreservat vart fri for gran. Vi la også vekt på å få laga forvaltningsplanar. Ein forvaltningsplan vart godkjend, medan uavklarte spørsmål frå ein grunneigar gjorde at arbeidet vart utsett for ein annan forvaltningsplan. Talet på truga eller utvalde naturtypar som får tilskot, auka også i 2015. To frivillig-vern-naturreservat vart vedtekne, etter mange års diskusjonar.

Vi held fram med dei gode prosessane vi over mange år har utvikla for samarbeid med grunneigarar og andre brukarar av dei naturverna områda og verneplanprosessar. Samarbeidet med Luster kommune som har forvaltningsansvar for naturreservata i kommunen, er godt. I Sogn og Fjordane får vi stadig mange positive tilbakemeldingar om korleis forvaltninga fungerer for dei om lag 100 naturreservata og andre mindre verneområda som vi er ansvarlege for. Same type tilbakemeldingar får og gjev nasjonalparkstyra og verneområdeforvaltarane.

Kartlegging av naturtypar og innlegging i Naturbasen har vore ein viktig del av arbeidet med biologisk mangfald.

Rapporten frå klimaprojektet i Sætremyrane naturreservat var ein viktig milepåle i 2015, med framlegg til overvaking og moglege tiltak. I dette prosjektet, der vi har engasjert NTNU og Bioforsk, ser vi både på karbonbinding i myr og tiltak som er gunstige for naturmangfald.

Vi overtok sekretariatet for rovviltnemnda i region 1 (sørvestlandet) frå 1.1.2015. Det har vore klart færre rovviltskader i 2015 enn året før. SNO har dokumentert 14 jerveskader her i fylket, men vi fann det sannsynleggjort og betalte ut erstatning for eit tap på 8 vaksne og 88 lam, alle i Lærdal kommune.

Sogn og Fjordane er blant dei fylka som har klart flest søknader om utbygging av vasskraft. I 2015 har vi gitt høyringsfråsegn til 36 søknader om kraftverk, der dei fleste er organiserte i "pakkar" for ein eller fleire kommunar. I fråsegnene legg vi spesielt vekt på nasjonale og regionale interesser for naturmangfald og friluftsliv. Samstundes er vi opptekne av at prosjekt med små konflikhtar med allmenne interesser kan gjennomførast, for å gje positive bidrag til utbygging av fornybar energi. Det er positivt at NVE i stor grad følgjer opp dei faglege innspelane våre. Samarbeidsprosjektet med vassdragsregulantarane om prøviefiske i regulerte vassdrag, er vidareført for fire nye år.

Fiskerettshavarane i vassdrag med gytebestandsmål over 100 kg er no organiserte etter forskrifta om pliktig organisering, med unntak av i tre elvar der prosessen er godt i gang.

## Landbruk

På landbruksområdet har vi stort sett gjort det som var planlagt, og i samsvar med embetsoppdraget. Vi har eit godt samarbeid med fylkeskommunen og Innovasjon Noreg om næringsutvikling, både innan tradisjonelt landbruk og foredling. Dette arbeidet er forankra i felles plandokument og strategiar, og i 2015 vart det laga ein landbruksdel av den regionale planen for verdiskaping. Vi bidreg også med oppfølging av reiselivsplanen, med særleg ansvar for berekraftig reiseliv som vi knyter opp til vårt arbeid med lokal mat.

Det er framleis stor interesse for å investere i tradisjonelt landbruk, til domes nye driftsbygningar for mjølkeproduksjon, og det skjer også ei positiv utvikling innan frukt og bær. I 2015 var det 71 føretak som fekk støtte til nye driftsbygningar og til å modernisere frukt- og bærproduksjonen.

Saman med organisasjonane i landbruket vert det drive eit målretta utviklingsarbeid med utgangspunkt i ressursane i landbruket. Vi har eigne utviklingsprosjekt for lokal mat og for tenestetilbod som Inn på tunet, og innan meir tradisjonelt landbruk for mjølkeproduksjon, storfekjøtt, sau, og hagebruk. Den kvalitetsretta konsumproduksjonen av bringebær, morellar og plommer er gode døme på dette arbeidet. Dei siste ti åra har morellproduksjonen auka frå knapt 25 til 250 tonn, og 75 prosent av bringebæra i landet vert hausta her i fylket. Begge delar er resultat av eit godt samarbeid mellom produsentane, foredlingsindustrien, private og offentlege fagmiljø. Fylkesmannen har vore ei drivkraft i utviklinga frå byrjinga.



Det skjer ei stadig effektivisering i landbruket ved at det blir færre og større bruk, samstundes som produksjonsvolumet held seg relativt stabilt. Det siste er viktig av omsyn til foredlingsindustrien her i fylket, som utgjer ein vesentleg del av industrisysselettinga.

Vi har gjennomført dei kontrollane vi skal på området, hovudsakleg retta mot kommunane, men også enkelte landbruksføretak.

Statistikken for omdisponering av dyrka jord viser at det årleg vart bygd ned om lag 300 dekar i gjennomsnitt dei siste ti åra, og 190 dekar ved siste tilgjengelege tal i 2014. Det er ikkje illevarslande mykje. Samtidig er det noko av den beste jorda kring bygdebyane og kommunesentera som er mest utsett, og talet vil truleg auke komande år når vedtekne arealplanar vert ferdig regulerte. På grunn av topografien og større fare for skred og flaum ved klimaendringar, er det kamp om dei verdifulle og brukbare areala. God arealplanlegging er derfor viktig også i Sogn og Fjordane.

### **Oppvekst, barnehagar og opplæring**

Vi meiner vi i stor grad har lukkast med å oppfylle sentrale politiske føringar på området. Ein viktig faktor i arbeidet er det tette og forpliktande samarbeidet vi har med andre sentrale aktørar i fylket. Det er innarbeidd faste møtepunkt med kommunane, fylkeskommunen, KS, Nav, Høgskulen i Sogn og Fjordane og fagorganisasjonane. Vi arbeider ut felles årshjul for fleire av aktørane, noko som gjer det lettare å samordne og å unngå å «konkurrere» om mottakarane i sektoren. Gjennom møtestaden *Forum for barnehage- og skuleutvikling* får vi drøfta sentrale saker. Dette gjer oss i stand til å sameine kreftene for ein best mogleg barnehage og skule ut frå sentrale føringar og lokale føresetnader.

Alle kommunane i fylket kan tilby barnehage til alle barn som oppfyller retten til plass. Alle kommunar har fått midlar til lokale utviklingstiltak. Midlane er forvalta i tråd med kompetansesatsinga, og vi har følgd opp temaet i fleire møte med kommunane som barnehagemyndigheit. Vi har også arbeidd aktivt med rekrutterings- og kompetansehevingstiltak, i tett samarbeid med tilsette i sektoren, høgskulen, kommunane, fylkeskommunen og Utdanningsforbundet. Vi har gjennomført dei planlagde tilsyna og arbeidd aktivt med å rettleie kommunane i plikter og oppgåver som barnehagemyndigheit.

På utdanningsområdet har vi gjennomført planlagde tilsyn (felles nasjonale og eigeninitierte). Vi har lagt vekt på at lovbrøt blir retta. Arbeidet i *Forum for barnehage- og skuleutvikling* gir oss høve til å prioritere, planlegge og koordinere innsatsen i sektoren ut frå dei sentrale føringane. Spesielt viktig har det vore å skape forståing for og samanheng mellom dei ulike satsingane i sektoren, til dømes vurdering for læring, ungdomstrinnsatsinga, kompetanse for kvalitet, rettleiarkorps og læringsmiljøarbeidet.

I 2015 var læringsmiljø og mobbing hovudtema på samling for rektorar i grunnskule og vidaregåande opplæring, med innlegg om læringsmiljøprosjektet (i regi av Utdanningsdirektoratet) og diskusjon og refleksjon deretter. Ein kommune i vårt fylke fekk tilbod om vere med i læringsmiljøprosjektet. Vi har følgd prosjektet tett gjennom heile året, og erfaringane så langt er udelt positive. I tillegg var mobbing eit hovudtema på Sjumilsstegkonferansen vår, som samla 200 deltakarar frå tverrfaglege tenester i kommunane.

### **Asyl og flyktningområdet**

Frå hausten 2015 har den store auken i asylsøklarar og flyktningar snudd opp ned på mykje av arbeidet i embetet. Vi har lagt stor vekt på å koordinere oss med DSB, UDI, IMDi, Nav og Husbanken, og å informere, oppmuntre og rettleie kommunane, i tillegg til å informere innbyggjarane ved å setje dagsorden i media. Samstundes har vi gjennomført dei kartleggingane av bygningar eigna til asylmottak som har vore etterspurde. På dei alle fleste fagfelte våre har vi justert prioriteringane for å ta høgd for nye utfordringar som følgjer asylsøklarar og flyktningar som skal busetjast. Dette gjeld til dømes beredskap, barnevern- og sosial, helse, skule- og barnehage, planområdet, og ikkje minst verjemål. Vi har fått mykje å gjere med nye mottak for einsleg mindreårige asylsøklarar ("EMA"), med til saman 223 plassar per februar 2016, sjå meir under verjemål.

Somme kommunar viste misnøye med etablering av nye asylmottak, og kartlegginga av bygningar medførte mykje medieomtale og diskusjonar. Likevel har kommunane i det store og heile stilt opp og teke det samfunnsansvaret som ligg på alle delar av forvaltninga. Dei har på kort varsel stilt opp på fleire informasjonsmøte over telefon, og på ein konferanse vi skipa til rett før jul. Flora kommune er ein føregangskommune på flyktningfeltet i fylket vårt, og kommunen er også ein god ressurs og medspelar som stiller opp og deler kunnskap og erfaring med andre kommunar. Også staten har etter kvart vore godt koordinert, ved at dei viktigaste etatane UDI, IMDi, politiet, Husbanken, Bufetat, fylkeskommunen og Nav deltek og informerer på møta Fylkesmannen kallar inn til. Vi har også gjennomført møte saman med dei viktigaste statsetatane og ein einskild kommune, Sogndal, for å informere og diskutere utfordringar med tenesteleiarar på fleire felt. I tillegg har vi som ledd i det ordinære arbeidet rettleidd



kommunane om innhaldet i introduksjonslova, og ført tilsyn i tråd med oppdraget. Vi deltek i eit forpliktande samarbeid med KS, fylkeskommunen og Nav for å styrke integreringa gjennom tiltak for språkopplæring, arbeid og busetjing.

Vi meiner å ha lukkast godt med arbeidet, og må nemne at i den nyaste fylkesvise oversikta for 2015 over vedtak om busetjing av flyktingar vi har sett (per oktober), låg kommunane i Sogn og Fjordane på andreplass, målt ut frå folketal. Det skjedde eit stemningsskifte i kommunane våren 2015, og viljen til å busetja flyktingar har halde fram også under den store auken i asylsøklarar hausten 2015 og vidare inn i 2016. Mange kommunar har etter kvart gjort vedtak om å ta imot fleire flyktingar enn det IMDi har spurt om, og fleire kommunar tek ansvar for å busetje einslege mindreårige.

## Verjemål

Gjennom 2015 har vi arbeidd målretta med å forbetre malar, prosedyrar og sakshandsamingsrutinar for å sikre kvalitet og likskap i saksbehandlinga. Vi har etablert ei god beredskapsordning for hasteoppnemningar og vurderer at vi har god kontroll på desse sakene. Ryddeoppgåvene vi starta med i ARVE i 2014 blei avslutta ved årsslutt, slik at vi var godt budde på å ta i bruk ny verjemålsapplikasjon i januar 2016.

Hausten 2015 var prega av store omstillingar og stramme økonomiske prioriteringar for å møte den store auken i einslege mindreårige asylsøklarar (EMA) og flyktingar til fylket. Ved inngangen til 2015 var det ingen EMA-mottak i Sogn og Fjordane. Ved årsslutt var det etablert 143 plassar. Rett over nyttår opna 80 nye plassar, og endå 40 nye plassar i mars 2016. I tillegg bur fleire mindreårige på vaksenmottak, og fleire einslege mindreårige flyktingar er busette i fylket. Dette har ført til store omstillingar i saksbehandlingsressursar og prioriteringar på avdelinga, mellom anna for å syte for opplæring av representantar og verjer etter kvart som nye mottak opna på ulike plassar i fylket. Hausten 2015 såg vi oss derfor nøydde til å tilsetje to sakshandsamarar i tre månader for å meistre desse oppgåvene. Rundt årsskiftet tilsette vi ytterlegare tre personar, med håp om å få dekt stillingane frå løyvinga frå SRF. Vi meiner det er avgjerande å rekruttere fleire medarbeidarar for å kunne gje dei tenestene dei einsleg mindreårige asylsøklarane har rett på. Vi vurderer å ha meistra utfordringane på ein god måte ut frå dei ressursane vi har til rådvelde, men er uroa for om vi klarar å meistre det auka trykket på sikt, sjå under IV.

Samla brukar vi meir ressursar på verjemål enn vi har fått tildelt. Prioriteringa er medviten fordi det er einaste området der vi har eit førstelinjeansvar for ei svak gruppe. Likevel er det uheldig at oppgåva ikkje er finansiert betre. Auken i EMA-saker gjer mellom anna at vi i 2015 ikkje kunne tilby opplæringssamlingar for verjer, at sakshandsamingstida i alle saker blei lengre og at vi måtte prioritere bort tidkrevjande saker som saker om fråtaking av rettsleg handleevne, tilsynssaker og oppfølging av økonomisk forvaltning.

## Velferd, helse og personleg tenesteyting

Dei siste åra har vi samla arbeidet for å betre kommunane sitt arbeid med oppvekstvilkår og tverrfagleg samarbeid til beste for barn og unge i prosjektet Sjumilssteget. Sjumilstegsarbeidet er no ein del av den daglege drifta i embetet.

Som vidareføring av dette arbeidet, har vi etablert eit læringsnettverk for kommunane med temaet utsette barn og unge. Føremålet er at kommunane skal jobbe med forbetningsarbeid innanfor målgruppa. Raskt aukande asyl- og flyktingtal gjorde at vi la meir vekt på arbeidet i 2015. Det vart difor gjennomført to informasjons- og erfaringsoverføringssamlingar for alle kommunane i mai og desember.

Dei siste åra har vi brukt det vi kallar *læringstilsyn* med kommunar på helse-, sosial- og barnevernsområdet. Læringstilsyn går ut på at medan vi utfører systemrevisjon med utvalt tilsynskommune, utfører nabokommunane eigenvurdering av eigne tenester etter rettleiing. Til slutt går vi gjennom erfaringane saman med alle kommunane og peikar på kva som må forbeistrast. På denne måten femner vi om fleire kommunar. Fleire evalueringar av læringstilsyn har stadfesta at kommunane er nøgde og at effekten av eigenvurderinga på tenestekvalitet er på nivå med det vi ser ved vanleg tilsyn. Kommunane seier at dei lærer meir når dei vert utfordra til å sjå seg sjølve utanfrå. For oss er utfordringa at vi brukar klart meir ressursar på eit læringstilsyn med fire-fem kommunar enn eit vanleg tilsyn med éin kommune, og at vi ikkje nødvendigvis får godskrive ekstrainnsatsen for måltala våre. I 2015 har vi gjort slikt eigenvurderingstilsyn både på helse-, sosial- og barnevernsområdet.

Vi har gjennomført planlagt tilsyn med barnevernstenester (kommunens oppfølging av meldingar), sosiale tenester (tenester til ungdom), og helse (samhandling om utskrivning av pasientar frå spesialisthelsetenesta, helsehjelp gitt med bruk av tvang i sjukeheim, rehabilitering i sjukeheim, kommunalt beredskapsarbeid, akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus).

Graden av avvik varierer frå område til område. Vi finn at kommunen berre i avgrensa grad har fungerande internkontrollsystem og styring av det faglege arbeidet som skjer i ulike tenesteeiningar.



På barnevernsområdet har vi handsama 31 hendingsbaserte tilsynssaker, noko som er tilsvarande året før. I 15 av sakene peika vi på brot på eitt eller fleire lovkrav. I tillegg gav vi rettleiing i nokre saker, medan vi ikkje hadde merknader i halvdelen av sakene. I nokre av sakene har vi konkludert med at lovbrota samla sett representerer eit alvorleg brot på forsvarlegkravet.

Ved tilsyn med barn og ungdom i institusjon ser vi at det framleis er utfordringar med bruk av mobiltelefon og PC ved den av institusjonane våre som har plasseringar etter barnevernslova §§ 424 og 426. Vi prioriterer å gjennomføre slike tilsyn på ettermiddag og kveld, for å kunne nå flest mogleg.

Vi har handsama færre klagesaker enn året før på bruk av tvang, jf. *forskrift om rettigheter og bruk av tvang under opphold i barneverninstitusjon*.

På helse- og omsorgsområdet hadde vi 130 hendingsbaserte tilsynssaker, av desse 98 nye. Dei siste fem åra har talet nye saker auka nær 35 prosent. Grunnen til den store auken er truleg at innbyggjarane har høgare forventningar til helsetenester, at vi har fleire saker frå pasient- og brukarombodet enn gjennomsnittet i landet, og at vi tar opp fleire saker sjølve. Om lag 40 til 50 prosent av sakene har samanheng med dårleg kommunikasjon mellom helsepersonell og pasient eller pårørande.

Frå Helsetilsynet får vi gode tilbakemeldingar på systemrevisjonane våre. Vi meiner å ha ein god kombinasjon av lokalkunnskap, kommunekunnskap og kunnskap om tilsynsmetode. I tillegg har vi gode relasjonar til kommunane, spesialisthelsetenesta, Nav og Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester i fylket. Samla gjer dette at vi har eit godt grunnlag for å føre tilsyn med og drive kvalitetsarbeid i helsetenesta i kommunane.

Samhandlingsreforma femner om førebyggjande og kurativ helse, omsorg, sosiale tenester og utdanning. Kommunane viser at dei stort sett er i stand til å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Alle kommunar er i gang med å planleggje akutt plassar i eigen kommune eller i samarbeid med nabokommunar i kommunalt akutt døgnopphald. Ved inngangen til 2016 tilbyr alle kommunane dette. Fylkesmannen har av faglege grunnar tilrådd at etableringa skjer i samarbeid med andre kommunar og nær legevakt der det ligg til rette for det.

Overfor kommunane legg vi stor vekt på at velferdsteknologi kan vere eit godt verkemiddel for å møte framtida sine utfordringar i omsorgssektoren. Vi har difor prioritert velferdsteknologi når vi fordeler fornyingsmidlar til kommunane, i tillegg til at vi er pådrivarar og deltakarar i konferansar og i den fylkesdekkjande prosjektgruppa.

Distriktsfylket har stadig problem med rekruttering og stabilisering av helsepersonell. Dette gjeld både legar og helsefagarbeidarar. Fylkesmannen har spesielle tilbod til legar som ledd i rekrutterings- og stabiliseringsstrategi.

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Siste del av 2015 vart prega av arbeid med asyl- og flyktningkrisa. Oppgåvene som den auka asyltilstrøyminga i fjor haust gav oss, både i type, omfang og tempo, utfordra krisehenderingsapparatet vårt, og evna til rask omstilling og omprioritering. Fylkesmennene vart ikkje tilført ekstra ressursar til dette arbeidet, og vi har difor måtta prioritere ned andre oppgåver.

Vi fekk ikkje akutt mottak i fylket, men vi hadde fleire rundar med kartleggingar for å sjå kvar det kunne vere mogleg å etablere slike, eller etablere andre typar innkvarteringsstader. Kommunane har eit stort informasjonsbehov, og vi har med jamne mellomrom halde telefonmøte eller andre konferansar og møte med dei. På møta har vi hatt med andre regionale etatar med ansvar og oppgåver på feltet, som t.d. UDI, IMDi, Bufetat, Nav og politiet. Vi rapporterte og deltok i dei faste koordineringsmøta og andre møte med dei nasjonale fagetatane.

Utover våren og forsommaren gjorde uvanleg kaldt vêr at den store snømengda i fjellet vart liggjande, og til dels auka på grunn av ny nedbør. NVE var difor svært uroa for at det kunne kome snøsmelteflaumar. Vi hadde mykje arbeid med å formidle informasjon og koordinere beredskapsførebuingar for dette. Mellom anna kalla vi inn til møte i fylkesberedskapsrådet om situasjonen. Heldigvis kom det ikkje noko varmebølgje som det plar, og då kom det heller ikkje nokon flaum.

Vi var involvert ved begge dei to tunnelbrannane, i Skatestraumstunnelen i juli og Gudvangatunnelen i august. Ingen av brannane førte til personskade, men vi fekk igjen tydeleg demonstrert kor komplisert redningsinnsats i tunnel er, og kor stort katastrofepotensialet er. Vi tok initiativ til og leidde tverrfaglege evalueringsmøte etter begge brannane, og skreiv referat i etterkant. Særleg ved brannen i Gudvangatunnelen var det tydeleg at beredskapsetatane hadde teke god lærdom frå førre brann i 2013, som vi i etterkant tok ansvar for å evaluere.

I 2015 fekk vi nokså mange oppmodingar om å vidareformidle varsel frå fagetatar og instansar. Skred- og flaumvarslingsstenestene i NVE er største onndragsgivaren, men vi har òg vidareformidla ekstremvêrvarsel frå

Meteorologisk institutt. Vi fekk og fleire gonger informasjon om større og mindre utfall i ekornettet, som vi formidla vidare til kommunane og relevante fagetatar. Vi håpar at NVE snart får etablert ordninga der kommunar og andre kan abonnere på varslingar på dei lågaste farenivåa (til og med gult). Omfanget av varslingar som går via vårt system er etter kvart vorte så stort, at vi er redde for ein «ulv, ulv-effekt».

Vi er glade for styrkinga av beredskapsarbeidet med midlar til om lag trekvart stilling som kom i statsbudsjettet for 2016, og håpar at løyvinga vert auka til å dekkje ei full stilling frå 2017.

Vi er også glade for den nye beredskapsinstruksen for fylkesmennene frå Justis- og beredskapsdepartementet, som vi meiner støttar vår måte å arbeide på med tidleg informasjonsutveksling i fylkesberedskapsrådet under større hendingar. I tillegg har vi fått god støtte frå DSB i at det er viktig å bruke krefter på krisene i ettertid, for å evaluere og lære.

## Klimafylket Sogn og Fjordane

I fjor vart det tredje våtaste og det tredje varmaste året i Noreg sidan 1900. I vår region merkar vi alt fleire dagar med regn, at regnet vert meir intenst, oftare og kraftigare flaumar, fleire jordskred og færre dagar med snø i låglandet.

Fylkesmannen arbeider med eit prosjekt vi har kalla [Klimaløftet](#). Måla er ambisiøse. Vi vil bidra til betre rettleiarar og planleggingsverktøy for kommunane. Vi vil styrke samarbeidet med ulike kompetansmiljø i fylket. Vi vil arbeide for at Sogn og Fjordane markerer seg som *klimafylket* nasjonalt, og delta i internasjonalt klimasamarbeid. Vi er på god veg.

Saman med Vestlandsforskning, som er prosjektleiari, deltek vi i eit arbeid om å utvikle eit nettbasert verktøy for korleis omsynet til klimasårbarheit kan handterast i arealplanprosessane i kommunane. Prosjektet [Klimaverktøy for kommuneplanleggjarar](#) er finansiert av Norges forskningsråd sitt KLIMAFORSK-program.

Tidlegare har vi saman med fylkeskommunen, Flora kommune og Vestlandsforskning delteke i [det internasjonale klimatilpassingsprosjektet Clim-ATIC](#), der vi mellom anna testa ut ny teknologi for å gje informasjon til folk i eit kriseråka område.

Fylkesmannen, fylkeskommunen, Vestlandsforskning, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Statens vegvesen, NVE, Norsk Bremuseum og Red Cross Nordic United World College har gått saman om å arrangere ein [nasjonal konferanse om klimaomstilling](#) i mai 2016. Sentrale tema er korleis vi skal planleggje for eit endra klima, kva inneber det grøne skiftet i praksis, og korleis skal Noreg bidra til å følgje opp Paris-avtalen.

## Nasjonale oppgåver innanfor IKT

Som nemnt under II har vi nasjonale oppgåver innanfor IKT. IKT-seksjonen arbeider med utvikling og drift av intranett, eksterne nettsider og FM-nett for fylkesmennene og KMD, og med utvikling og drift av fullintegrerte sakshandsamingsløysingar som til dømes fritt rettsråd og partistøtte.

Bakgrunnen for at vi har desse oppgåvene er ein tanke om at det er enklare og meir effektivt å utvikle digitale løysingar når utviklarkompetansen og fagkunnskapen sit under same tak. Då kjem ideane til nye digitaliseringsprosjekt gjerne i ein samtale i lunsjen, og det er kort veg frå idestadiet til utprøving og gjennomføring. I utviklingsfasen arbeider fagfolket og utviklarane så tett saman at vi sikrar oss at løysingane blir praktisk innretta for å løyse konkrete behov. Samstundes har vi ein klar filosofi på at vi i mest mogleg grad skal gjenbruka digitale løysingar som alt finst på marknaden, på nye område. Når arbeidsmengd og trong for kompetanse tilseier det, brukar vi private firma som underleverandørar i samsvar med rammeavtalar etter anbod.

På den måten leverer vi gode digitale tenester til ein langt rimelegare pris og med mykje lågare risiko for havari, enn mange andre offentlege digitaliseringsprosjekt. Vi er difor samde med signala frå KMD om at tida for dei gigantiske offentlege IT-prosjekta bør vera over, fordi dei inneber høg risiko.

Gjennom heile 2015 har vi arbeidd saman med KMD for å finne, synleggjere og lage nye digitale tenester for fylkesmennene gjennom prosjektet Digital tenesteutvikling (DTU). Fleire andre fylkesmenn og ei rekkje direktorat og departement som gjev oppdrag til fylkesmennene, har kome med innspel. Arbeidet held fram i 2016. Omlegginga av styringsdialogen til fylkesmennene frå embetsoppdrag til bruk av verksemds- og økonomiinstruks (VØI) og tildelingsbrev har medført at vi har laga ei ny digital løysing der publikum, oppdragsgjevarar og embeta sjølve kan finne fram. Løysinga er utvikla på oppdrag frå KMD. Vi vil i 2016 halde fram med utvikling av elektronisk løysing for ny årsrapport for embeta.

I haust lanserte vi ei ny løysing for elektronisk søknad om separasjon, på oppdrag frå BLD. Vi utvikla løysinga i



tett samarbeid med eigne sakshandsamarar på fagfeltet, og med sakshandsamarane i FMOA.

Arbeidet med Partistøtteportalen som vi har utvikla, har fått mange gode tilbakemeldingar. Portalen vert no brukt av alle parti og heile partiorganisasjonar frå lokallag til sentral organisasjon. Vi vart i samband med dette inviterte til IDEA International for å delta i erfaringsutveksling om partifinansiering rundt om i verda.

Mellom anna etter innspel frå Advokatforeningen har vi oppgradert løysinga for søknader om fritt rettsråd, som advokatar brukar. Advokatforeningen gjev no uttrykk for å vere godt nøgd med løysinga, men vi arbeider vidare med nye framlegg til forbetringar og framlegg til utviding av brukargrupper. Vi har mellom anna spelt inn til Domstoladministrasjonen at vi bør samordne løysinga med deira løysingar for same brukargruppe (advokatar) og same lov.

Fleire embete har no teke i bruk vår digitale løysing for utbetaling av tilskot fylkesmennene forvaltar. Vi laga løysinga først og for å dekkje eigne behov, etter at DFØ endra rutineane for handsaming av tilskotsordningar. Fagfolka på økonomiområdet tok direkte kontakt med IKT-utviklarane våre, og saman laga dei ei ny digital løysing som vi meiner vart så god at vi i 2015 gjorde løysinga tilgjengeleg for alle embeta.

## **Internasjonale prosjekt**

I 2015 og 2016 deltek vi i to utviklingsprosjekt i Romania.

Vi er partner i demokratiprojektet «Active Citizenship», etter initiativ frå den rumenske demokratiorganisasjonen Expert Forum. Prosjektet går ut på undervise om og diskutere verkemiddel for å kunne ha eit levande demokrati. Målgruppene er lærarar, elevar i vidaregåande skule, journalistar, offentleg tilsette og andre demokratiorganisasjonar. Andre partnerar er mellom anna British Council og US Embassy i Bucuresti, og prosjektet er finansiert av EØS-midlar og Konrad Adenauer Stiftung. På eitt av dei opne møta var Fylkesmannen innleiar saman med minister for offentleg samråd og dialog Violeta Alexandru og statssekretær Radu Puchiu.

KS er partner og vi deltek på vegner av DSB i klimatilpassingsprosjektet «Green Way to Sustainable Development». Vi bidreg med erfaringar og kompetanse på analyse av klimasårbarheit og utvikling av klimatilpassingsstrategiar. Hovudaktiviteten i prosjektet er opplæring og rettleiing i tre rumenske pilotkommunar i Transylvania. Prosjektet er finansiert av EØS-midlar.

Dei to prosjekta gjev oss verdifulle perspektiv som kjem eige arbeid til nytte, til dømes kor velfungerande og lite byråkratisk den norske forvaltninga er, på grunn av den grunnleggjande tilliten folk flest har til kvarandre og til forvaltninga og politikarar. Vi vart også minte på at denne tilliten ikkje er noko som kjem av seg sjølv, og som vi må arbeide for å halde oppe. Prosjekta frigjer også lønsmidlar som går med

## **Utgreiing av , analyse og vurdering av ressursbruk for embetet totalt sett og på resultatområde**

Vi har nokre endringar i ressursbruken samanlikna med 2014. Vi har redusert ressursbruken noko på områda under HOD. Årsaka til reduksjonen er at vi har hatt vakanse på nokre stillingar. Å halde vakansar opne når tilsette sluttar, er eit medvite tiltak for å spare, som vil slå ulikt ut på ulike fagområde frå år til år.

På fagområda under JD har vi auka ressursbruken. Årsaka er styrking av verjemålsfeltet, særleg på grunn av opprettinga av 143 nye plassar på asylmottak for einslege mindreårige. Vi meiner verjemålsområdet er underfinansert hjå oss, på linje med dei fleste andre fylkesmannsembeta.

Innanfor områda under KMD er ressursbruken redusert. Grunngevinga er nettoføringsordninga for meirverdiavgift, effektiviseringsgevinsten som vart innført i 2015 og i tillegg har vi hatt vakanse i stillingar. På kommunereformområdet har vi nytta meir midlar enn tildelinga.

På områda under KD vart prosjektet om regional GNIST avslutta i 2014, og dette fører til reduserte kostnader i 2015.

For områda under KLD er midlar flytta frå .21 til .01. Dette fører til endring i ressursbruken mellom dei to kapitla. Ressursbruken på ureiningsområdet har endra seg sidan vi i 2014 hadde vakanse på 0525.01, medan vi hadde liknande vakanse på fagdepartementet i 2015.

Vi viser elles til vedlegget der kvart departementsområde er kommentert særskilt.

## **Tidstjuvar**

Også i 2015 har alle avdelingane hos oss kartlagt ulike tidstjuvar, og vi har meldt inn brukarretta tidstjuvar i

- Elektronisk innsending av vedlegg
- Elektronisk innsending av rekneskap på verjemål
- Gjere den digitale løysinga for søknader om fritt rettsråd obligatorisk for advokatar

### **Kva tidstjuvar har embetet sjølv prioritert å fjerne**

Vi legg heile tida vekt på å forbetre arbeidsprosessane våre, og vi har halde fram det interne arbeidet vi starta i 2014 om tidstjuvar. I 2015 har vi gjort endringar i sakshandsamingsrutinar der vi har funne flaskehalsar som har gjort at vedtaka våre no er kortare og språket er forenkla. Vi har, gjennom eit intern prosjekt, fornya, forenkla og forbetra høyringsfråsegner innanfor planområdet. Dette har effektivisert arbeidet med fråsegner til kommunale planframlegg og dispensasjonssaker. Gjennom prosjektet har vi publisert informasjon på heimesidene våre som er mykje nytta av kommunane. Vi har også, med utspring i juridisk avdeling, arbeidd med å effektivisere sakshandsaminga for å korte ned tidsbruken på klagesaker innanfor ei rekkje saksområde. Samtidig har vi halde fram med å redusere tida brukt i møte. Vi har også arbeidd med å leggje til rette for strøyming av konferansar og bruk av videomøte framfor å reise, samtidig som vi arbeider med korleis vi kan gjere tilsyn meir effektive, erfaringsutveksling og betre bruk av og kunnskap om IKT-verktøy.

### **Tiltak for å fjerne utvalde tidstjuvar**

Vi held fram med prosjektet vi starta i 2015 om effektiv sakshandsaming. I 2015 valde vi å legge vekt på saksfordeling, saksflyt, malar, nye tekniske løysingar, styring av arbeidsdagen og identifisering av «usynlege» restansar. I 2016 skal vi legge vekt på sakshandsaming og god samhandling med andre avdelingar.

Vi har også starta eit nytt prosjekt der vi skal sjå heilskapleg på korleis vi kan arbeide smartare og meir effektivt. Måla med prosjektet er å ta i bruk nye arbeidsverktøy, samordne tre konferansar som tidlegare har vore enkeltarrangement, redusere reising og få meir frigjort tid som følgje av at vi har erstatta fysiske møte med videokonferansar. Vi skal sjølve leggje til rette for strøyming av minst tre av våre eigne konferansar, og vi skal bruke e-læring meir systematisk. Samstundes skal vi arbeide med personleg effektivitet og meir systematisk opplæring i bruk av IKT-verktøy. Desse skal brukast for alt dei er verdt.

### **Resultat av arbeidet**

Fleire av tiltaka vi sette i verk i 2015 har ført til lettare tilgjengeleg informasjon for kommunane, noko som er etterlyst og som er viktig i arbeidet vårt med rettleiing. Det er ikkje alltid lett å måle effektar av einstilte tiltak, fordi dei i seg sjølv er små. Vår vurdering er likevel at vi gjennom forbetningsarbeidet vårt heile tida frigjer tid til kjerneoppgåvene våre, og vi har innsparingar på reisebudsjettet.

I 2011 kartla vi saman med Vestlandsforskning gjennom prosjektet «Kunnskap kryssar grenser» at vi ved å erstatte fysiske møte 172 videomøte, sparte inn:

- Redusert bil- og flytransport: Kring 16.000 kg CO<sub>2</sub>. Redusert reisetid: Om lag 1118 reisetimar, tilsvarar om lag 335 400 kr i lønskostnader.
- Redusert reisekostnad: Om lag 264.000 kroner.
- Redusert utgift kost og losji: Om lag 74.500 kroner.

Vi har ikkje seinare systematisk kartlagt bruken av videomøte, men går ut frå at tilsvarande resultat gjeld for åra etter.

I samhandlinga vår med kommunane er vi medvitne på å bruke allereie eksisterande møteplassar når det kjem oppdrag innanfor nye område. Vi er også partner i eit FoU-prosjekt «Smartare rapportering». Prosjektet har fått 2,1 mill. kroner frå Regionalt forskingsfond, og målet er å få meir effektive system for rapportering mellom stat og kommune. Slike prosjekt er viktige for oss for å sikre at kommunane får brukt tida på det som er kjerneverksemda deira.

Vi må likevel peike på at også sentralstaten må passe seg for å innføre nye tidstjuvar. For oss har nettoføringsordninga for meirverdiavgift, som vart innført i 2015, vorte ein tidstjuv. Å spesifisere meirverdiavgift er ikkje i seg sjølv ein tidstjuv, men regelverket for nettoføringa er så komplisert at vi brukar mykje tid på føring og oppfølging for å sikre at det vert rett. For dei tilsette som attesterer rekningar, er det

~~reguleringa å sjå i seg sjølv ein tidstjuv, men regelverket for nettoføringa er så komplisert at vi brukar mykje tid på føring og oppfølging for å sikre at det vert rett. For dei tilsette som attesterer rekningar, er det~~



vanskeleg å sjå logikken i at vi får frådrag for menneravgift på nokre typar rekingar der vi betalar 25 prosent mva., medan andre rekingar som har same sats, ikkje gir frådrag. Forenkling av ordninga hadde vore ei stor føremon.

## Digitalisering

Sidan vi har ansvar for Trippelnett og annan digital utvikling på vegner av alle embeta, har vi eit tett samarbeid med KMD om digitalisering. I 2015 har vi arbeidd systematisk saman med ulike embete, departement og direktorat for å finne aktuelle arbeidsområde som kan digitaliserast, gjennom prosjektet Digital tenesteutvikling (DTU). Vi har utvikla fleire skjema og sakshandsamingsløysingar som gjer samhandlinga mellom fylkesmennene og innbyggjarane enklare. Vi viser elles til rapporteringa vår over i kap III under "Nasjonale oppgåver innanfor IKT" og under resultatområde 60.4.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
Arbeids- og sosialdepartementet	kr 1 108 408,77	kr 1 313 780,44
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 2 438 164,31	kr 750 747,27
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 6 955 933,73	kr 2 826 467,61
Justis- og beredskapsdepartementet	kr 2 477 656,02	kr 5 071 582,16
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	kr 37 722 500,42	kr 756 736,05
Kunnskapsdepartementet	kr 5 277 544,90	kr 1 681 917,47
Landbruks- og matdepartementet	kr 10 424 388,63	kr 10 401,92
Klima- og miljødepartementet	kr 10 337 503,44	kr 2 112 432,84
Andre	kr 730 675,38	kr 756 047,97
Sum:	kr 77 472 775,00	kr 15 280 113,00

## IV - Styring og kontroll i embetet

### Utgreiing av vesentlege tilhøve ved planlegginga i embetet, gjennomføring og oppfølging risikostyring i embetet og internkontroll

Det viktigaste interne styringsverktøyet i embetet er verksemdplanen. I tillegg til ein plan for felles mål og satsingsområde, har kvar avdeling eigen verksemdplan. I verksemdplanen omset vi føringar og embetsoppdrag i handlingar, saman med føringar frå vår eigen strategiplan. Vi arbeider i hovudsak med verksemdplanen frå desember til februar, men han er eit levande verktøy som må endrast dersom det kjem nye signal utover året.

Likevel set vi stor pris på at tildelingsbrevet og verksemds- og økonomiinstruksen no samlar oppdraga våre og at det viktigaste kjem i førebelse brev i slutten av november. Vi er også glade for arbeidet med å forenkle og forkorte embetsoppdraga.

Særskilte satsingar i embetet vert lagde inn i prosjekt. Vi har som regel to embetsprosjekt kvart år, der i prinsippet alle avdelingar tek del. I 2015 har embetsprosjekta vore *kommunereform* og *klimaløftet*. Gjennom prosjektet om kommunereform skal vi systematisk samle kunnskap om kommunane som skal vere grunnlag for dialog om reforma og dernest grunnlag for tilrådinga vi skal kome med innan 1. oktober. I klimaløftet, som er eit to-årig prosjekt, skal vi arbeide med klimatilpassing og utsleppsreduksjonar av klimagassar, både hjå Fylkesmannen, i kommunane og i det fylkesdekkande samarbeidet.

Tilsvarande gjennomfører vi spesielle satsingar gjennom prosjekt i avdelingar, og mellom fleire avdelingar. Verksemdplanen vert jamleg følgt opp i avdelingane utover året. Vi rapporterer status for prosjekta våre kvart kvartal i leiarmøte.

I lang tid har vi hatt ei serviceerklæring der vi har definert forventta sakshandsamingstider for dei viktigaste utoverretta tenestene våre mot publikum. Serviceerklæringa vart sist justert i 2014. Vi følgjer opp sakshandsamingstidene i rapportar i leiarmøte kvart kvartal.

Styringssystemet vårt er lett tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet. Her har vi ei rekkje skriftlege rutinar, til dømes for delegering, samordning, varsling, innsynskrav, helse, miljø og tryggleiksarbeid og mykje anna. Vi sikrar oss mot mishald til dømes ved at alle utbetalingar vert attesterte og godkjende av to personar etter førebuing frå økonomieininga. Reiserekningar vert godkjende av leiarane etter førebuing frå økonomieininga. For forvaltningsvedtak og tilskot skal det alltid vere to personar som står bak, sakshandsamar og ansvarleg leiar eller mellomleiar.

Ut frå føringar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Riksrevisjonen har vi valt å risikovurdere strategiplanen, verksemdskritiske område og alle embets- og avdelingsprosjekt. Risikofaktorar med høg risiko vert følgde opp kvart kvartal. Vi ser at risikovurderingar kan vere eit nyttig verktøy for å avdekkje kritiske faktorar i konkrete arbeidsoppgåver. Likevel krev verktøyet i seg sjølv ressursar. Vi er opptekne av å ha rett balanse mellom tidsbruk og nytteverdi. Samstundes opplever vi at Riksrevisjonen etterspør dokumentasjon av risikovurderingar på stadig fleire område, med tilvising til reglementet om økonomistyring i staten. Oppdraget vårt på området er generelt formulert i tildelingsbrevet. Vi meiner det vil vere føremålstenleg om oppdraget vert meir konkret.

Vi vil leggje til at vi sjølv sagt alltid har eit blikk både på korleis vi løyser oppgåvene våre og kva som fungerer bra og mindre bra i organisasjonen, utan at vi brukar den meir omfattande systematikken for risikovurderingar.

### Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet

Bemanninga vår har vore relativt stabil også i 2015, med unntak av fleire seniorar med lang fartstid som har pensjonert seg. Gjennomtrekken av tilsette som fekk nye stillingar, var på 4,58 prosent. Vi får gode og mange søkjarar der vi har lyst ut stillingar. Vi har hovudkontor i ein liten kommune med 2 300 innbyggjarar, men vi rekrutterer frå eit felles bu- og arbeidsområde i Indre og Midtre Sogn med sju kommunar med til saman 25 000 innbyggjarar. I tillegg rekrutterer vi mange unge personar som har studert og kanskje hatt første jobb i Bergen, Oslo eller Stavanger, og som ønskjer å bu ein stad der tilgangen til naturaktivitetar er enklare. Mange av dei nyttilsette bur i Sogndal, 20 minuttar reisetid frå Leikanger. I tillegg har vi kontorplass i Førde for tilsette i landbruksavdelinga og somme andre stillingar, der det felles bu- og arbeidsområdet utgjer 35 000 innbyggjarar.

Kapasiteten i embetet er tilstrekkeleg til å prioritere dei viktigaste oppgåvene. Vi skulle særskilt ønskt oss meir kapasitet på verjemålsområdet. Hausten 2015 tilsette vi fleire på verjemålsområdet på grunn av oppretting av 143 nye mottaksplassar for einsleg mindreårige asylsøklarar i fylket. Vi har mange stabile medarbeidarar med mykje saksbehandlingskompetanse og anna arbeidserfaring.

---

## Prosjekt og igangsette tiltak knytte til systema i embetet

Ein gong i året går vi gjennom styringssystemet og interne rutinar, og oppdaterer der det trengst. Vi ser ikkje trong for meir omfattande prosjekt eller tiltak for å gå gjennom systema i embetet.

Vi gjennomførte ei [undersøking](#) om korleis ordførarar og rådmenn oppfattar fylkesmannen, etter mønster frå den landsfemnande undersøkinga i 2010. Hovudintrykket er at ordførarane og rådmennene i Sogn og Fjordane har eit positivt bilete av Fylkesmannen, men at vi kan bli betre på nokre område.

### Forvaltning av eigen eigedelar (materielle verdiar)

Vi har ymse inventar og IKT-utstyr, men elles har vi ikkje materielle verdiar av vesentleg verdi.

### Oppfølging av eventuelle avdekte svake punkt/utfordringar, under dette merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonstryggleik

Vi har ikkje kjennskap til andre avdekte svake punkt eller utfordringar. Vi har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen.

### Rapportering av vesentlege forhold knytte til personale, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og liknande

Vi har statistikken for sjukefråvær oppe på leiarmøte kvart kvartal, og helse, miljø og tryggleik ein til to gonger i året.

I embetet kjem det sjeldan opp problemstillingar om likestilling og diskriminering, men vi er medvitne om at det etter kvart er ei klar overvekt av kvinner tilsette i embetet.

Vi er sertifiserte som miljøfyrtårn både i lokala på Leikanger og i Førde, og gjer vårt beste for å etterleve dette, med vekt på kjeldesortering, bruk av kjemikalium og straumforbruk. Kontoret i Leikanger vart sertifisert på nytt i 2015.



## V - Vurdering av framtidsutsikter

### Overordna omtale av tilhøve i og utanfor embetet som kan påverke embetets evne til å løyse samfunnsoppgdraget på sikt

#### Samhandlingsstrukturar

Som vi har vore inne på i kap. I, er Sogn og Fjordane eit fylke som presterer godt på dei fleste levekårsindikatorane som kriminalitet, skuleresultat, fråfall i vidaregåande skule, gjennomstrøyming i høgare utdanning, arbeidsløyse og levealder. Vi er også langt framme på IKT-området, både i privat og offentleg sektor. Vi merkar ikkje nedgangen i oljesektoren like godt som dei andre vestlandsfylka, og reiseliv og eksportretta næringar dreg nytte av lågare kronekurs. Vi har i nokre år hatt lågast folkevekst av fylka i landet, men i 2015 låg vi på 14. plass. Samla er det ein viss optimisme i fylket.

Vi opplever også at vi stort sett utfører embetsoppgdraget vårt godt, at vi har gode relasjonar til kommunane og at vi har mange flinke medarbeidarar som arbeider med ein felles føresetnad om å lage eit betre samfunn ved å gjennomføre statleg politikk. Vi rekrutterer godt til nye stillingar.

Som vi også har vore inne på, meiner vi at områda vi lukkast på i vårt fylke, er særprega av eit godt samarbeid mellom dei viktigaste samfunnsaktørane på ulike område. Vi meiner at god samhandling er viktigaste faktor for å skape betre samfunn, og at vi over tid har brukt initiativrolla til Fylkesmannen nettopp til å få gode resultat på mange område.

Likevel er det ein viss uro både i fylket og i embetet kring alle strukturdiskusjonane som føregår. Det er lite diskusjon om kva som fører til gode tenester og gode samfunn. I staden har det danna seg ei oppfatning av at større og meir robuste einingar som regel vil gje betre kompetanse, og difor betre tenester.

Vi må alltid vere opne for å tenkje nytt og annleis på korleis vi opptrer til beste for innbyggjarane. Likevel må også reformene opne meir for å bruke kunnskap om kva som skapar dei beste resultat, og ta med seg denne kunnskapen som ein premiss i reformene. Elles risikerer vi at godt fungerande samfunnsstrukturar vert bygde ned, med uoversiktlige konsekvensar.

Reformene gjer at vi står i fare for at vi flyttar merksemda frå å utføre oppgåver til beste for brukarane, til sjølv gjennomføringa av reformene. I tillegg ser vi i media at store feil i nokon av dei mest robuste einingane vi har på sitt felt i landet, blir brukte som ein grunn til at det må kome strukturendringar med endå meir robuste einingar. Vi er difor redde for at dei for oss grunnleggjande eigenskapane i samhandling, leiing og vekt på å yte gode tenester for innbyggjarane, står i fare for å bli gløynde i strukturdebattar. Dernest aukar utviklinga av større og sterkare einingar faren for meir sektortenkning på kostnad av samhandling.

Vi fryktar at strukturendringar kan påverke evna til fylkesmennene til å løyse samfunnsoppgdraget på sikt. I kor stor grad dette skjer, er avhengig av i kor stor grad kunnskap om kva som lagar gode samfunn og ikkje, vert teke inn som premissar i avgjerdsgrunnlaget. Dersom samhandlingskulturen går tapt, kan det føre til at dei gode resultat vi i Sogn og Fjordane får på ei rekkje område, også går tapt.

#### Digitalisering

Vi er overtydde om at offentleg forvaltning har store gevinstar å hente på digitalisering, både for å spare tid og arbeid, og for å få betre kvalitet på tenestene til innbyggjarane. Vi helsar difor velkomen mange av initiativa KMD har kome med på området, og vi arbeider vidare med å utvikle nye løysingar med relativt små ressursar. Likevel kunne arbeidet gått fortare i staten, og det går i alle fall seint i kommunane. Vi er difor samde med KMD i at staten i større grad må ta ansvar for å oppmuntre kommunane til å digitalisere. Til dømes kan staten ta initiativ til felles standardisering av løysingar og kravsspesifikasjonar.

Vi har etablerte samarbeidsstrukturar på digitaliseringsområdet i Sogn og Fjordane, særleg ut frå at vi har fått til digital meldingsutveksling av helseopplysningar mellom alle kommunar, fastlegar og helseføretak. Difor er vi godt eigna til å vere eit pilotfylke. Fylkesmannen ønskjer å arbeide vidare med dette, og det kunne i den samanhengen vere nyttig med støtte frå KMD. Konsekvensen av at ingen tek ansvar for dette feltet, er at lite blir gjort, eller at det som vert gjort er fragmentarisk for einskilde kommunar.

#### Verjemålsområdet

Vidare er vi uroa for at vi ikkje klarar å yte gode nok tenester på verjemålsområdet, med den store auken i einslege mindreårige asylsøklarar (EMA), når ressursane på området ikkje er tilstrekkelege. Vi veit at den auka

tilstrøyminga av asylsøkjjarar er krevjande for heile landet. Like fullt må vi peike på at vi per årsskiftet hadde 143 EMA plassar i fylket, og i januar og mars 2016 fekk vi 80 og 40 nye plassar. Når vi tek med om lag 30 EMA som bur i vaksenmottak, har vi per mars nesten 300 EMA i fylket. Ut frå tal frå nettsidene til UDI, utgjer dette 11 prosent av 2636 EMA-plassar i landet. EMA-plassane krev mykje oppfølging i form av ulike vedtak og rekruttering og opplæring av representantar. Bemanninga hjå oss er i utgangspunktet dimensjonert for om lag to prosent av folkemengda, som fylket tilsvare. Då seier det seg sjølv at vi på sikt ikkje klarar å handtere ein så stor auke i arbeidsmengda, utan å gjere noko. Vi har mellombels tilsett fire personar, men har så langt ikkje mellombels finansering til meir enn to.

Vi kjem snart til eit punkt der vi anten må klare oss med dei mangelfulle ressursane vi har på verjemålsområdet, omdisponere større ressursar frå andre fagområdet i embetet, eller håpe på at vi får ei ekstraløyving. Dersom vi vel det første, ser vi føre oss at vi etter kvart vil få sær lang sakshandsamingstid, på eit område med sårbare personar. Vi vil også truleg få stor slitasje på dei tilsette, med risiko for sjukmeldingar, at dei finn seg nytt arbeid og at vi må bruke energi på å tilsetje og lære opp nye. Dersom vi vel det andre, vil det gå ut over andre viktige arbeidsområde. I alle fall prøver vi å gjere vårt beste, men må streke under at situasjonen er vanskeleg.

### **Integrering og busetjing**

Med den store auken i flyktningar som kom hausten 2015, vil integrering og busetjing vere ei stor utfordring dei neste åra. Dei fleste av kommunane i fylket har i 2015 og i byrjinga av 2016 verkeleg teke inn over seg det ansvaret heile landet har, og vi opplever etter kvart stor vilje til å busetje flyktningane og å planleggje tenestene for integrering. Likevel vil det kunne ha store konsekvensar på mange område i samfunnet dersom ikkje stat og kommune lukkast og saman får til at flyktningane lærer seg norsk, kjem i arbeid og får eit meningsfylt tilvære.

### **Klimautfordringar**

Som vi har gjort greie for ønskjer vi å vere eit føregangsfylke for klimatilpassing. Geografien med bratte fjell og smale dalar, gjer oss utsette for skred og flaum. Om vi ikkje vert flinkare til å ta i bruk ny kunnskap om klimaendringane, risikerer vi liv og materielle skader.

### **Med utgangspunkt i førre kulepunkt – gje ei nærare omtale av moglege konsekvensar for embetets evne til å nå fastsette mål og resultat på lengre sikt**

Vi har gjort greie for moglege konsekvensar for dei emna vi særskilt har teke opp.

## **Leiingskommentar årsrekneskapen 2015**

### **Føremål**

Fylkesmannen er statens representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og Regjeringa vert følgde opp. Fylkesmannen er administrativt underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

I årsrapporten del VI finn du årsrekneskapen vår.

### **Stadfesting**

Årsrekneskapen er i samsvar med «bestemmelser om økonomistyring i staten», rundskriv R-115 frå Finansdepartementet, krav frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkjande bilete av vår disponible tildeling, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

### **Vurdering av vesentlege forhold**

Vi har samla disponert tildelingar på drift kr 78.633.000,- i 2015. I tillegg har vi forvalta ein del tilskotsmidlar og prosjektmidlar frå ulike departement og direktorat. Kostnadene varierer ikkje vesentleg frå år til år.

Nettoføringsordninga for mva. har medført at vi har fått nedtrekk i mange av våre tildelingar. Dette merkast spesielt på tildelinga på driftskapittelet som vart redusert med kr 1.995.000,-.

Tilskotsutbetalingane våre har auka. Dette er midlar der bruken er styrt av overordna departement og direktorat, og vil variere etter kva Regjering og Storting prioriterer til ei kvar tid.

Den store flykningestraumen har ført til eit stort press på verjemålsområdet.

Overskotet på post 01 vart kr 1.251.826,- og på post 21 vart det eit overskot på kr 2.852.145,-. Vi ber om at desse midlane vert overførte til 2016.

Frå 2014 til 2015 har vi berre hatt ein mindre auke i tal årsverk, frå 116,3 til 116,4.

Vi får tildelinga vår frå fleire ulike departement og direktorat, og vi får mange belastningsfullmakter. I artskontorrapport og notar er alt med i tala våre. Når desse tala vert samanlikna med tildelinga, vil nokre av tala vere unaturleg høge for normal drift. Noko av årsaka til dette er utbetalingar av ein del prosjektmidlar. Eit eksempel er løn, der vi har utbetalt om lag det vi får i tildeling på drift, fordi honorar til kontrollkommisjonen for psykiske helse og sensorar med fleire, har same utgiftsart.

Vi har ansvar for å drifte Statens hus, og vi er mottakar av alle fakturaer som gjeld Statens hus. Vi har ansvar for å fordele desse kostnadane på dei andre leigetakarane.

Uteståande med statskassa utgjorde per 31.12.15 kr 5.075.762,-. Dette er ein reduksjon frå 2014 på kr 1.453.847,-. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva egedelar og gjeld det uteståande er samansett av.



**Tilleggsopplysningar**

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen vår. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per no, men revisjonsrapporten er forventa å vere klar i 2. kvartal 2016. Revisjonsrapporten er unntatt frå innsyn fram til Stortinget har motteke Dokument 1 frå Riksrevisjonen.

Leikanger 25. februar 2016

Anne Karin Hamre

-sign-

## **Prinsippnote årsrekneskapen**

Årsrekneskapen for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er utarbeidd og avlagt etter retningslinjene fastsett i «Bestemmelser om økonomistyring i staten», fastsett 12. desember 2003, med endringar seinast 18. september 2013. Årsrekneskapen er i samsvar med føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 og tilleggskrav fastsett av KMD.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa viser løyvingsrapportering, og beholdninga verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorapporteringa viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og kva grupper av kontoar som inngår i mellomverande med statskassen.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorapporteringa er utarbeida med utgangspunkt i bestemmelsane punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

Rekneskapen følgjer kalenderåret.

Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.

Utgiftene og inntektene er førte i rekneskapen med brutto beløp.

Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillinga av løyvings- og artskontorapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemda skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapet» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er knytte til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.8.1. Ordinære forvaltingsorgan vert ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved årets slutt vert saldo på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er omfatta av nettoføringsordninga som vart innført 01.01.2015. Dette medfører at embetet har tilgang til å utgiftsføre meirverdiavgift på kap.post 1633.01 for betalt meirverdiavgift som vert rapportert på postane 01-49 til statsrekneskapen.

### ***Løyvingsrapportering***

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som vi har rapportert til statsrekneskapen. Det er oppstilt etter kapittel og post i Løyvingsrekneskapen som Fylkesmannen har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eidealjar og gjeld vi står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kollonna «samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel og post.

Vi har ikkje gitt Løyvingsfullmakter til andre verksemder.

### ***Artskontorapportering:***

Artskontorapporteringa viser kva rekneskapstal vi har rapportert til



statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Vi har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast, og viser derfor ikkje som ei inntekt i oppstillinga.

Note 7 i artskontorapporteringa viser forskjellar mellom avrekning og mellomverande med statskassa.

## Oppstilling av bevilgningsrapportering, 31.12.2015

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2015	Merutgift (-) og mindretgift
0525	Fylkesmannsembetene - driftsutgifter	01	Driftsutgifter		78 633 000	77 994 835	638 165
0525	Fylkesmannsembetene - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		3 868 000	9 948 846	-6 080 846
0225	Tiltak i grunnopplæringen - driftsutgifter	01	Driftsutgifter		760 000	630 098	
0225	Tiltak i grunnopplæring - særskilde driftsutg	21	Spesielle driftsutgifter		1 190 000	1 071 134	
0225	Tilskudd til oppl. av barn og unge i statl. asyl	64	Diverse		3 060 000	2 758 700	
0225	Tilskudd til leirskoleopplæring	66	Diverse		1 065 000	1 064 531	
0226	Spesielle driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		6 107 220	6 038 447	
0226	Kvalitetsutvikling i grunnskolen - videreutda	22	Diverse		8 197 870	8 008 432	
0231	Utviklings tiltak barnehage	21	Spesielle driftsutgifter		6 206 000	5 840 483	
0310	Tilskudd til tros- og livssynssamfunn	70	Tilskudd		Open fullmakt	425 250	
0469	Vergemålsordningen - driftsutgifter	01	Driftsutgifter		5 451 234	5 670 732	
0469	Vergemålsordningen - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		Open fullmakt	1 436 131	
0470	Fri rettshjelp - driftsutgifter	01	Driftsutgifter		Open fullmakt	2 019 796	
0500	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	21	Spesielle driftsutgifter		2 560 000	2 264 041	
0520	Tilskudd til de politiske partiers kommunale c	71	Tilskudd		Open fullmakt	32 085 085	
0520	Tilskudd til de politiske partiers fylkesorganis	73	Tilskudd		Open fullmakt	70 688 193	
0520	Tilskudd til de politiske partiers fylkesungdom	75	Tilskudd		Open fullmakt	19 760 322	
0571	Rammetilskudd til kommuner - spes. driftsutg	21	Spesielle driftsutgifter		900 000	980 000	
0621	Tilskudd til sosiale tjenester og sosial inklude	21	Spesielle driftsutgifter		1 949 220	1 774 433	
0621	Sosiale tjenester og tiltak for vanskeligstilte	63	Diverse		3 738 804	3 599 544	
0718	Varer og tjenester	21	Spesielle driftsutgifter		409 799	171 250	
0719	Annet folkehelsearbeid - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		25 000	24 800	
0721	Statens helsetilsyn - Driftsutgifter	01	Driftsutgifter		622 000	622 000	
0734	Særskilte tilskudd til psykisk helse og rustilta	01	Driftsutgifter		Open fullmakt	1 941 104	
0761	Tilskudd forvaltet av sosial- og helsedirektora	21	Spesielle driftsutgifter		882 700	603 704	
0761	Omsorgstjeneste - Kompetanse og innovasjon	68	Diverse		8 511 296	8 510 296	
0762	Primærhelsetjeneste - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		300 000	300 000	
0762	Primærhelsetjeneste - forebyggende helsetjen	60	Diverse		825 000	825 000	
0762	Forebygging av uønsket svangerskap og abort	73	Tilskudd		400 000	400 000	
0765	Psykisk helse og rusarbeid - spesielle driftsutg	21	Spesielle driftsutgifter		519 300	394 392	
0765	Psykisk helse og rusarbeid - kommunale tjene	60	Diverse		3 440 000	3 440 000	
0765	Psykisk helse og rusarbeid - kompetansetiltak	61	Diverse		2 593 800	2 593 800	
0765	Psykisk helse og rusarbeid - rusarbeid	62	Diverse		5 511 264	5 511 137	
0781	Forsøk og utvikling mv - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		Open fullmakt	11 447	
0783	Personell - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		1 160 000	1 214 145	
0854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet - spes. drift	21	Spesielle driftsutgifter		804 474	850 442	
0854	Kommunalt barnevern	60	Diverse		12 104 000	11 764 000	
0858	Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet - sp	21	Spesielle driftsutgifter		1 050 000	1 016 972	
1144	Miljørettet prosjektarbeid m.m.	77	Tilskudd		160 000	159 809	
1400	Spesielle driftsutgifter MD	21	Spesielle driftsutgifter		214 500	244 156	
1410	Miljøvernovervaking og miljødata	21	Spesielle driftsutgifter		396 400	393 238	
1420	Miljødirektoratet - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		3 308 000	2 412 849	
1420	Statlige vannmiljøtiltak	22	Diverse		3 050 000	3 049 770	
1420	Klima, naturmangfold og forurensning- oppd	23	Diverse		1 420 329	1 202 271	
1420	Tiltak i verneområder	31	Diverse		2 763 000	2 675 755	
1420	Erstatning for beitedyr tatt av rovvilt	72	Tilskudd		3 000 000	544 059	
1420	Forebyggende og konfliktdepdende tiltak i r	73	Tilskudd		350 000	348 524	
1420	Verdensarvomr, kulturl, verdiskapning	81	Diverse		1 150 000	1 149 843	
1420	Tilskudd til prioriterte arter og utvalgte natur	82	Diverse		1 560 000	1 360 177	
1425	Driftsutgifter	01	Driftsutgifter		540 000	520 962	
1425	Tilskudd til fiskeformål	70	Tilskudd		330 000	330 000	
1425	Tilskot til viltføremål	71	Tilskudd		394 476	394 476	
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter		Open fullmakt	3 940 314	
Sum utgiftsført					181 481 686	312 979 723	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling	Regnskap 2015	Merinntekt og mindreinntekt (-)
3525	Inntekter ved oppdrag	01	Driftsinntekter		8 932 991	8 932 991
3525	Ymse inntekter	02	Ymse		613 661	613 661
5309	Tilfeldige inntekter, ymse	29	Ymse		457 142	
5700	Arbeidsgiveravgift	72	Arbeidsgiveravgift		7 871 340	
Sum inntektsført				0	17 875 135	
<b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>					<b>295 104 589</b>	
<b>Kapitalkontoer</b>						
60069401	Norges Bank KK /innbetalinger				16 152 915	
60069402	Norges Bank KK/utbetalinger				-312 711 351	
715214	Endring i mellomværende med statskassen				1 453 847	
Sum rapportert					0	
<b>Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)</b>						
<b>Konto</b>	<b>Tekst</b>			<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>Endring</b>
6260	Aksjer			0	0	0
715214	Mellomværende med statskassen			-5 075 762	-6 529 609	1 453 847

\* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter. Se note B for nærmere forklaring.

**Virksomhet: AD - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**

<b>Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter</b>			
<b>Kapittel og post</b>	<b>Overført fra i fjor</b>	<b>Årets tildelinger</b>	<b>Samlet tildeling</b>
52 501	242 000	78 391 000	78 633 000
52 521	3 868 000		3 868 000
xxxxxx			0
xxxxxx			0



**Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år**

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre i hht avgitte belastningsfullmakter (-)	Merutgift(-)/ mindre utgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
52 501	Kan overføres	638 165		638 165	613 661			1 251 826	[5% av årets tildeling i note A]	1 251 826
52 521	Kan overføres	-6 080 846		-6 080 846	8 932 991			2 852 145	[5% av årets tildeling i note A]	2 852 145
xxxx21	"kan nyttes under post 01"			0				0	[5% av årets tildeling i note A]	
xxxx45				0				0		
xxxx45	"kan overføres"			0				0	[Sum årets og fjorårets tildeling]	[og fjorårets tildeling]
xxxx70				0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell		
xxxx75	"overslagsbevilgning"			0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell		

\*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

**Forklaring til bruk av budsjettfullmakter**

**Kan overføres:**

Mindreforbruk på både kap.post 052501 og kap.post 052521 kan overføres til neste år

**Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter**

Verksemda har brukt driftsinntekter rapportert på kap.post 3525.02 til å dekke inn meirutgifter på driftspost 0525.01. Tilsvarende har vi brukt merinntekter på kap.post 3525.01 til å dekke inn meirutgifter på 0525.21.

**Mulig overførbart beløp:**

Mindreforbruk på kr. 1.251.826 på kap.post 052501 er under grensa på 5% for overføringer til neste år. Mindreforbruket på kr 2.852.145 på kap.post 052521 gjeld prosjekt som går over fleire år. Vi ber difor om at begge vert overførte til 2016.

## Oppstilling av artskontorrapporteringen, 31.12.2015

	Note	2015	2014
<b>Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salgs- og leieinnbetalinger	1	9 440 327	10 502 772
Andre innbetalinger	1	0	0
<i>Sum innbetalinger fra drift</i>		9 440 327	10 502 772
<b>Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Utbetalinger til lønn	2	79 821 583	76 948 699
Andre utbetalinger til drift	3	39 564 493	40 564 759
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		119 386 076	117 513 458
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>109 945 748</b>	<b>107 010 687</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
<b>Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Utbetaling til investeringer	5	1 262 954	2 390 316
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	1 714	10 320
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		1 264 668	2 400 636
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>1 264 668</b>	<b>2 400 636</b>
<b>Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m,m,	6	288 891	1 239 792
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		288 891	1 239 792
<b>Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	188 282 341	179 352 571
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		188 282 341	179 352 571
<b>Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *</b>			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		168 251	160 944
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		7 871 340	7 567 384
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		-3 940 314	0
<i>Sum rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		4 099 277	7 728 328
<b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>		<b>295 104 589</b>	<b>279 795 774</b>
<b>Oversikt over mellomværende med statskassen **</b>			
<b>Eiendeler og gjeld</b>		<b>2015</b>	<b>2014</b>
Fordringer		0	-59 363
Kasse		0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrekk		-3 367 298	-3 571 737
Skyldige offentlige avgifter		-8 563	-2 077
Annen gjeld		-1 699 901	-2 896 432
<b>Sum mellomværende med statskassen</b>	8	<b>-5 075 762</b>	<b>-6 529 609</b>

\* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapitler spesifiseres på egne linjer ved behov.

**Note 1 Innbetalinger fra drift**

	<b>31.12.2015</b>	<b>31.12.2014</b>
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
Byggesaksgebyr	0	0
Tilsynsavgift elsikkerhet	0	0
Gebyrer / avgift omsetning produksjon sprengstoff første omsetningsledd	0	0
<b>Sum innbetalinger fra gebyrer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
<b>Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Inntekter fra oppdragsvirksomhet, avgiftspliktig	0	69 500
Salgsinntekt tjenester, avgiftsfri	9 440 327	10 433 272
<b>Sum salgs- og leieinnbetalinger</b>	<b>9 440 327</b>	<b>10 502 772</b>
<i>Andre innbetalinger</i>		
<b>Sum andre innbetalinger</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum innbetalinger fra drift</b>	<b>9 440 327</b>	<b>10 502 772</b>



## Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2015	31.12.2014
Lønn	69 744 269	66 532 491
Arbeidsgiveravgift	7 871 340	7 567 384
Pensjonsutgifter*	0	0
Sykepenger og andre refusjoner(-)	-3 261 405	-2 596 706
Andre ytelser	5 467 378	5 445 530
<b>Sum utbetalinger til lønn</b>	<b>79 821 583</b>	<b>76 948 699</b>
<i>* Denne linjen benyttes av virksomheter som innbetaler pensjonspremie til SPK.</i>		
<b>Antall årsverk:</b>	<b>116</b>	<b>116</b>

«Andre ytelser» gjeld i hovudsak utbetalingar til sensorar, kontrollkommissjonar, nemnder, styre, råd etc., og ikkje til egne tilsette.

### Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2015	31.12.2014
Husleie	1 582 424	1 958 422
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	55 752	127 426
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	7 294 296	6 863 563
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	148 216	149 501
Mindre utstysanskaffelser	224 841	505 015
Leie av maskiner, inventar og lignende	1 893 570	3 163 818
Kjøp av fremmede tjenester	14 401 064	12 726 054
Reiser og diett	5 656 952	5 853 179
Øvrige driftsutgifter	8 307 378	9 217 781
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>39 564 493</b>	<b>40 564 759</b>

Grupperinga av artskontoar knytt til dei ulike postane i note 4, gjer at tala gir eit feil bilete på enkelte av postane

Det er særleg posten "Husleie" som skil seg ut.

Nøkkeltalet husleige i del 2 i rapporten, viser at kostnaden ved å bu er kr 12.460.902.

**Note 4 Finansinntekter og finansutgifter**

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Annen finansinntekt	0	0
<b>Sum innbetaling av finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	1 714	10 320
Valutatap	0	0
Annen finansutgift	0	0
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>1 714</b>	<b>10 320</b>



**Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer**

	<b>31.12.2015</b>	<b>31.12.2014</b>
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	0	0
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Beredskapsanskaffelser	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	1 262 954	2 390 316
<b>Sum utbetalt til investeringer</b>	<b>1 262 954</b>	<b>2 390 316</b>

**Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten**

	31.12.2015	31.12.2014
Tilfeldige og andre inntekter	288 891	1 239 792
<b>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>	<b>288 891</b>	<b>1 239 792</b>

Inntektene på denne noten utgjør i sin heilheit tilbakebetaling av ubrukt tilskot frå tidlegare år frå kommunane.

**Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten**

	<b>31.12.2015</b>	<b>31.12.2014</b>
Tilskudd til kommuner	55 038 112	47 478 243
Tilskudd til fylkeskommuner	3 076 036	2 731 300
Tilskudd til private	3 799 936	6 157 657
Tilskudd til organisasjoner	124 078 257	121 397 371
Tilskudd til statsforvaltningen	2 290 000	1 588 000
<b>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>	<b>188 282 341</b>	<b>179 352 571</b>



## Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

## Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2015	31.12.2015	
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0		
Sum	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	689 857		689 857
Andre fordringer	0	0	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
Sum	689 857	0	689 857
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-2 612 069		-2 612 069
Skyldig skattetrekk	-3 367 298	-3 367 298	0
Skyldige offentlige avgifter	-8 563	-8 563	0
Annen kortsiktig gjeld	-2 296 040	-1 699 901	-596 139
Sum	-8 283 970	-5 075 762	-3 208 208
<b>Sum</b>	<b>-7 594 113</b>	<b>-5 075 762</b>	<b>-2 518 351</b>

\* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler fyller også ut note 8 B

## Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler

	Ervervesdato	Antall aksjer	Eierandel	Stemmeandel	Årets resultat i selskapet	Balanseført egenkapital i selskapet	Balanseført verdi i regnskap*
Aksjer							
Selskap 1							
Selskap 2							
<b>Balanseført verdi 31.12.2015</b>							<b>0</b>

\* Investeringer i aksjer er bokført til anskaffelseskost. Balanseført verdi er den samme i både virksomhetens kontospesifikasjon og kapitalregnskapet.

# Innhold

Kongehuset	Side 2
Arbeids- og sosialdepartementet	Side 2
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 5
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 11
Justis- og beredskapsdepartementet	Side 21
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Side 27
Kulturdepartementet	Side 37
Kunnskapsdepartementet	Side 38
Landbruks- og matdepartementet	Side 52
Klima- og miljødepartementet	Side 60
Samferdselsdepartementet	Side 67
Statens Helsetilsyn	Side 67
Utenriksdepartementet	Side 71
Andre	Side 71

Fylkesmannsembetene utfører fagoppgaver for flere departementer og direktorater/tilsyn. Hvert departement er faglig overordnet embetene på det aktuelle fagområdet. I årsrapporten del III er det gitt en kort omtale og vurdering knyttet til hvert departementsområde. Nedenfor følger embetets mer utførlig resultatrapportering knyttet til embetsopdraget for de ulike departementene.

## **Kongehuset**

### **Resultatområde 00 Kongehuset**

#### **00.1 Kongelige besøk**

H.M. Dronninga deltok på United World College i Flekke sitt 20-årsjubileum i september. Besøket var svært vellukka.

Til liks med andre år, fekk vi i år òg ein god del spørsmål omå vidareformidle invitasjonar til kongehuset til ulike arrangement.

#### **00.2 Saksforberedelse av tildeling av ordener og medaljer**

Ingen rapporteringskrav.

## **Arbeids- og sosialdepartementet**

### **Resultatområde 73 Sosiale tjenester**

Fylkesmannen og Nav har eit nært samarbeid om kompetansetiltak i Nav-kontora. Vi har gjennomført det årleg møtet mellom fylkesmannen og direktøren i Nav Sogn og Fjordane der samarbeidet blir evaluert og vidare samarbeid blir avklara. Vi har fleire samarbeidsmøte gjennom året på mellomleiarnivå i samband med planlegging av aktiviteten, i tillegg til jamlege møte på rådgjevernivå for plategging og gjennomføring av aktivitetane.

#### **73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen**

Vi har behandla 26 klagesaker, fem tilsynssaker og gjennomført planlagt tilsyn i fire kommunar.

Vi har arrangert ein fagdag for Nav-kontora om økonomisk stønad, ein om tenesta for opplysning, råd og rettleiing og ein om kvalifiseringsprogrammet. I tillegg har vi både vår og haust gitt tilbod om innføring i sosialtenestelova og forvaltningslova for nyttilsette i Nav. Andre tilsette i Nav har også vore velkomne på desse opplæringsdagane.

Nav-kontora kan kontakte oss per telefon eller e-post for å få rettleiing i sosialtenestelova.

Vi er alltid, så langt det let seg gjennomføre, med på leiarssamlingane Nav Sogn og Fjordane har med Nav-leiarane. Her har vi ansvaret for delar av programmet og nyttar høvet til å ta opp ulike tema som vi meiner det er nyttig å drøfte. Døme er bustadsosialt arbeid, barnefattigdom, Nav-rettleiar i vidaregåande skule, internkontroll, saksbehandling av søknader om sosiale tenester, kvalifiseringsprogrammet og tenesta opplysning, råd og rettleiing. I tillegg har vi formidla resultat og erfaringar frå tilsyn og klagesaksbehandling.

---

#### **73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen – formidlingstiltak og**



## kompetanseutvikling

Vi samarbeider tett med Nav Sogn og Fjordane når det gjeld planlegging og gjennomføring av fagdagar, og vi deltek på arrangementa til kvarandre.

I samarbeid med Nav Sogn og Fjordane arrangerte vi kurs i motiverande intervju for tilsette i Nav-kontora, både grunnkurs og oppfølgingskurs.

Vi har samarbeidd med Nav Sogn og Fjordane for å få Veiledningsplattformen implementert på Nav-kontora. Ved innføringa deltok vi med grupperettleiar på Nav-kontora. Det er no egne grupperettleiarar på kontora som skal følgje opp dette vidare. I lag med Nav Sogn og Fjordane arrangerte vi samling for grupperettleiarane på Nav-kontora, med vekt på deira rolle i kollegarettleiinga.

I samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane arrangerte vi den årlege tverrfaglege konferansen om rettleiing, denne gongen med 120 deltakarar frå ulike fagfelt.

### 73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Kvalifiseringsprogrammet (KVP) har vore tema på fleire av dei faste samarbeidsmøta vi har hatt med Nav Sogn og Fjordane, både på leiarnivå og på rådgjevarnivå. Vi planla og gjennomførte fagdag om KVP i lag.

I vår hadde vi telefonkontakt om KVP med alle Nav-leiarane i fylket, fekk oversikt over eventuelle utfordringar, avklarte behov for kompetansehevande tiltak og tilbød råd og rettleiing.

Nav-kontora kan kontakte oss for å få råd og rettleiing om KVP. Vi har besøkt to kontor som ønskte at vi kom for å ha gjennomgang av regelverk for KVP og drøfte saker. Vi har invitert oss på besøk til eitt kontor som vi ser har utfordringar med KVP.

KVP er del av opplæringa i sosialtenestelova som vi tilbyr alle nyttilsette i Nav. Vi har gjennomført slik opplæring vår og haust. Også meir erfarne rådgjevarar ved Nav-kontora har delteke.

Vi arrangerte fagdag i KVP for Nav-kontora, og programmet vart lagt opp i tråd med tilbakemeldingar frå leiarane. Vi hadde mellom anna gjennomgang av regelverk. Nokre kontor delte gode erfaringar med KVP, og vi henta inn kompetanse frå "Ny Sjanse" i Bergen, der dei har meir erfaring med KVP-arbeid enn Nav-kontora her i fylket.

KVP har vore tema på to Nav-leiarsamlingar, vår og haust. Vi har mellom anna gått gjennom regelverket og utveksla erfaringar.

Vi viser elles til kvalitativ årsrapportering sendt Arbeids- og velferdsdirektoratet 12. januar 2016.

### 73.4 Økonomisk rådgivning

Vi har i samarbeid med regionkontakten vår på området arrangert vidaregåande kurs over to dagar. Det var ni deltakarar på kurset.

For å stimulere Nav-kontora til deltaking på den nasjonale konferansen "Penger til besvær", gav vi tilbod om tilskot til reise- og opphaldsutgifter, i tillegg til at vi dekte konferanseavgifta. Ti kontor nytta tilbodet og deltok. Tre personar som arbeider i interkommunale prosjekt deltok også. I forkant arrangerte vi ein fagdag saman med Fylkesmannen i Troms for deltakarane frå våre to fylke. Tema her var verjemål og møte med brukar.

Det har vore tre regionale faglege nettverk i fylket. Desse har frå to til seks møte i året. Nettverka har samarbeid med namsmennene, og vi dekkjer eventuelle møteutgifter. Fem Nav-kontor deltok ikkje i slikt nettverk.

Tre interkommunale prosjekt har fått midlar frå Arbeids- og velferdsdirektoratet til samarbeid om gjeldsrådgjeving. Dette er eitt prosjekt i Nordfjord (seks kommunar) og to i Indre Sogn (tre kommunar + tre kommunar). Vi har lagt til rette for erfaringsdeling mellom prosjekta. Dei to prosjekta i Sogn ser ut til å bli vidareførte til ordinær drift i kommunane frå 2016.

Økonomisk rådgjeving har vore tema på samling med Nav-leiarane.

## 73.5 Boligsosialt arbeid

Fire kommunar har fått tildelt tilskot til bustadsosialt arbeid; Årdal, Eid, Vik og Flora. Vi har hatt eit møte med desse.

Internt i embetet samarbeider vi om tildeling av tilskot på rus-, bustadsosialt- og barnefattigdomsområdet. Eksternt samarbeider vi med Husbanken.

Førde, Flora og Sogndal deltek i Husbankens *Velferdsprogram for bustadsosialt arbeid*. Fylkesmannen sit i styringsgruppa for arbeidet, og sikrar gjennom det at kommunane med dei største utfordringane på bustadområdet legg vekt på arbeidet. Fylkesmannen har vore representert i referansegruppa i den eine kommunen.

For at alle kommunar skal kjenne til tilskotsordninga og dei statlege føringane for bustadsosialt arbeid, har dette vore tema på samling for Nav-leiarar.

Vi gir elles råd og rettleiing på telefon og ved oppfølging av tilskotsordningane.

## 73.6 Barn og unge

### Barnefattigdom

Tre kommunar har fått tilskot til styrking av innsats mot barnefattigdom: Flora, Høyanger og Årdal. Internt i embetet samarbeider vi om tildeling av tilskot som gjeld rus, barnefattigdom og det bustadsosiale området.

Høyanger er ein av fem kommunar i landet som fekk tildelt midlar for å styrke barneperspektivet i Nav. Målet er mellom anna å kartlegge erfaringskunnskap og auke medvitet kring barneperspektivet på Nav-kontor. Vi deltok på sentral startsamling i lag med Nav Høyanger.

Vi informerte om tilskotsordningane på Nav-leiarsamling, og ein kommune som tek imot tilskot delte sine erfaringar. Årdal informerte om sitt prosjekt på den lokale *Muligheitskonferansen*, ei samling for alle Nav-tilsette i fylket.

Vi gir råd og rettleiing på telefon og ved oppfølging av tilskotsordningane generelt.

### Forsøk med Nav-rettleiar i vidaregåande skule

Nav Flora og Nav Førde blei i 2015 med i forsøket, som er eit landsdekkande forsøk med mål om auka gjennomføring i vidaregåande skule. Fylkesmannen har to deltakarar i styringsgruppa for prosjektet, ein frå utdanningsavdelinga og ein frå sosialseksjonen i helse- og sosialavdelinga. I tillegg er styringsgruppa samansett av representantar frå fylkeskommunen og Nav Sogn og Fjordane. Vi har delteke på etableringsmøte, sentral nettverkssamling, møte i styringsgruppa og på fellesmøte med dei lokale prosjektgruppene. Styringsgruppa skriv eigen årsrapport.

### Barnekonvensjonen - Sjumilsstegskonferansen - Barnekonferansen - Flyktningsituasjonen

Sjumilsstegsarbeidet er ein del av den daglege drifta i embetet. Målet er å følgje opp FN's barnekonvensjon i kommunane i fylket. Sjumilssteget skal medverke til at kommunane vert meir medvitne på oppvekstvilkår og styrkjer tverrfagleg samarbeid til beste for barn og unge. Vår interne samordning av arbeidet for barn og unge har i hovudsak vore tema i utdannings- og helse- og sosialavdelinga.

I 2015 gjennomførte vi Sjumilsstegskonferanse med temaet *Samordna løft for folkehelse, psykisk helse og medverknad for barn og unge* med hovudvekt på mobbing, i samarbeid med fylkeskommunen. Det var ei brei tverrfagleg deltaking frå kommunane der vi samla omlag 200 deltakarar.

Som vidareføring av sjumilsstegarbeidet starta vi eit prosjekt hausten 2014 der vi ønskte å etablere eit læringsnettverk for kommunane med tema utsette barn og unge. Formålet var at kommunane skulle jobbe med ønskt forbetningsarbeid innanfor målgruppa. Avgrensa påmelding ved oppstart i 2015, og endra asyl- og flyktningsituasjon med sterk auke i talet på einslege mindreårige asylsøkjjarar, gjorde at vi endra planen. Det vart difor gjennomført ei to-dagars informasjons- og erfaringssamling om asylsøkjarsituasjonen for alle kommunane i desember 2015.

Dette arbeidet har vore delfinansiert av prosjektmidlar frå AV-dir.

Etter vår vurdering er det ikkje vesentlege avvik på 0525.01. På fagkapittel hadde vi i 2014 vakanse i stillingar som gjorde at ressursbruken var unormalt låg i 2014. Nivået i 2015 er slik det skal vere.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 74 300,49	kr 451 607,20
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 805 838,79	kr 384 617,53
74 Tilsyn etter lov om sos. tj. i NAV	kr 225 192,64	kr 373 466,58
Andre oppgaver under ASD	kr 3 076,85	kr 104 089,13
Sum:	kr 1 108 408,00	kr 1 313 780,00

## **Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**

### **Resultatområde 42 Familierett**

#### **42.1 Ekteskapsloven**

I 2015 gav Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 201 separasjonsløyve og 176 skilsmissemislar.

På oppdrag frå BLD utvikla IKT-seksjonen vår ei ny elektronisk løysing for separasjon, i tett samarbeid med sakshandsamarane på området i vårt embete og i FMOA.

#### **42.2 Anerkjennelsesloven**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i 2015 handsama 23 saker om godkjenning av utanlandsk separasjon/skilsmisse og 20 søknader om fritak for plikta til å dokumentere skifte ved skilsmisse eller død.

#### **42.3 Barneloven**

Vi har ikkje handsama saker om tvangskraft for avtalar eller saker om reisekostnader i 2015. Til dei som har teke kontakt, har vi har gitt informasjon og rettleiing.

#### **42.4 Veiledning og informasjon**

Til brukarar som tek kontakt, informerer vi om reglane i barnelova og om oppgåvene til familievernkontora. Vi viser også til informasjon på internett og sender ut informasjonsmateriell ved behov.

### **Resultatområde 43 Føre tilsyn med kommunenes plikt til å sørge for et krisesentertilbu**

Vi gjennomførte stikkprøvetilsyn med krisesentertilbodet i ti av våre kommunar i 2015 (sluttrapporten var ferdig 8. januar 2016). Det vart ikkje avdekt lovbrøt under tilsynet. Alle dei utvalde kommunane har inngått avtale med Krisesenteret i Sogn og Fjordane, der Flora er vertskommune for tenestene. Alle kommunane har peika ut ein ansvarleg for krisesentertilbodet i kommunen, og det er etablert rutine for å sikre lokal oppfølging ved behov etter opphald ved krisesenteret.

### **Resultatområde 44 Føre tilsyn med familievernkontor**

Det er ikkje gjennomført tilsyn eller anna form for kontroll med familievernkontora i 2015. Det blei gjennomført tilsyn med begge kontora i fylket i 2013.



## Resultatområde 45 Barn og unge

### Barnekonvensjonen - Sjumilsstegskonferansen - Barnekonferansen - Flyktningesituasjonen

Sjumilsstegsarbeidet er no ein del av den daglege drifta i embetet. Målet er å følgje opp FNs barnekonvensjon i kommunane i Sogn og Fjordane. Sjumilssteget skal medverke til at kommunane vert meir medvitne på oppvekstvilkår og styrkjer tverrfagleg samarbeid til beste for barn og unge. Vår interne samordning av arbeidet for barn og unge har i hovudsak vore tema i to avdelingar; utdannings- og helse- og sosialavdelinga.

I 2015 gjennomførte vi i samarbeid med fylkeskommunen Sjumilsstegskonferanse med temaet *Samordna løft for folkehelse, psykisk helse og medverknad for barn og unge* med hovudvekt på mobbing. Det var ei brei tverrfagleg deltaking frå kommunane der vi samla omlag 200 deltakarar.

Som vidareføring av sjumilsstegarbeidet starta vi eit prosjekt hausten 2014, der vi ønskte å etablere eit læringsnettverk for kommunane med tema utsette barn og unge. Målet var at kommunane skulle jobbe med ønskt forbetningsarbeid innanfor målgruppa. Avgrensa påmelding ved oppstart i 2015 og endra asyl- og flyktningesituasjon med auke i talet på einslege mindreårige asylsøkjjarar, gjorde at vi endra planen. Det vart difor gjennomført ei to-dagars informasjons- og erfaringssamling om flyktningesituasjonen for alle kommunane i desember 2015.

Utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga har i fleire år skipa til den årlege *Barnekonferansen* over to dagar. Målgruppa er barnehagetilsette, barneverntilsette og andre. Den første dagen har felles tema og den andre dagen deler vi inn deltakarane etter fagbakgrunn. Tema for *Barnekonferansen 2015* var *Samhandling er svaret. Kva var spørsmålet?*. Det var om lag 200 deltakarar på konferansen.

### 45.1 Veiledning og samordning

Fylkesmannen rapporterer halvårleg til departementet om korleis kommunane brukar tildelte midlar til informasjon, samordning og anna kurs- og kompetanseheving. I tillegg har vi rapportert om kommunar vi er uroa for og som vi følgjer særskilt opp.

Sjumilsstegsarbeidet er no ein del av den daglege drifta i embetet. Målet er å følgje opp FNs barnekonvensjon i kommunane. Sjumilssteget skal medverke til at kommunane vert meir medvitne på oppvekstvilkår og styrkjer tverrfagleg samarbeid til beste for barn og unge.

Som vidareføring av sjumilsstegarbeidet starta vi eit prosjekt hausten 2014, der vi ønskte å etablere eit læringsnettverk for kommunane med tema utsette barn og unge. Formålet var at kommunane skulle jobbe med ønskt forbetningsarbeid innanfor målgruppa. Avgrensa påmelding ved oppstart i 2015 og endra asyl- og flyktningesituasjon med auka tal også einsleg mindreårige asylsøkjjarar, gjorde at vi endra planen. Vi gjennomførte difor i desember 2015 for alle kommunane ei to-dagars informasjons- og erfaringssamling om flyktningesituasjonen.

I medhald av barnevernlova skal Fylkesmannen sørge for at kommunane får råd og rettleiing. Vi har løyst denne oppgåva gjennom å:

- gi råd og rettleiing på telefon, e-post og i brev
- publisere nettartiklar om relevante tema, der vi ser det er trong for rettleiing og informasjon
- arrangere konferansen *Rus og vald i nære relasjonar*
- delta på kommunesamlingar i regi av Bufetat to gonger per år
- arrangere samlingar om opplæring i undersøkingsaker og samtalar med barn (sjå pkt. 45.5)
- arrangere barnevernsleiarsamling vår og haust, med tema som er aktuelle
- arrangere den årlege *Barnekonferansen* over to dagar
- arrangere *Sjumilsstegskonferansen 2015*, ein tverrfagleg konferanse for alle som arbeider med barn og unge i Sogn og Fjordane.

### 45.2 Fritak for taushetsplikt

Saker om fritak for teieplikt gjeld søknader om fritak for tilsette i fleire profesjonsgrupper. Totalt har vi i 2015 behandla søknader om fritak for teieplikt for 23 personar. Søknadene gjeld tilsette i følgjande profesjonsgrupper:



- barnevern: éin tilsett
- skule: sju tilsette
- barnehage: fem tilsette
- Nav: fire tilsette
- helsepersonell: tre tilsette
- andre: tre tilsette

I 2015 samtykte vi til fritak frå forvaltningsteieplikta for 13 tilsette i forvaltninga.

Tre av søknadene gjaldt spørsmål om fritak frå profesjonsteieplikta. Desse vart avslått ettersom vi ikkje har heimel til å fritta frå denne.

Seks av søknadene vart ikkje realitetshandsama. Av desse vart to av søknadene trekte, medan vi i fire av søknadene avslutta utan realitetshandsaming etter å ha etterspurt meir informasjon frå søkjararane utan å få svar. Ein søknad vart avslått.

Sakshandsamingstida er kort, ofte berre eit par verkedager.

#### **45.4 Biologisk opphav**

Fylkesmannen har handsama fire saker der personar har bede om opplysningar om biologiske foreldre.

#### **45.5 Opplæringstilbud i å samtale med barn om vold og seksuelle overgrep i undersøkelser**

Vi har gjennomført opplæring i EuroADAD for 25 deltakarar frå barneverntenestene i kommunane. Opplæringa vart gjennomført som to samlingar over to dagar. Alle deltakarane vart sertifiserte som EuroADAD-kartleggarar.

Vidare har vi gjennomført ei regional samling over to dagar, for Sunnfjordregionen, i samarbeid med Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS), med temaet *samtalar med barn om vold og seksuelle overgrep*. Det var om lag 125 deltakarar frå ulike yrkesgrupper i regionen.

Tilbakemeldingane og evalueringa frå samlingane har vore gode. At vi klarte å samle deltakarar på tvers av fag, har vist seg å vere viktig for det tverrfaglege arbeidet i kommunane.

#### **45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern**

Fylkesmannen har i 2015 tildelt midlar til ei fast, og to halve mellombelse stillingar til kommunalt barnevern. I tillegg blei dei 16,8 stillingane som tidlegare har vore tildelte, vidareførte.

Vi følgjer opp satsinga gjennom rapportering og fortløpande kontakt med kommunane.

### **Resultatområde 46 Universell utforming**

Vi har gjeve innspel om universell utforming i samband med fleire kommunar sitt arbeid med revisjon av samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen. Vi har også gjeve innspel om universell utforming både ved oppstart og offentleg ettersyn av reguleringsplanar der dette er eit aktuelt tema.

Vi har samarbeidd med fylkeskommunen mellom anna om universelt utforma uteområde og turvegar.

Vi har delteke i arbeidsgruppa for revideringa av den regionale planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Vi har vurdert behovet for tilrettelegging for at tradisjonelt inaktive grupper skal ta del i tilbodet. I tillegg har vi spelt inn at representantar frå grupper som skal inkluderast, bør vere med for å finne treffsikre tiltak og å redusere hinder for deltaking.

### **Resultatområde 47 Integrering av innvandrere**

## 47.1 Statsborgerseremonier

Laurdag 25. april arrangerte vi statsborgarseremoni for 43 deltakarar av 156 nye statsborgarar, frå 13 kommunar og 17 opphavsland. Dei hadde med seg familie og vener som gjester. I tillegg var ordførarane i heimkommunane inviterte.

Seremonien vart gjennomført i Førdehuset i Førde og inneheldt talar, kulturinnslag, truskapsløfte, utdeling av gåvebøker, allsong og til slutt lunsj.

Fylkesmann Anne Karin Hamre leia seremonien, og Justin Mulindabigwi heldt gjestetalen til dei nye statsborgarane. Han var sjølv ny statsborgar i 2014.

### Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMSF	1	28
<b>Sum</b>	<b>1</b>	

## 47.2 Bosetting av flyktningar

Frå hausten 2015 har den store auken i asylsøklarar og flyktningar snudd opp ned på mykje av arbeidet i embetet. Vi har lagt stor vekt på å koordinere oss med DSB, UDI, IMDi, Nav, Bufetat, Politiet, Husbanken og fylkeskommunen, og å informere og oppmuntre kommunane. På dei fleste fagfelte våre har vi justert prioriteringane for å ta høgd for nye utfordringar som følgjer asylsøklarar og flyktningar som skal busetjast. Dette gjeld til dømes barnevern- og sosial, helse, skule- og barnehage, planområdet og verjemål. Vi meiner å ha lukkast godt med arbeidet på flyktingområdet, og må nemne at i den nyaste fylkesvise oversikta for 2015 over vedtak om busetjing av flyktningar vi har sett (per oktober), låg kommunane i Sogn og Fjordane på andre plass, målt ut frå folketal. Fleire kommunar ha etter kvart gjort vedtak om å busetja fleire flyktningar enn det IMDi har bede om.

Vi har saman med Nav, KS, IMDi og UDI gjennomført møte med éin kommune, slik at staten samla kunne svare på spørsmål kring asylmottak og busetjing. I tillegg skipa vi i desember til samling med alle kommunar der målgruppa var det politiske og administrative nivået, og det utøvande nivået inannfor opplæring og helse.

Med bakgrunn i tilbakemeldingane frå kommunane har vi starta læringsnettverk med vekt på mindreårige asylsøklarar og flyktningar.

Vi har gjennomført to nettverkssamlingar for tilsette i kommunane som arbeider med busetjing av flyktningar. Den eine samlinga var for kommunar med asylmottak, og temaet var helsetenester for asylantar. Busetjing av flyktningar er også fast tema på dei årlege samarbeidsmøta vi gjennomfører. Målet med drøftinga er at alle aktørane skal ha grunnlag for påverknadsarbeid i sine forum og kanalar.

## 47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

### Integrering av flyktningar

Vi deltek i eit forpliktande samarbeid med KS, fylkeskommunen og Nav for å styrke integreringa gjennom tiltak for språkopplæring, arbeid og busetjing. Vi har rettleia kommunane om innhaldet i introduksjonslova, og vi har ført tilsyn i tråd med oppdraget.

For 2015 så vart ikkje tilsyna endeleg avslutta før årsslutt. Vi arbeider no etter ein plan om at tilsyna blir ferdige i februar 2016.

Vi ser at behovet for rettleiing er større enn vi har ressursar til å dekkje.

Vi har etablert nettverk for kunnskapsdeling mellom kommunane på asyl- og flyktingområdet, og det var to samlingar i 2015. Nettverket vert følgt opp i 2016.

## 47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkerere

Vi har gjennomført kurs i samarbeid med Vox, for lærarar som arbeider med norskopplæring for vaksne innvandrarar og asylsøklarar. På samlinga i august deltok 77 lærarar og leiarar i vaksenopplæringane.

Vi har også lagt vekt på opplæring i nye digitale prøver. Her har vi hatt samlingar på regionnivå.

Gjennom året har vi behandla tre klager på kommunale vedtak etter introduksjonslova. I alle sakene stadfesta vi vedtaka.

## **47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven**

I 2015 har vi starta to dokumenttilsyn der tema er heilårleg og fulltids introduksjonsprogram. Endeleg tilsynsrapport for desse tilsyna vil føreliggje i februar 2016.

## **Resultatområde 48 Fremme likestilling og motvirke diskriminering**

### **Oppfølging av kommunane**

Gjennom prosjektet Sjumilssteget har Fylkesmannen over fleire år hjelpt kommunane i arbeidet med å konkretisere FN's barnekonvensjon. Artikkel 23 om barn sin rett til eit fullverdig liv og tilgang til nødvendige offentlege tenester, er eitt av områda vi har arbeidd med.

Satsinga med embetsprosjektet "Sjumilssteget - til beste for barn og unge" gjekk frå 2015 inn i den dagleg drifta i embetet. Den vidare drifta vart lagt til fagavdelingane utdanning og helse- og sosial. Fylkesmannen si interne samordning av arbeidet for barn og unge har i hovudsak vore tema i desse to avdelingane. Arbeidet ut mot kommunane er gjort særleg i *Sjumilsstegkonferansen* og *Barnekonferansen*, med vekt på tverrfagleg samarbeid til beste for barn.

### Universell utforming

Vi har gjeve innspel om universell utforming i samband med fleire kommunar sitt arbeid med revisjon av samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen. Vi har også gjeve innspel om universell utforming både ved oppstart og offentleg ettersyn av reguleringsplanar der dette er eit aktuelt tema.

Fylkesmannen har samarbeidd med fylkeskommunen om blant anna universelt utforma uteområde og turvegar.

Fylkesmannen har delteke i arbeidsgruppa for revideringa av den regionale planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Vi har lagt vekt på behovet for tilrettelegging for at tradisjonelt inaktive grupper av befolkninga skal ta del i det eksisterande tilbodet. I tillegg har vi oppmoda til at ein tek med representantar frå grupper ein ønskjer å inkludere i arbeidet med å finne treffsikre tiltak og å minske hinder for deltaking.

### Likestilling

Kommunane skal som arbeidsgjevar rapportere på tilstanden for kjønnslikestilling. Dei skal og rapportere på *tiltak* når det gjeld kjønn, etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Fylkesmannen ønskjer å bidra i arbeid som kan betre likestillinga i fylket. Oversiktsarbeidet til kommunane (jf. folkehelselova § 5) med grunnlag i rettleiareren *God oversikt – en forutsetning for god folkehelse*, legg ikkje opp til å inkludere variablar som belyser likestilling som ein del av levekårsdata.

Fylkesmannen arrangerte ei todagarssamling i november gjennom *Forum for rus og psykisk helse*. Tema var krisesenter og forståing av vald i nære relasjonar. Målgruppa for konferansen er leiarar og tenesteutøvarar i statlege og kommunale tenester.

### **Aktivitetar og utfordringar på ulike sektorar**

#### Verjemål

Sjølvråderett over eige er eit sentralt omsyn i verjemålslova. Dette kjem til uttrykk fleire stader i lova, til dømes i verjemålslova § 17 fjerde ledd som seier at born over 12 år skal høyrast før avgjerd, § 20 andre ledd som set vilkår om samtykke til oppretting av verjemål for vaksne og § 33 som gjeld verjas plikt til å høyre den som har oppnemnt verje før det vert teke avgjerdar på vegner av personen med verje. I vår kontakt med verjene og i samband med opplæringssamlingar presiserer vi dette og går gjennom føremålet med verjemålslova. Også i kontakt med andre, til dømes helsetenesta og Nav, informerer vi om at sjølvråderett har ein vesentleg større plass i lovgivinga som tok til å gjelde 01.07.2013, enn etter tidlegare lovgiving.

Vi tek omsyn til dei sentrale omsyna i regelverket i vår saksbehandling. Mellom anna forsøker vi å leggje til rette



for kommunikasjon på ein forståeleg måte i saker som involverer born og personar som på grunn av helseilstanden har vanskar med å kommunisere.

Vi forsøker alltid å gjere individuelle vurderingar for å sikre involvering og medverknad for den saka direkte gjeld, i alle saker på verjemålsområdet. I saker der det kan vere aktuelt med fråtaking av rettsleg handleevne har vi, i tillegg til kommunikasjon på telefon og per post, eit møte med personen det gjeld for å sikre god informasjon og forståing av kva dette inneber. Vedkomande kan ha med støtteperson i møtet om ønskjeleg.

Vi oppmodar alle representantar og verjer om å nytte profesjonell tolk i saker som involverer einslege mindreårige asylsøklarar, og vi gir rettleiing til representantane og verjene om kva som er ein god tolkesamtale og korleis dei i oppdraga skal ta omsyn til nasjonal, kulturell og religiøse bakgrunn.

### Landbruk

Det er færre verkemiddel som positivt prioriterer kvinner enn det var tidlegare. Kvinnelege søklarar fekk likevel inntil 75 prosent støtte til sokalla mjuke investeringar som til dømes etablerarstipend og bedriftsutviklingsmidlar. Til samanlikning fekk mannlege søklarar 50 prosent. Men totalt sett hevdar kvinnelege søklarar seg relativt godt i kampen om dei bedriftsretta utviklingsmidlane i landbruket. Kvinnene eig eller driv under 20 prosent av gardsbruka i aktiv drift, men fekk om lag 40 prosent av utviklingsmidlane frå Innovasjon Noreg.

### Barnehage

I 2015 var det 8,6 prosent menn av dei tilsette i barnehagane i fylket. Vi har eit tett samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og hadde ein felles likestillingsdag der studentar og mannlege tilsette i barnehagane var invitert. Informasjon og haldningsskapande arbeid er viktig for å oppnå mål om endra kjønnsrollemonster blant barn. Dei mannlege tilsette i barnehagane gav gode tilbakemeldingar etter fagdagen. Dei fekk fagleg påfyll, men kanskje aller mest har Fylkesmannen skapt ein arena der dei kan møtast og drøfte erfaringar og utfordringar i kvardagen med andre.

I 2014 var dispensasjon frå utdanningskravet på 2,9 prosent. Søkjartalet til barnehagelærarutdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane er stabil. Høgskulen legg i tillegg til grunnutdanninga, til rette for desentralisert etter- og vidareutdanning, tilpassa lokale og regionale behov. Kommunane og regionane arbeider aktivt med rekruttering. Ei utfordring er mange små kommunar, små barnehageeiningar og ein avgrensa arbeidsmarknad, som kan gjere det mindre interessant å søkje jobb som barnehagelærer.

*Gutar som leikeressurs* er eit attraktivt tiltak i Sogn og Fjordane. Seks kommunar deltek i prosjektet som har fått stor merksemd i media, både lokalaviser og NRK Sogn og Fjordane. Evaluering frå gutane som deltok syner at dei har fått god kjennskap til barnehagen som arbeidsplass, og at det er eit variert, krevjande, men travelt yrke. Fylket har mange små kommunar med små barnehagar. Skal vi rekruttere fleire menn til yrket må vi nå dei ungdomane som bur her og tenke langsiktig og nytte tiltak som *gutar som leikeressurs*. Utfordringa vår er at tildelte midlar for 2015, ut frå vår vurdering, har for sterke sentrale føringar til kompetanseheving av assistentar og fagarbeidarar og lite til rekruttering og likestilling. Vi har likevel prioritert leikeressursprosjektet som ein del av rekrutteringsarbeidet, og tildelt midlar til dei seks kommunane som ønskjer å halde fram.

## Ressursrapportering

Det er ingen vesentlege avvik på 0525.01.

På framandkapittel har vi i 2015 hatt eit IKT-prosjekt innan separasjon- og skilsmisse som gjer at vi har hatt høgre kostnader i 2015 enn i 2014.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 0525</b>	<b>Fagdep.</b>
41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven	kr 762 235,74	kr 276 748,44
42 Familierett	kr 138 119,08	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 0,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak	kr 0,00	kr 0,00
44 Tilsyn med familievernkontor	kr 0,00	kr 0,00
45 Barnevern	kr 1 299 278,21	kr 138 374,16
47 Integrering av innvandrere	kr 231 795,43	kr 0,00
47.5 Tilsyn med introduksjonsloven	kr 2 729,23	kr 0,00
Andre oppgaver under BLD	kr 4 006,62	kr 335 624,67
Sum:	kr 2 438 164,00	kr 750 747,00



## **Helse- og omsorgsdepartementet**

### **Resultatområde 76 Samhandling, kvalitet og helseberdskap**

Vi har prioritert arbeidet i samsvar med embetsoppdraget.

#### **76.1 Samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetjenesten**

Fylkesmannen har ei brei kontaktflate mot helseføretak, kommunar og kommunale helsearbeidarar. Vi arbeider for å nå måla i samhandlingsreforma ved å rettleie og legge til rette for god organisering av kommunale tenester. Målgruppene er helsepersonell, kommuneadministrasjon, politikarar og frivillige lag og organisasjonar. Vi har hatt møte med einskildkommunar, med grupper av kommunar og vi har halde konferansar.

Konferanse for leiarar i helse- og sosialsektoren har vorte erstatta av *Samhandlingskonferansen*. *Samhandlingskonferansen* vert arrangert årleg, og er eit samarbeid mellom oss, Helse Førde, KS, brukarutvalet i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen. Tema for vårens konferanse var samhandlingsreformens konsekvensar for kommunalt helse- og omsorgsarbeid, med utgangspunkt i inn- og utskrivings erfaringar og akuttmedisinsk kjede. Regional folkehelseplan og behovet for koordinert innsats på folkehelseområdet var også eit viktig tema.

Forum for helse, omsorg og folkehelse (HOF-forum) er ein møteplass for leiarar i kommunane, Helse Førde, Høgskulen i Sogn og Fjordane, KS, fylkeskommunen, brukarar og Fylkesmannen. Det vart arrangert tre møte i 2015. Forumet skal mellom anna kartlegge kompetansebehov, og målrette og koordinere innsatsen for kompetanseutvikling. Forumet jobbar med ein samordningskalender som skal gje ei samla oversikt over nettverk, møte, kurs og konferansar frå dei ulike aktørane i fylket. Hovudtema for arbeidet er samhandling for folkehelse, med særleg vekt på flyktningar, barn og unge. Fylkesmannen er sekretariat for HOF-forum.

Rusfagleg forum er eit veletablert nettverk som samlast over to dagar vår og haust. Frå 2015 har forumet endra namn til *Forum for psykisk helse og rus*. Alle som arbeider innanfor eller har interesse for rus- og psykisk helsefeltet i fylket kan delta. Arrangementa vert koordinerte av Fylkesmannen i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Helse Førde, Korus Vest, brukarorganisasjonane Rusettervernet og Mental helse, fylkeskommunen, KS, RVTS, NAPHA, Nav og RKBU Vest. Vi hadde tre samarbeidsmøte i 2015.

Fylkesmannsembeta i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har publisert "Sluttrapport for prosjektarbeid med samhandlingsreforma". Rapporten vart samanstilt av samhandlingskoordinatoren hjå Fylkesmannen i Hordaland. Gjennom arbeidet med rapporten gjorde vi oss kjende med status for arbeidet med habilitering og rehabilitering i kommunane. Fylkesmannens undersøking frå 2015 syner mellom anna at kommunane treng betre oversikt over behov for rehabilitering og habilitering, at førebyggjande arbeid framleis er lågt prioritert, at fastlegane bør trekkast nærare inn i reforma og at det trengst nærare samarbeid med spesialisthelsetenesta. Alle kommunane i fylket budde seg til start av "øyeblikkeleg hjelp døgnoophald" innan starten av 2016.

Fylkesmannen besøkte ei nyoppretta eining for kommunal øyeblikkeleg hjelp døgnoophald. Tidlegare har vi besøkt tre slike einingar.

Helse Førde og kommunane i fylket har ein formell struktur for samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetenesta gjennom *Koordineringsrådet* der vi har ei observatørrolle og deltek aktivt.

Gjennom samarbeid med kommunane, KS, Helse Førde og andre har vi bidrege til at meldingsløftet i fylket, altså elektronisk meldingsutveksling mellom fastlege, kommunal helse- og omsorg og helseføretak, vart godt organisert og ferdig gjennomført i 2014. I 2015 har vi halde fram samarbeidet over same leist med to samlingar og nettverksarbeid, for å stimulere til innovasjon og etablering av lokale prosjekt for bruk av velferdsteknologi.

#### **76.2 Kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten**

Pasienttryggleiksprogrammet har vore tema på samlingar med kommunane også dette året. Fylkeslegen har teke temaet opp i samhandlingskonferansen som vi arrangerte saman med KS og Helse Førde HF.

Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester (USHT) og Helse Førde HF har halde fram arbeidet med

læringsnettverk for kommunane. Tema det vert arbeidd med i læringsnettverka, er rett legemiddelbruk i sjukeheimar, førebygging av urinvegsinfeksjonar og fallførebygging. På samlingar der vi er medarrangør, har Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester informert om Pasienttryggleiksprogrammet. Vi støttar USHT i deira arbeid med deltaking i fag- og samarbeidsrådet. Arbeidet med pasienttryggleik og læringsnettverk skal vidareførast gjennom nyoppretta fagnettverk innan eldremedisin og eldreomsorg som er drifta av Helse Førde HF (SESAM) og USHT. Vi deltek i styringsgruppa for fagnettverket.

Vi har ikkje gjennomført opplæring eller halde møte med kommunane med om IPLOS dette året. Kommunane si IPLOS-kartlegging vert etterspurt og brukt i vår handsaming av klage- og tilsynssaker.

Vi har arrangert to samlingar for helsestasjonslegar. Den eine samlinga vart arrangert saman med helsesøstrene. Tema for møta var barne- og ungdomspsykiatri og søvnavanskar hos barn og unge.

Vi har hatt ei nettverkssamling over to dagar for sjukeheimslegar med tema psykiatri hos eldre (gerontopsykiatri). Samlinga var organisert som klinisk emnekurs.

Samlinga for samfunnsmedisinarar i fylket samla 25 legar. Sentrale tema var rekruttering og stabilisering av legar i distriktshelsetenesta, turnustenesta, primærhelsemelding, pasienttryggleik og antibiotikaforskriving og asylsøkjarsituasjonen.

Vi har gjort læringstilsyn (eigenvurderingstilsyn) både på helse-, sosial- og barnevernsområdet i 2015. Kommunane har tatt denne arbeidsmåten godt imot. Helsetilsynet har fått vår evaluering av ordninga og vi presenterte ho også i Dagens Medisin. Det går fram at eit halvår etter gjennomført tilsyn, var betringseffekten av denne tilnærminga like god eller betre enn etter vanleg tilsyn.

Fylkesmannen er medlem i styringsgruppa for velferdsteknologi og har bidratt med å arrangere samlingar for kommunane.

### **76.3 Felles digitalt nødnett**

Den 27. oktober 2015 vart AMK Førde kopla på naudnettet. Nytt naudnett er ein føresetnad for effektiv samhandling ved yting av akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus. Dei førebelse tilbakemeldingane vi har fått frå fastlegane er særst positive. Dette gjeld både korleis nye handradiosett fungerer og generell dekkingsgrad i nettet. Vi håpar at fleire kommunar vil nytte naudnettet også til andre helse- og omsorgstenesteytarar i kommunen som til dømes heimesjukepleie og på sikt i samarbeid med frivillige organisasjonar.

### **76.4 Helseberedskap og smittevern**

Smittevern, mellom anna antibiotikaresistens og rasjonell bruk av antibiotika, er tatt opp på i dei tre foruma vi driv under prosjektet *Tiltak for å betre legesituasjonen*;

- "Nettverk - sjukeheim", for sjukeheimslegar, med to årlege samlingar med sikte på kvalitetsarbeid og erfaringutveksling.
- "Nettverk - helsestasjon", for helsestasjonslegar og helsesøstre, med to årlege samlingar med sikte på kvalitetsarbeid og erfaringutveksling.
- "Nettverk - samfunnsmedisin", for kommuneoverlegar og fagdirektørar (helseforetak) og andre legar med samfunnsmedisinsk interesse, med ei samling i året.

Det vart gjort eit fellestilsyn med beredskapsarbeidet i Vågsøy kommune som eit samarbeid mellom helseseksjonen og beredskapsseksjonen. Dette synte både likskap og ulikskap i tilsynsmetodikk, og var innbyrdes lærerikt.

### **76.5 Personell og kompetanse**

Vi held jamleg oversikt over og følgjer med på årsverktutviklinga i dei kommunale helse- og omsorgstenestene som del av Kompetanseløftet 2015. Kommunane sine planar, måloppnåing og resultatrapportering er samla og rapportert. Vi har lyst ut og tildelt delar av tilskotsmidlane frå det nye Kompetanse- og innovasjonstilskotet til ulike opplæringstiltak i kommunane.

Forum for helse-, omsorg og folkehelse (HOF-forum) er ein møteplass for ulike aktørar med ansvar for, og oppgåver med mellom anna rekruttering og kompetanseheving av helse og omsorgspersonell. På denne



møteplassen har vi drøfta problemstillingar og utfordringar med rekruttering og kompetanseheving av helse- og omsorgspersonell i fylket vårt.

Vi samarbeider med USHT og støttar utviklingssenteret i deira arbeid med ulike aktivitetar og tiltak som gjeld forskning og fagutvikling i dei kommunale tenestene. USHT har vore ein pådrivar i arbeidet med ABC-opplæringa i fylket. Utviklingssenteret har i stor grad bidrege til at dette tiltaket har lukkast godt i kommunane våre.

Vi har brukt nettsida vår til informasjon om ulike kurs og opplæringstiltak knytte til Kompetanseløftet 2015, mellom anna om den nye leiarutdanninga i helse- og omsorgstenestene og opplæringsprogrammet i Aktiv omsorg.

Vi arbeider med å sikre nok turnusplassar med god kvalitet i fylket. I to faste samarbeidsmøte med helseføretaket og representantar for KS diskuterer vi turnusordninga og utfordringar med denne. Det er to sjukehusplassar i Møre og Romsdal som er knytte til kommunale turnusplassar i Sogn og Fjordane.

Vi har arrangert to todagarskurs med turnusrettleiarar i halvåret. Turnusrettleiarane er tilsette i 20 og 25 prosent stilling hjå Fylkesmannen. I tillegg har vi arrangert kurs i offentleg helsearbeid for turnuslegane i Sogn og Fjordane og Hordaland. Helse Førde arrangerer kurs i legevaktsmedisin på vegner av oss. Det har ikkje vore arrangert egne klurs for turnusrettleiarar.

Vi driv tre forum under KP 076221 - Tiltak for å betre legesituasjonen:

- "Nettverk - sjukeheim", for sjukeheimslegar, med to årlege samlingar med sikte på kvalitetsarbeid og erfaringutveksling.
- "Nettverk - helsestasjon", for helsestasjonslegar og helsesøstre, med to årlege samlingar med sikte på kvalitetsarbeid og erfaringutveksling.
- "Nettverk - samfunnsmedisin", for kommuneoverlegar og fagdirektørar (helseføretak) og andre legar med samfunnsmedisinsk interesse, med ei samling i året.

## 76.6 Rettssikkerhetsarbeid

Pasient- og brukarrettslova kapittel 4A. Fylkesmannen har i samband med systemrevisjonar og over telefon rettleia tannhelsepersonell, helsepersonell i kommunehelsetenesta og i spesialisthelsetenesta om regelverket. Vedtak har blitt følgde opp etter behov.

Vi har sett spesielt på regelverket rundt kap. 4A (to timars undervising) på "Nettverk - sjukeheim", som er eit forum for sjukeheimslegar. Dette forumet er eitt av tre forum som har blitt oppretta etter tildeling av midlar til FMSF under KP 076221 - Tiltak for å betre legesituasjonen.

Vi har avslutta 50 saker i 2015 og har ikkje mottatt klager på vedtak etter pasient- og brukarrettslova kapittel 4A.

I alt 18 av vedtaka vi har mottatt tok lengre enn tre månader å handsame. Av desse var fire vedtak gjennomgått eller kontrollert etter to til tre månader, fire etter tre til fire månader, ni etter fire til fem månader og eitt etter meir enn seks månader.

## Resultatområde 77 Andre oppdrag

Vi har prioritert arbeidet i samsvar med embetsoppdraget.

### 77.1 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Saker om fritak for teieplikt gjeld søknader om fritak for tilsette i fleire profesjonsgrupper. Totalt har vi i 2015 behandla søknader om fritak for teieplikt for 23 personar. Søknadene gjeld tilsette innafør følgjande profesjonsgrupper:

- barnevern: éin tilsett
- skule: sju tilsette
- barnehage: fem tilsette
- Nav: fire tilsette
- helsepersonell: tre tilsette
- andre: tre tilsette

I 2015 samtykte vi til fritak frå forvaltningsteieplikta for 13 tilsette i forvaltninga.

Tre av søknadane gjaldt spørsmål om fritak frå profesjonteieplikt. Desse vart avslått ettersom vi ikkje har heimel til å fritta frå denne.

Seks av søknadene vart ikkje realitetshandsama. Av desse vart to av søknadene trekte, medan vi i fire av søknadene avslutta utan realitetshandsaming etter å ha etterspurt meir informasjon frå søkjarane utan å få svar. Ein søknad vart avslått.

Sakshandsamingstida er kort, ofte berre eit par verkedager.

**Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMSF	23	3
<b>Sum</b>	<b>23</b>	

## 77.2 Særfradrag

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMSF	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

## 77.3 Førerkortsaker

Vi sende 199 meldingar til politiet med tilråding om inndraging av førarkort fordi helsekrava til førarkort ikkje var stetta. I 2015 handsama vi 474 søknader, med slikt utfall:

- 291 personar fekk dispensasjon frå helsekrava
- 100 stetta helsekrava slik at det ikkje var grunnlag for dispensasjon
- 68 søkarar fekk avslag på søknaden sin
- 15 fekk delvis dispensasjon (avslag på minst ein førarkortklasse)

I alt 146 saker er ulike rådgjevings- og rettleiingssaker, og andre saker sende i retur eller til eit anna fylkesmannsembete.

Alle sakene vert registrerte i Trafikk-systemet, slik at Helsedirektoratet kan ta ut heil- og halvårsstatistikk. Vi rapporterer sakene kvart kvartal på leiarmøtet i embetet.

På kurs i april og oktober har turnuslegar frå Hordaland og Sogn og Fjordane fått undervisning i regelverk og helsekrav til førarkort.

**Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMSF	819	20
<b>Sum</b>	<b>819</b>	

## 77.4 Pasientjournaler

**Pasientjournaler. Antall saker.**



Embeter	Antall
FMSF	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

## Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

Vi har uttala oss til ulike planar og planprogram for sikre at folkehelseomsynet vert ivareteke. Den tverrfaglege plangruppa, med representantar frå alle avdelingane i embetet, har møte kvar andre veke. Våre innspel til planstrategiar, planprogram og samfunns- og arealdelen i kommunane vert diskutert og koordinert i gruppa. Prioriterte område er omsyn til barn og unges oppveksthøve, inkludering og utjamning av sosial ulikskap i helse.

### 83.1 Folkehelsearbeid generelt

Embetet har etablert samarbeid om folkehelse i planarbeid og vil styrke dette ytterlegare. Vi jobbar med prosjektet "Ivaretaking av folkehelse i plan", der samarbeid med fylkeskommunen, revidering av planprosedyren og koordinering av intern innsats er nokre av temaa. Vi ønskjer å etablere læringsnettverk for kommunar om dette arbeidet.

Vi er i gang med planlegging av kommunale læringsnettverk med flyktningar som tema. Helse og sosialavdelinga og utdanningsavdelinga jobbar tett saman om kompetanseheving retta mot flyktningar og barn og unge. I mai og i desember arrangerte vi nettverkssamlingar (éin- og todagarssamlingar) for alle kommunane om asylsituasjonen. Her kom det inn gode innspel frå kommunane om retning og tema for det vidare arbeidet med flyktningar og integrering i fylket.

Satsinga *Sjumilssteget* har vorte utført gjennom ein årleg konferanse. Læringsnettverket for utsette barn og unge vert ført vidare som "Læringsnettverk -psykisk helse og opplæring hos utsette barn og unge, spesielt retta mot mindreårige asylsøkjjarar". Utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga driv læringsnettverket.

Saman med Helsedirektoratet arrangerte vi konferansen "Krafttak for eit betre arbeidsmiljø for elevane" den 28. og 29. oktober. Konferansen var eit samarbeid mellom helse og sosial- og utdanningsavdelinga. I samband med konferansen gjekk det fram at berre tre av 26 kommunar i fylket ikkje samarbeider med andre kommunar om kontroll og kvalitetsutvikling i miljøretta helsevern.

Vi har gitt rettleiing til dei kommunane som har teke kontakt, men vi har ikkje gjennomført eigne kompetansehevande tiltak for kommunane om alkohollova. Vi har delteke på Helsedirektoratet si nasjonale samling for folkehelserådgjevarar, og i november deltok vi på samlinga om endringar i alkohollova.

### 83.2 Barn og unge: forebygging, oppfølging og behandling

Programkomiteane for Samhandlingskonferansen og Sjumilsstegskonferansen jobba med samhandling og tverrfagleg innsats for utsette barn og unge som tema for neste års konferansar.

Sjumilsstegsarbeidet er no ein del av den daglege drifta i embetet. Målet er å følgje opp FN's barnekonvensjon i kommunane i fylket. Sjumilssteget skal medverke til at kommunane vert meir medvitne på oppvekstvilkår og styrkjer tverrfagleg samarbeid til beste for barn og unge. Fylkesmannen si interne samordning av arbeidet for barn og unge har i hovudsak vore tema i utdanningsavdelinga og i helse- og sosialavdelinga. I 2015 gjennomførte vi i samarbeid med fylkeskommunen sjumilsstegskonferanse med temaet "Samordna løft for folkehelse, psykisk helse og medverknad for barn og unge", med hovudvekt på mobbing. Det var ei brei tverrfagleg deltaking frå kommunane og til saman omlag 200 deltakarar.

Som vidareføring av sjumilsstegarbeidet starta vi eit prosjekt hausten 2014, der vi ønskte å etablere eit læringsnettverk for kommunane med utsette barn og unge som tema. Føremålet var at kommunane skulle jobbe med ønskt forbetningsarbeid innanfor målgruppa. Avgrensa påmelding ved oppstart i 2015 og raskt aukande asyl- og flyktningetal gjorde at vi endra målsetting. Det vart difor gjennomført to informasjons- og erfaringsamlingar (over éin og to dagar) for alle kommunane i mai og desember 2015.

Utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga har i fleire år skipa til den årlege Barnekonferansen over to dagar. Målgruppa er barnehagetilsette, barnevernstillsette og andre, der vi første dagen har felles tema og den andre dagen deler deltakarane etter fagbakgrunn. Tema for Barnekonferansen 2015 var "Samhandling er svaret.

Kva var spørsmålet?". Det var om lag 200 deltakarar på konferansen.

Helsedirektoratet og Fylkesmannen arrangerte konferansen "Krafttak for eit betre arbeidsmiljø for elevane" den 28. og 29. oktober.

Vi har arrangert to samlingar for helsestasjonslegar. Den eine samlinga vart arrangert saman med helsesøstrene. Tema var barn og ungdomspsykiatri og søvnevanskar blant barn og unge.

I november heldt *Forum for rus og psykisk helse* to dagars konferanse med tema vald og nære relasjonar. Vidare utvikling av krisesentertilbodet i fylket var også tema.

Barn og unge er eit særleg satsingsområde for vårt arbeid med folkehelse. Informasjonsutveksling og samarbeid mellom utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga fungerer godt.

*Forum for helse, omsorg og folkehelse*, embetsprosjektet "Ivaretaking av folkehelse i plan", læringsnettverk på planområdet og læringsnettverk – psykisk helse og opplæring hos utsette barn og unge (sjå 83.1), er sentrale i denne innsatsen. Vi koordinerer aktørar, legg til rette for langsiktige satsingar og driv målretta kompetanseheving i tett samarbeid med kommunane. Slik har vi kommunisert og tatt høgde for det sektorovergripande ansvaret for (utsette) barn og unge, både internt og i samarbeidet med fylkeskommune og kommunar.

Ni kommunar i fylket har fått tilskot til å rekruttere psykolog til kommunal helse- og omsorgsteneste. Dei fleste kommunane har valt å bruke psykologkompetansen inn mot helsestasjon, barnehage og skule som bidrag til betre tverrfagleg førebyggjande arbeid. Nokre kommunar har valt meir konsultativ verksemd med heile befolkninga som målgruppe. To av stillingane er inkluderte i eit partnerskap der ni kommunar samarbeider om psykologressursane for å styrke det førebyggjande arbeidet med barn og unge i barnehage og skule.

Utfordringa er å få kvalifiserte søkjarar til stillingane. Éin av kommunane måtte tilbakebetale tilskot, då dei etter fleire utlysingar ikkje klarte å få søkjarar.

Det har ikkje skjedd store endringar i bemanninga i helsestasjon og skulehelseteneste for fylket sett under eitt. Enkelte kommunar har styrkt bemanninga, men mange syner inga endring eller nedgang. Det verkar ikkje som om ekstra midlar har kome helsestasjonsarbeidet til gode. Vårt inntrykk er at kommunane i fylket ikkje vinn fram med søknader i ordninga om øyremerkte stillingar til fleire tilsette i helsestasjon og skulehelseteneste.

Vi har gjennomført kartlegging av dekningsstatstikk i barnevaksinasjonsprogrammet i kommunane. I alt 20 av 26 kommunar ga tilbakemelding. Av kommunane som har svart skriv 17 at det blei oppdaga mangelfull vaksinerings. Det er oppgitt fleire årsaker til mangelfull vaksinerings. Døme på dette er at fleire jenter fødte i 1998 ikkje ønskjer HPV-vaksine, barnet har allergi, og manglande etterregistrering av born som er vaksinerte og følgjer vaksinasjonsprogrammet i utlandet.

## Resultatområde 84 Kommunale helse- og omsorgstjenester

Vi rapporterer her aktivitetar i tråd med embetsoppdraget.

### 84.1 Allmenhelsetjenesten

Fylkesmannen har gode kontaktpunkt med legar utanfor sjukehus basert på kommunekontakt, nettverk for samfunnsmedisin, sjukeheimslegeforum og helsestasjonsforum.

Det er god interesse for samfunnsmedisin i fylket. Vi samarbeider med Legeforeningen om rettleiingsgrupper i samfunnsmedisinsk vidareutdanning for legar. Det er to aktive rettleiingsgrupper i samfunnsmedisin med til saman 24 deltakarar, ca. 20 prosent av alle fastlegar.

Samfunnsmedisinsk møte for legar vart også i år arrangert over to dagar for å gi rom for både formell og uformell kontakt mellom kommunelegane. Møtet var eit samarbeidsprosjekt mellom oss og dei to utdanningsgruppene. Sentrale tema var rekruttering og stabilisering av legar i distriktshelsetenesta, turnustenesta, primærhelsemelding, pasienttryggleik og antibiotikaforskriving, og asylsøkjarsituasjonen.

Det etablerte nettverket for sjukeheimslegar samlar om lag 20 deltakarar to gonger årleg. I år var tema gerontopsykiatri, samlinga gjekk over to dagar og var organisert som klinisk emnekurs for spesialistutdanning i allmenn- og samfunnsmedisin.



I forum for helsestasjonslegar hadde vi to møte i løpet av ein dag med undervising i barnepsykiatri og i søvnevanskar hos barn. Søvn møtet blei arrangert saman med helsesøstrene i fylket.

Som tidlegare gjorde vi i januar 2015 ei kartlegging av rekrutteringa og stabiliteten av fastlegar i fylket. Talet på legeheimlar utanfor sjukehus har vore uendra dei siste tre åra. Det er framleis rekrutteringsvanskar i fleire kommunar. Det er også problem med å få legar til å bli verande i fylket. Det kom fram av kartlegginga at 13 prosent av fastlegane er vikarar, ein femdel har vaktfritak og ein tredel er over 55 år. Ny kartlegging vert gjort i 2016 og vil verte publisert på nettstaden.

I tillegg til den direkte kontakten med fastlegane, har vi møtepunkt med kommunane der legetenesta er tema. Vi har mellom anna teke for oss fastlegeforskrifta. Vi utarbeider også tilstandsanalyse der vi viser dimensjonering av legetenesta i sjukeheimane for kvar kommune. Vi viser korleis kommunane dekkjer oppgåvene i førebyggjande arbeid i helsestasjon og skule, som mål på dimensjoneringa av bemanninga her.

Vi har besøkt ei nyoppretta eining for kommunalt akutt døgnoophald for erfaringsutveksling og informasjon.

## 84.2 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Vi arrangerte i mars møte om helsetenesta til innsatte i Vik fengsel. Deltakarar var kommunehelsetenesta, spesialisthelsetenesta og kriminalomsorgen. Tolketeneste, bruk av legevakt, psykisk helse- og ruslidingar, tannhelse, medikamentbruk og legemiddelassistert rehabilitering er sentrale tema i samarbeidet. Vi har på bakgrunn av informasjon og kunnskap vi får i årlege møte, ikkje funne grunn til å føre tilsyn med helsetenesta til fengselsinnsatte. Vi får sjeldan klager som gjeld helsetenesta i fengslet.

## 84.3 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

I mai arrangerte vi "Erfaringsutveksling mellom kommunar med asylmottak om tenester til asylantar med vekt på helse- og omsorgstenester". Målet var erfaringsutveksling mellom kommunar med asylmottak. Kommunane kom med innspel til område der dei trong meir kompetanse. I desember hadde vi ei samling over to dagar for alle kommunane i fylket om asylsituasjonen. Målgruppa var avgjerdstakarar og tilsette i helse og sosial-, oppvekst- og utdanningstenester. I tillegg til informasjon frå IMDi, UDI, politiet, Helse Førde og Bufdir, fekk vi innspel til område for vidare arbeid i eit planlagt nettverk for utsette barn og unge i eit fleirkulturelt samfunn. Her jobbar vi med å koordinere informasjon og kompetanse gjennom dei foruma som alt finst i fylket, og å lage eigne møtestadar for kommunane der dei kan utvikle tenestene for å møte behova til flyktingane.

I kommunane sitt oversiktsarbeid (jf. folkehelselova § 5) skal dei skaffe informasjon om tilhøve som spelar inn på folkehelsa i kommunen. Samanhengen mellom etnisitet og levekår er eit tema for oversikts- og planarbeid i fleire kommunar. Vi ser ei positiv utvikling der kommunane ser flyktingars situasjon og behov som ein integrert del av langsiktig planlegging og arbeid.

Forum for helse, omsorg og folkehelse (HOF-forum) er ein møteplass for leiarar i kommunane, Helse Førde, Høgskulen i Sogn og Fjordane, KS, fylkeskommunen, brukarar og Fylkesmannen. Det vart arrangert tre møte i 2015. Hovudtema for arbeidet er samhandling for folkehelse, med særleg vekt på flyktingar, barn og unge. Vi er sekretariat for HOF-forum.

Forumet kartlegg mellom anna kompetansebehov og målrettar og koordinerer innsatsen for kompetanseutvikling.

## 84.4 Forebyggjande helsetjenester

Det har ikkje skjedd store endringar i bemanninga i helsestasjon og skulehelseteneste for fylket sett under eitt. Enkelte kommunar har strykt bemanninga, men mange syner inga endring eller nedgang. Det verkar ikkje som om ekstra midlar har komme helsestasjonsarbeidet til gode. Vårt inntrykk er at kommunar i Sogn og Fjordane ikkje vinn fram med søknader i ordninga om øyremerkte stillingar til fleire tilsette i helsestasjon og skulehelseteneste.

Vi har arrangert to samlingar for helsestasjonslegar. Den eine samlinga vart arrangert saman med helsesøstrene. Fellessamlinga hadde tema barn- og ungdomspsykiatri og søvnevanskar blant barn og unge.

Fylkesmannen har delt ut midlar til forebygging av uønskte svangerskap og abort. Midlane har gått til seks ulike helsestasjonar i fylket og til Studentsamskinnaden i Sogn og Fjordane

Ni prosjekt har fått tilskot til utvikling av kommunale oppfølgingstilbod i frisklivssentralar for personar med kroniske lidingar. Elleve kommunar har fått midlar. Ein del av prosjekta som mottok midlar hadde mål om livsstilsending og styrking av psykisk helse hjå barn, unge og studentar.

Elleve kommunar er i gang med frisklivssentralar. Det er etablert meistrings- og frisklivsarbeid i tre av desse. Vi har delteke på ei dagssamling med erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette i frisklivssentralane i fylket.

## 84.5 Tannhelse

Det er eit godt samarbeid med tannhelsetenesta i fylket. Det er inngått samarbeidsavtale mellom alle kommunar, pleie- og omsorgstenesta og den offentlege tannhelsetenesta i fylket.

Alle kommunar og pleie- og omsorgstenesta får tilbod om opplæring. Pleie- og omsorgstenesta får tilsyn; 94 prosent av pasientar på institusjon (sjukeheim) og 84 prosent av pasientane i heimesjukepleie eller open omsorg.

## 84.6 Habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

Våren 2015 gjorde vi ei felles kartlegging av habilitering- og rehabiliteringstenesta i kommunane. Dette var eit samarbeid med Rogaland og Hordaland. Vi sendte ut eit spørjeskjema til koordinerande eining for habilitering- og rehabiliteringstenesta, som fekk ansvar for å gje eit samla svar frå kommunen. I alt 18 av 26 kommunar svarte. Kartlegginga tok føre seg rehabiliteringstilbodet i kommunen. Vi fann at dei fleste kommunane har eit tverrfagleg tilbod om habiliterings- og rehabiliteringstenester. Dei fleste kommunane gir tilbod om individuell plan til barn og unge med samansette og langvarige behov. Halvparten av kommunane som svarte har koordinerande eining som kontaktpunkt for spesialisthelsetenesta.

Det er framleis ei utfordring å sikre ei organisatorisk forankring for ordninga, som sikrar eit tett samarbeid mellom aktuelle kommunale tenester, som rus- og psykiatritenesta, heimetenester, barnevern og andre.

Helse Førde arrangerte *Habiliteringskonferansen 2015*, i samarbeid med mellom anna Fylkesmannen. Konferansen hadde tema *Følgjer vi med i tida?* og tok føre seg framtidretta perspektiv og verktøy i arbeidet med personar med samansette behov.

*Rusfagleg forum* er eit veletablert nettverk som samlast over to dagar vår og haust. Frå 2015 har forumet endra namn til *Forum for psykisk helse og rus*. Behovet for tverrfagleg innsats i habilitering og rehabiliteringsarbeid og praktiske dømme vert enten direkte eller indirekte på desse samlingane. Alle som arbeider innanfor eller har interesse for rus- og psykisk helsefeltet i fylket kan delta. Vi koordinerer arrangementa i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Helse Førde, Korus Vest, brukarorganisasjonane Rusettervernet og Mental helse, fylkeskommunen, KS, RVTS, NAPHA, Nav og RKBU Vest. Vi hadde tre samarbeidsmøte i 2015.

*Samhandling for betre habilitering og rehabilitering* var tema for *Samhandlingskonferansen 2015*.

## 84.7 Omsorg 2020

Innovasjon og velferdsteknologi var tema på ein konferanse som vi arrangerte i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Målgruppa for konferansen var leiarar og tilsette i helse-, omsorg- og velferdstenestene. Det vart presentert dømme på tenesteinnovasjon, nye velferdsteknologiprojekt og erfaringar med å ta i bruk velferdsteknologi i fylket. Brukarperspektivet, forskingsresultat, leiing av innovasjonsprosessar og ny stortingsmelding om primærhelsetenesta var også på programmet.

Samhandling om nye arbeidsmåtar, mellom anna velferdsteknologi, var også tema på ein samhandlingskonferanse vi arrangerte i samarbeid med Helse Førde HF og KS. På denne konferansen var samhandlingsrefoma og folkehelse tema. Det vart halde innlegg om samhandling i praksis sett frå ulike ståstader i dei kommunale tenestene og i spesialisthelsetenesta. Forsking og fagutvikling i kommunane var også på programmet. Fylkeslegen tok opp aktuelle omsorgstema i "fylkeslegens time" på denne konferansen.

IT-forum i Sogn og Fjordane arbeider med velferdsteknologi som eit av sine delprosjekt. Prosjektet har som mål å skape ein arena for utvikling av erfaring og kunnskap ved samarbeid om velferdsteknologi i fylket. Både vi og Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester (USHT) er aktive deltakarar i arbeidet og i styringsgruppa for prosjektet. USHT har ansvaret for å drive prosjektet. Kommunane deltek i pilotprosjekt med ulike tema som



handlar om planlegging, praktisk utprøving og implementering av velferdsteknologiske løysingar i helse- og omsorgstenestene. USHT og velferdsteknologiprojektet i fylket skal vere pilot for utprøving av opplæringspakken "Velferdsteknologiens ABC".

Vi har delteke på møte i fag- og samarbeidsrådet for USHT i Sogn og Fjordane. USHT fått avsett tid til informasjon om rolla og arbeidet sitt på våre møteplassar med kommunane. Vi brukar også nettstaden vår til å legge ut informasjon om utviklingssenteret sitt arbeid og andre aktuelle tema, mellom anna ulike tilskotsordningar.

Vi har delteke på og gjeve faglege råd i oppstartmøte mellom Husbanken og kommunar som har søkt om investeringstilskot. Det er vårt inntrykk at etterspurnaden etter investeringstilskot til bygging av sjukeheimar og omsorgsbustader har auka noko dei par siste åra i fylket vårt.

Vi har gjeve informasjon om nytt kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot til kommunane på ulike måtar, i brev til kommunane, på nettsida vår og på møteplassar med kommunane. Det var god søknad på tilskotet. Søknadene utgjorde mest det tredoble av tildelinga til fylket. Søknadene vart koordinert med tilskotsordninga for kompetansetiltak innan psykisk helse og rus. Vi samordna også søknadene med tildelinga av kommunale skjønsmidlar til fornyingsarbeid. Omlag halvparten av tilskotsmidlane vart tildelt ulike kompetansetiltak.

## 84.8 Psykisk helse og rus

Fylkesmannen har i 2015 forvalta tilskot på rus- og psykisk helsefeltet til kommunalt rusarbeid, tilbod til vaksne med langvarige og samansette behov for tenester og barn og unge med samansette hjelpebehov. I alt 15 kommunar har fått tilskot til kommunalt rusarbeid og åtte kommunar (elleve prosjekt) har fått tilskot til tilbod til vaksne med langvarige og samansette behov for tenester og barn og unge med samansette hjelpebehov.

Rusfagleg forum har vore eit veletablert forum eller nettverk som samlast over to dagar vår og haust. Frå 2015 har forumet endra namn til Forum for psykisk helse og rus. Alle som arbeider innanfor eller har interesse for rus- og psykisk helsefeltet i fylket kan delta. Arrangementa vert koordinert av Fylkesmannen i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Helse Førde, KoRus Vest, brukarorganisasjonane Rusettervernet og Mental helse, fylkeskommunen, KS, RVTS, NAPHA, Navog RKBV Vest. Vi hadde tre samarbeidsmøte i 2015.

Invitasjon til forumet går ut til ei brei målgruppe. Tema for samlinga våren 2015 var "Rus og psykisk helse – meir enn behandling!" LAR, "Housing First" og "Individuell jobbstøtte" (eit tiltak der Nav i samarbeid med helseforetaket hjelper alvorleg psykisk sjuke ut i ordinært arbeid). Samlinga var over to dagar med ca. 130 deltakarar. Hausten 2015 arrangerte vi konferanse med temabolkane "Om å forstå vold i nære relasjonar" og "Om Krisesenteret – betydning, behov og utvikling". Denne samlinga gjekk over to dagar og hadde om lag 100 deltakarar.

I 2015 har vi arrangert nettverk i Motiverande intervju (MI), i samarbeid med KoRus Vest.

Våren 2015 vart det i samarbeid med KoRus Vest arrangert samlingar for kommunane om brukarplan.

Saman med Fylkesmannen i Hordaland og KoRus Vest arrangerte vi hausten 2015 ei samling om bruk av tvang mot rusavhengige med heimel i helse- og omsorgstenestelova.

Fylkesmannen har forvalta tilskot til vidareutdanningar i psykisk helsearbeid, rusproblematikk og i psykososialt arbeid med barn og unge. Dei fleste studentane tek vidareutdanning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Vi deltek i referansegruppa for fagplanen for vidareutdanninga i psykososialt arbeid med barn og unge. Fylkesmannen samarbeider med avdelingane for helsefag og samfunnsfag for å gi innspel til utforminga av vidareutdanningane.

Vi har formidla kontakt mellom Sintef og kommunane i fylket i samband med rapportering IS-24-8/2015.

## Resultatområde 85 Spesialisthelsetjenesten

### 85.1 Abort- og steriliseringsnemndene

Det har ikkje vore aktivitet i desse nemdene.

## 85.2 Lov om transplantasjon

Antall saker

Embeter	Antall
FMSF	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

## 85.3 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

## 85.4 Behandling av klager etter psykisk helsevern

I 2015 handsama Fylkesmannen 20 klager om tvangsmedisinering, jf. psykisk helsevernlova § 4-4. Alle vart handsama innan fristen.

## 85.5 Øvrige oppgaver knyttet til det psykiske helsevern

Fylkesmannen har i 2015 ikkje handsama søknader som gjeld dispensasjon frå psykisk helsevernforskrifta § 5 om fagleg ansvar for vedtak i psykisk helsevern. Vi har heller ikkje handsama saker som gjeld godkjenning av institusjonar med ansvar for tvunge psykisk helsevern.

## 85.6 Kontrollkommisjonsoppgaver

Fylkesmannen har oppnemnt medlemmar til kontrollkommisjonane og sendt kopi av oppnemningane til Helsedirektoratet. Vi har godkjent og betalt ut godtgjersle for møte- og reiseverksemd i kommisjonane, og arkivert dokument frå kommisjonane.

## 85.7 Hjemsendelse, hjemhenting og gjennomføring av tvungen psykisk helsevern for pasienter som ikke har bosted i riket

Dette er sjeldne saker hjå oss, med om lag ei til tre saker årleg. Vi har følgd opp ei sak i 2015, elles ligg rettleiingskompetansen hjå FMHO.

## Ressursrapportering

Vi har i 2015 hatt vakanse i to stillingar innanfor tvang og makt og folkehelse. Dette er årsaka til nedgang i forbruket. Vi har rekruttert, og forbruket for 2016 vil vere i samsvar med tidlegare års forbruk.

Vi har nytta meir midlar på framandkapittel i 2015 samanlikna med 2014. Årsaka til dette er at Helsedirektoratet i 2014 overførte midlane til vår bankkonto, medan dei i 2015 har gitt oss belastningsfullmakt. Det er difor først i 2015 at dette kjem med i oversikten.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 2 894 042,05	kr 88 899,40
83 Folkehelsearbeid	kr 565 276,85	kr 884,80
80-1 Folkehelsearbeid	kr 1 500 000,00	kr 1 000,00

83.1 Folketjenestearbeid generelt	kr 5 963,79	kr 0,00
83.2 Tilsyn etter folkehelseloven	kr 0,00	kr 0,00
84 Kommunale helse- og omsorgstjenester	kr 2 081 702,79	kr 533 580,06
85 Spesialhelsetjenesten	kr 55 213,87	kr 1 703 793,26
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 1 231 953,30	kr 499 310,09
Andre oppgaver under HOD	kr 121 781,08	kr 0,00
Sum:	kr 6 955 933,00	kr 2 826 467,00

## **Justis- og beredskapsdepartementet**

### **Resultatområde 51 Siviladministrasjon og borgerrettigheter**

2015 ha vore prega av stor pågang av saker som følgje av flyktningstraumen. Mange einslege mindreårige asylsøkjjarar (EMA) treng oppnemning av representantar i asylsaka og verje når dei har fått opphaldsløyve og skal busettast i kommunane. Sogn og Fjordane har fått ein stor del av EMA, samanlikna med andre fylke.

Heile verjemålforvaltninga har difor blitt sett under press, og vi har sett inn tiltak gjennom rekruttering og nøye prioritering for å handtere situasjonen. Samla sett vurderer vi måloppnåinga som akseptabel ut frå førestandane og ressursituasjonen, jf. tidlegare tertialrapporteringar på verjeområdet. Likevel er vi uroa for at vi ikkje klarar å handtere den auka sakstilgangen utover i 2016, med den tildelinga vi har fått.

#### **51.2 Vergemålsloven og utlendingsloven kap. 11 A**

I fullmaktsbrevet frå Justis- og beredskapsdepartementet 16. januar 2014 (årstal skal vere 2015), vart det sett resultatkrav for Fylkesmannen sine oppgåver på verjemålsområdet i 2015. I fullmaktsbrevet blir vi bedt om å rapportere om følgjande:

- Gjennomsnittleg saksbehandlingstid på oppretting av verjemål
- Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for hasteoppnemning av:
  - Representantar til einslege mindreårige asylsøkjjarar
  - Mellombels verje (setteverje) for barn (ved t.d. dommeravhøyr og barnevernssaker)
  - Mellombels verje (setteverje) for vaksne
- Gjennomsnittleg saksbehandlingstid per embete for utbetalingar og godtgjeringar
- Minst 15 prosent av alle verjerekneskap skal kontrollerast, og dersom det blir avdekka avvik skal verja følgast opp. Fylkesmannen skal rapportere på talet på verjer under oppfølging til Statens sivilrettsforvaltning.
- Elles blir det minna om overgangsføresegna i verjemålslova § 101 nr. 2 og 3. Fylkesmannen bør, så langt det er mogeleg, starte arbeidet med å gå gjennom dei eldre sakene med omsyn til individtilpassing av verjemålet, mandatutforming og rekneskapsplikt for verjene.
- Fylkesmannen har ansvaret for å kvittere ut for at alle midlar som var til forvaltning i kommunane, er overført til ny ordning. Statens sivilrettsforvaltning vil ved brev oppmode bankane til å gå gjennom sine konti og rapportere til Fylkesmannen dersom det ligg føre konto med midlar tilførande overformynderiet.

Vi skal i årsrapporten til KMD i tillegg rapportere om:

- vurdering av måloppnåing
- tilstand og særlege risikomoment i den lokale verjemålsforvaltninga
- talet på saker som gjeld heilt eller delvis fråtaking av rettsleg handleevne og som blir sendt tingretten. Det skal rapporterast om utfall av sakene dersom dette er kjent på rapporteringstidspunktet.

Nedanfor følgjer vår vurdering av måloppnåing for dei ulike resultatkrava på verjemålsområdet for 2015.

#### **Gjennomsnittleg saksbehandlingstid:**



### **Oppretting av verjemål**

Innleiingsvis opplyser vi at tala er henta frå våre eigne, manuelle lister, då tala henta frå datasystemet Arve ikkje vil gi rette tal på våre saksbehandlingstider. Grunnen til dette er at vi til kvar tid i 2015, som i 2014, har hatt mange dokument i innkorga, og at vi har henta dokument frå innkorga først når vi har begynt å jobbe med saka. Det gjer at saksbehandlingstidene blir registrerte feil i Arve, når registrert tid først byrjar å gå når vi hentar saka frå innkorga. Vi går ut frå at dette vil bli annleis frå og med 2016 når vi tek i bruk Vera og skal jobbe talet på saker i innkorga ned.

Ein gjennomgang av tala viser at gjennomsnittleg saksbehandlingstid i saker om oppretting av verjemål er 15,5 veker, medan medianen er 10 veker. I tala er det ikkje tatt høgde for at mange saker har blitt sette på vent over fleire veker som følgje av at vi har venta på innkomen post, t.d. legerklæring og samtykkeskjema, eller fordi personen som har søkt verjemål har bede oss om å vente med saka. Vi ser til dømes at saksbehandlingstida har vore seks veker eller mindre i 25 prosent av sakene, medan ho har vore på 20 veker eller meir i 23,3 prosent av sakene.

### **Hasteoppnemning av representantar til einslege mindreårige asylsøklarar**

Vi har ikkje høve til å skilje mellom hastoppnemningar og ordinære oppnemningar av representantar til einslege mindreårige asylsøklarar (EMA) frå vårt talmateriale. Tala gjeld derfor eit gjennomsnitt av alle oppnemningar av representantar i 2015.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid er 10 dagar i alle saker. Medianen er den same. I 38,5 prosent av sakene er saksbehandlingstida sju dagar eller mindre.

Tala gjeld tal dagar frå saka kom inn til embetet til vedtak i saka var gjort, inkludert helgedagar og helligdagar.

### **Hasteoppnemning av mellombels verje (setteverje) for barn**

Vi har behandla 78 hasteoppnemningar i 2015. I gjennomsnitt har saksbehandlingstida vore 3,9 dagar per sak. Medianen er to dagar. I 59,2 prosent av sakene har vi brukt tre dagar eller mindre før det er gjort skriftleg vedtak.

### **Hasteoppnemning av mellombels verje (setteverje) for vaksne**

I 2015 har vi hatt fleire saker som er behandla snøgt, men vi har ikkje hatt saker som reknast som hasteoppnemningar av mellombels verje for vaksne.

### **Gjennomsnittleg saksbehandlingstid per embete for utbetalingar og godtgjering**

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for utbetalingar har vore 12,6 dagar i 2015. Medianen er sju dagar. Saksbehandlingstida er under 14 dagar i 64,2 prosent av sakene.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i godtgjeringssaker har vore 7,4 veker. Medianen er tre veker og saksbehandlingstida har vore fire veker eller mindre i 38,9 prosent av sakene.

### **Fylkesmannen skal rapportere på talet på verjer under oppfølging til Statens sivilrettsforvaltning**

Vi har kontrollert 15 prosent av alle verjerekneskapa. I tillegg har vi gått gjennom alle rekneskap vi har motteke og etterlyst manglande rekneskapsdokument i alle saker. Etter denne gjennomgangen blir elleve verjer følgde opp då dei korkje har levert rekneskap i 2013 eller i 2014. Elleve verjer får også oppfølging grunna funn i samband med gjennomgang av verjerekneskapa for 2014.

### **Individtilpassing av mandat i eldre saker**

Vi har ikkje hatt høve til å individtilpasse mandat i eldre saker, med mindre det har vore nye spørsmål til behandling hjå oss i desse sakene. Dersom det har vore kontakt frå verjer eller andre som har gitt oss grunn til å sjå nærare på eldre verjemål, har vi vurdert omfanget av verjemålet på nytt.

### **Forvaltning i kommunane – overført til ny ordning**

Vi kjem framleis over kontoar der tidlegare overformynderi står som disponentar. Det er berre éin bank som har sendt lister til oss over slike kontoar. Vi har gått gjennom desse listene, kontakta verjene og bede dei velje bank og produkt for vidare plassering.

Utanom dette har vi i 2015 ikkje gjort noko for å spore opp slike kontoar. Vi er avhengige av bankane for å få til dette.

### **Vurdering av måloppnåing**

Ut frå dei ressursane vi har, vurderer vi at vi har god måloppnåing. Vi vurderer at saksbehandlingstidene jamt over er gode, sjølv om det i nokre saker tek lengre tid enn forventta å gjere eit vedtak. Ofte er det i dei sakene vi ventar på dokument, eller der vi treng å opplyse saka meir før vi kan gjere vedtak, at saksbehandlingstida trekkjer



ut. I tillegg har vi vurdert at vi ikkje har hatt kapasitet til å behandle saker om fråtaking av rettsleg handleevne i 2015, slik at vi har svært lang saksbehandlingstid i desse sakene. I dei sakene som har hasta mest, har vi fått til å opprette frivillige verjemål inntil vi får høve til å sjå nærare på sak om fråtaking av rettsleg handleevne.

Frå januar til juli var vi fire saksbehandlarar som jobba med verjemålssaker, medan vi frå august og ut året gradvis auka bemanninga ved å tilsette tre personar mellombels for å avlaste på grunn av EMA-situasjonen. Vi vurderer at den auka bemanninga har vore heilt nødvendig for å kunne levere dei saksbehandlingstidene vi viser til.

### **Tilstand og særlege risikomoment i den lokale verjemålsforvaltninga**

Samla sett vurderer vi at tilstanden i den lokale verjemålsforvaltninga er god. Vi har bygd god kompetanse og har fått på plass gode rutinar og system for saksbehandling og møte med publikum. Vi opplever å ha god dialog med verjene. Vi vurderer at saksbehandlingstidene er forsvarlege ut frå dei ressursane vi har.

Vi vurderer særleg to risikomoment. Det eine er ei stor auke i oppgåver på verjemålsområdet. For 2015 er det særleg opning av fleire omsorgssenter og asylmottak med til saman 143 einslege mindreårige asylsøkjjarar i fylket som har ført til auke i oppgåvene. I tillegg vart det opna 80 nye EMA-plassar i januar 2016 (og 40 nye i mars), og vi har ein del EMA i ordinære mottak. Til saman har vi frå mars 2016 om lag 11 prosent av EMA i landet, med ei grunnbemanning på verjemålsområdet som tilsvargar to prosent av folketalet. På kort tid får vi tilført ei stort tal saker, vi må rekruttere representantar og sørgje for opplæring internt og eksternt, noko som krev mykje ressursar. Det tek lang tid før vi får tilført ekstra ressursar frå sentralt hald og det blir eit stort arbeidspress for saksbehandlarane. Eit anna risikomoment, som må sjåast i samanheng med det førre, er at vi i 2015 måtte utsetje å prioritere saker om fråtaking av rettsleg handleevne. Vi har fleire saker som vi no vurderer at det hastar med, og som vi må prioritere i 2016. Vi er førebudd på at dette er krevjande saker som vil krevje mykje ressursar.

Samla vurderer vi å ha hatt for låg bemanning på verjemålsområdet sidan oppstart som lokal verjemålsmyndigheit i 2013. Dette har vorte kraftig forsterka som følge av opninga av mange EMA-plassar i 2015 og 2016. Difor byrjar vi å merke slitasje på medarbeidarane våre.

### **Tal saker som gjeld heilt eller delvis fråtaking av rettsleg handleevne og som blir sendt tingretten**

Vi har førebels ikkje hatt saker som gjeld heilt eller delvis fråtaking av rettsleg handleevne til behandling hos tingretten. Vi har i 2015 vurdert mogleg fråtaking av rettsleg handleevne i nokre saker. Fleire av sakene har løyst seg ved at det har blitt oppretta verjemål utan fråtaking av rettsleg handleevne, og dei andre vil bli sendt til tingretten i 2016 då vi ikkje har hatt kapasitet i 2015.

#### **Opgaver etter vergemålsloven**

<b>Embeter</b>	<b>Antall saker</b>	<b>Antall tilsyn</b>
FMSF	1985	8
<b>Sum</b>	<b>1985</b>	<b>8</b>

### **51.3 Forlikrådene**

I 2015 har vi oppnemnt nye medlemmar til eitt av forlikråda på grunn av suppleringsval i kommunen. Vi har også oppnemnt setjemedlem til eitt av forlikråda for eitt enkelt høve. Vi har ikkje hatt tilsynssaker.

### **51.5 Tomtefesteloven**

Vi har ikkje hatt saker etter tomtefestelova i 2015.

## **Resultatområde 52 Borgerrettigheter**

### **52.1 Fri rettshjelp**

Vi har handsama 422 saker på rettshjelpsområdet i 2015. Restansane som vart overførte frå 2014 er rekna med i talet. Ved årsskiftet hadde vi ein restanse på 32 saker. I tillegg har vi fått 65 salær oppgåver frå Kontrollkommisjonen som vi har sendt til utbetaling.

Talet på rettshjelpssaker i 2015 har auka samanlikna med 2014. Vi har fått inn 433 saker i 2015, mot 397 saker i 2014. Restansane vi hadde ved årsskiftet er ikkje rekna med. Vi har sendt kvartalsvise rapportar til Statens sivilrettsforvaltning i tråd med embetsoppdraget. Rapportane inneheld detaljerte opplysningar om sakstypar og kor mykje vi har utbetalt i salær til advokatar som fri rettshjelp.

I 2015 har vi fått ti klager på våre vedtak på rettshjelpsområdet. Alle klagen er sende til Statens sivilrettsforvaltning for klagehandsaming. I åtte av sakene har klageinstansen stadfesta våre vedtak, eitt vedtak er gjort om og ei sak er enno ikkje avgjort.

### **52.3 Navneloven**

I 2015 har vi hatt tre klagesaker etter namnelova. Resultatet i dei tre sakene vart at vi tok klagen til følge og omgjorde vedtaka frå Skatteetaten. To av sakene gjaldt søknad om å endre etternamn, medan den siste saka gjaldt endring av førenamn.

## **Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet**

### **53.1 Oversikt over risiko og sårbarhet**

Fylkes-ROS vart ferdigstilt og publisert i april 2013. Tema og omfang av analysen var drøfta i fylkesberedskapsrådet, og analysen vart òg lagt fram for rådet før publisering. Fylkesberedskapsrådet vedtok ein oppfølgingsplan for fylkes-ROS. Status og oppfølging av planen har sidan vore fast tema på møta i fylkesberedskapsrådet. Det vesentlege av tiltak i planen er følgt opp.

Utanom etatane og organisasjonane i fylkesberedskapsrådet, var fleire kommunar og ein del regionale og nasjonale aktørar (t.d. Fjord1, Avinor og Norkring) involvert i arbeidet med analysen.

For oss er fylkes-ROS ein viktig del av grunnlaget for vår eiga beredskapsplanlegging. Analysen er òg svært nyttig som grunnlag for informasjon og presentasjonar om samfunnstryggleik. Fylkes-ROS vert brukt som eit viktig kunnskapsgrunnlag for val av scenario for øvingar i fylket.

Vi starta opp arbeidet med revisjon av fylkes-ROS hausten 2015, ved at vi laga ein plan for revisjonen. Arbeidet er tenkt gjennomført i 2016, og saka skal behandlast på møtet i fylkesberedskapsrådet i januar 2016.

### **53.2 Samfunnssikkerhet i planlegging etter plan – og bygningsloven**

Ein av hovudstrategiane for samfunnstryggleiksarbeidet vårt er å bidra til trygg arealforvaltning. Vi legg vekt på å rettleie kommunane om korleis dei kan ivareta omsynet til risiko og sårbarheit på ein best mogleg måte. Vi rettleiar kommunane om korleis arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap kan integrerast i planarbeid, og i den kommunale verksemda elles. Møtestader for dette er t.d. rettleiingsmøte, konferansar og høyringsfråsegner til konkrete planar.

I løpet av året starta vi opp tre regionvise læringsnettverk på planområdet. Alle kommunane i fylket deltek. Føremålet med nettverka er særleg å heve kompetansen i kommunane, og betre kvaliteten på plandokument, som til dømes ROS-analysane. I læringsnettverka har vi mellom anna tatt opp at kommunane bør leggje større vekt på å involvere brannfagleg kompetanse i arealplanarbeid.

Ved oppstart av alle arealplanprosessar har vi rettleidd om gjennomføring og oppfølging av ROS-analyser i planarbeidet. Samfunnstryggleik er fast tema i Fylkesmannens fråsegn ved planoppstart. Planforum er òg ein viktig arena for rettleiing tidleg i planprosessen.

Vi har gått gjennom alle kommuneplanane, og hovudtyngda av reguleringsplanane som har vore på høyring. Vi har varsla og nytta motsegn i dei tilfella vi har meint at samfunnstryggleiksomsyn har vore vesentleg sette til side. Vi nytta motsegn mot to kommunedelplanar og to reguleringsplanar, fordi ROS-analysane hadde manglande eller mangelfulle vurderingar av ulukkesrisiko, klimaendringar og/eller naturfare. Dette er tema som òg går igjen i mange av merknadene vi har hatt til planar som har vore på høyring.



I frasegner til oppstartvarsel for planar seier vi alltid at konsekvensar av klimaendringar ma vere ein del av risiko og sårbarheitsanalysen, og at vi vil kunne bruke motsegn dersom planen ikkje syner kva vurderingar som er gjorde. Vi har tidlegare laga ei sjekklister for korleis omsynet til klimaendringar kan integrerast i ROS-analysen, og prøver stadig å vidareutvikle rettleiinga ovanfor kommunane.

Vi deltek i eit FoU-prosjekt saman med Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Føremålet med prosjektet er å utvikle verktøy for ROS-analysar, der klimautfordringar er integrerte.

### 53.3 Tilsyn

Vi hadde tilsyn med sju kommunar i 2015. To av tilsyna vart gjennomførte i samarbeid med DSB, som hadde tilsyn med brann- og redningsvesenet samstundes. Eitt tilsyn vart gjennomført i samarbeid mellom beredskapseininga og helse- og sosialavdelinga.

Vi opplevde det som nyttig og effektivt å føre parallelle og samtidige tilsyn. Tilbakemeldingane frå kommunane var òg positive.

Det omfattande arbeidet med asyl- og flyktningsinstrøyminga utover hausten, gjorde at vi hadde to færre tilsyn enn planlagt.

Vi har rettleidd kommunane i arbeidet med å følgje opp avvik etter tilsyna. Den viktigaste møteplassen for slik rettleiing er rettleiingsmøta vi tilbyr kommunane i etterkant av tilsyn.

Vi har ikkje gjennomført oppfølgingstilsyn med nokon av kommunane.

## Resultatområde 54 Beredskapsplanlegging

### 54.1 Fylkesmannens egen beredskapsplanlegging

Det var færre større akutte uønskte hendingar som kravde tung involvering frå Fylkesmannen i 2015, enn i dei to føregåande åra. Fylket sleppte relativt lett unna ekstremvêret Nina i januar, og dei store snømengdene i fjellet skapte langt færre flaumproblem enn venta utover sommaren.

Vi var involverte i begge dei to tunnelbrannane (Skatestraumen og Gudvanga) om sommaren. Fylkesmannen si viktigaste rolle var å støtte kommuneleinga i dei to kommunane, og bidra til at dei tok del i dialog og informasjonsdeling mellom etatane som var involverte i handteringa. Særleg under tunnelbrannen i Gudvanga, fungerte beredskapen langt betre enn ved førre brann i 2013. Vi meiner evalueringa vi tok initiativ til då, har ført til ei god læring som beredskapsstatane no drog nytte av. Elles må vi nemne at Asyl- og flyktnings situasjonen bar preg av å vere ei nasjonal krise, og erfaring frå krisehandtering og evne til risikoforståing var viktige for måten vi jobba med dette på.

Det er utfordrande å kunne setje av tilstrekkelege ressursar til krisearbeid, særleg når hendingar strekkjer seg over tid. Vi har gjort endringar i kriseorganisasjonen i løpet av året, mellom anna ved at heile leiargruppa no er kriseleing. Det bidreg til å forbetre kapasiteten til krisehandtering over tid.

Vi har hatt ein større gjennomgang og ajourføring av beredskapsplanverket i løpet av året.

Vi har fått installert og teke i bruk nytt gradert samband (FIS/Basis). Vi har starta å skaffe nødvendig påfyll av kompetanse, men opplever det som noko vanskeleg å finne dei kursa og opplæringstiltaka som er relevante.

Kompetansen i SBS har på mange måtar forvittra over tid, og vi har formidla denne utfordringa til DSB. Direktoratet seier at dette er ei generell utfordring i sektoren, og vil setje i verk tiltak i løpet av 2016.

Vi har kompetanse i embetet til å kunne rettleie kommunane i bruk av CIM, men ressurs situasjonen gjer det vanskeleg å prioritere dette høgt.

I juni hadde vi ei øving i bruk av CIM i eigen kriseorganisasjon. Fleire frå kriseleinga og fylkesberedskapsrådet deltok på øvings- og seminardagen i juni, der kommunane var den primære målgruppa.



## 54.2 Regional beredskapsplanlegging

Atomberedskap var eit hovudtema under det årlege møtet i fylkesberedskapsrådet i januar. Som ein del av dette gjennomførte rådet ei øving på eit atomsenario.

Mange av medlemene av fylkesberedskapsrådet har delteke på øvings- og seminar dagar som vi arrangerte for kommunane i 2015 og 2014. Vi la inn som moment i øvingane at kommunane skulle ta kontakt med etatane i rådet når det var aktuelt.

Fylkesberedskapsrådet øvde under "Øving Sogn og Fjordane" i 2012 (i regi av NVE).

## 54.3 Kommunal beredskapsplikt og kommunenes samfunnssikkerhetsarbeid

I samband med tilsynsbesøka i kommunane, tilbyr vi òg eit rettleiingsmøte med vekt på oppfølging av kommunal beredskapsplikt. Dette har vore gjennomført ved alle tilsyn med kommunal beredskapsplikt sidan vi starta opp i 2012.

Alle kommunar har delteke i krisehandteringsøving i vår regi i 2014 og 2015. Nokre kommunar deltok begge år (19 kommunar var med i 2014 og 12 i 2015). Begge åra vart øvingane gjennomførte som ein del av ein øvings- og seminar dag. Under seminardelen hadde vi fleire ulike foredrag om tema som var relevante for kommunane si oppfølging av beredskapsplikta.

Vi har gjennomført ei CIM-øving for alle kommunane. Øvinga vart gjennomført ved at vi sende ut ei melding som vi ba om respons på. Vi har i løpet av året sendt ut ei rekkje reelle varsel via CIM (særleg om ekstremvær, skredfare og flaumfare).

Vi har støtta DNK i innføringa av naudnett i fylket.

## Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

### 55.1 Håndtering av uønskede hendelser

Vi har motteke og sendt vidare nokså mange varsel i løpet av året. Hovuddelen av varsla har kome frå NVE, og dei har omhandla alle typar hendingar innanfor direktoratet sitt fagområde; snøskredfare, jordskredfare og flaumfare. I tillegg har vi fått ein god del varsel om planlagde og ikkje-planlagde utfall i ekomnettet, som vi òg har formidla vidare til aktuelle kommunar og andre relevante instansar.

Det var utsikter til stor snøsmelteflaum i sommar, og vi tok i mot og vidareformidla nokså mange varsel og situasjonsvurderingar frå NVE om dette. På oppmoding frå NVE gjennomførte vi 12. juni eit telefonmøte i fylkesberedskapsrådet. Vi inviterte òg NVE til å orientere kommunane om situasjonen, på ein øvings- og fagseminar dag veka etter.

Utover møtet om flaumsituasjonen, har vi ikkje hatt møte i fylkesberedskapsrådet i samband med kriser og uønskete hendingar. Vi har likevel tett dialog med dei mest sentrale etatane i rådet når det skjer hendingar, dømes ekstremvêret Nina i januar, tunnelbrannane i Skatestraumen og Gudvanga i sommar, og jøkullaupet i Luster i august. Under alle desse hendingane hadde vi òg tett dialog med dei involverte kommunane.

Utfall av ekomforsyninga har ved fleire høve gjort det nødvendig å utføre samordnings- og informasjonsoppgåver.

Vi fekk gode tilbakemeldingar frå deltakarne då vi tok initiativ til tverretatlege evaueringar av begge dei to tunnelbrannane i sommar. Vi inviterte alle etatar og organisasjonar som var involverte i hendingane til møta. Etter initiativ frå oss var DSB òg til stades ved begge høve, og vi inviterte Statens havarikommisjon. Vi skreiv møtereferat, og gjorde dei offentleg kjende gjennom å publisere dei på nettstaden vår.

Vi tok initiativ til eit møte med naudetatane i desember. Temaet der var korleis lærepunkt frå evalueringsmøta kunne følgjast opp. Oppfølging av lærepunkt frå uønskete hendingar vart og sett opp som sak på det årlege møtet i

Handtering av asyl- og flyktnings situasjonen vart eit nokså omfattande arbeid frå hausten og ut året. Vi fekk mellom anna i oppgåve å delta i møte med nasjonale styresmakter, og rapportere om situasjonen i fylket. Vi har arrangert fleire møte for kommunane og regionale styresmakter. Det har vore eit omfattande arbeid å ta i mot og handtere informasjon frå/til/mellom nasjonale styresmakter, kommunane og regionale etatar. Vi har og gjort kartleggingar av bygningar som kunne vere eigna til asylmottak.

## Ressursrapportering

Det er ingen vesentlege avvik på 0525.01.

På framandkapittel har vi nytta meir ressursar på verjemål i 2015 samanlikna med 2014. Årsaka til dette er den store flyktningsstraumen, og talet på mottak for einsleg mindreårige asylsøkjjarar.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr 9 318,31	kr 5 065 145,23
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 0,00	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 570 373,71	kr 6 436,93
53 Forebyggjende samfunnssikkerhet	kr 803 513,44	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 678 535,33	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehandtering	kr 388 119,49	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 27 795,74	kr 0,00
Sum:	kr 2 477 656,00	kr 5 071 582,00

## Kommunal- og moderniseringsdepartementet

### Resultatområde 60 Ledelse, virksomhetsstyring og administrasjon

#### 60.1 Helhetlig ledelse

##### Heilskapleg og strategisk leiing

Også i 2015 gjennomførte vi tre felles leiarmøte mellom avdelingsleiarane og mellomleiarane. I desse møta legg vi vekt på saker som gjeld budsjett, personal og årsplanlegging. Elles har vi faste leiarmøte for leiargruppa annankvar måndag. I juni gjennomførte vi ei felles leiarsamling med Fylkesmannen i Hordaland og i Rogaland. Vi heldt fram med diskusjonar kring korleis vi kan samarbeide om oppgåveløysinga framover. Det var òg diskusjonar kring kommunereform og tidstjuvar.

##### Risikovurderingar

I 2015 evaluerte vi mål- og strategiplanen vår. Rapportering som gjeld embetsprosjekt, avdelingsprosjekt og verksemdkritiske område, har vi som sak i leiarmøtet kvart kvartal. Dei utvalde verksemdkritiske områda følgjer vi opp i 2015. Vi ser at vi framleis brukar ein del tid på risikovurderingane våre, og vi er framleis ikkje heilt i mål med korleis vi skal arbeide med dette temaet. Det er ikkje lett å finne balansen mellom tidsbruk og nytteverdi. Samstundes opplever vi at Riksrevisjonen etterspør dokumentasjon av risikovurderingar på stadig fleire område, med tilvising til reglement for økonomistyring i staten. Oppdraget vårt på området er generelt formulert i tildelingsbrevet, og vi meiner det vil vere formålstenleg om oppdraget vert meir konkret. Vi vil leggje til at vi sjølv sagt alltid har eit blick både på korleis vi løyser oppgåvene våre, og kva som fungerer bra og mindre bra i organisasjonen, utan at vi brukar den meir omfattande systematikken for risikovurderingar.

##### Læring og erfaringsutveksling på tvers

Vi gjennomfører årleg to store samlingar der alle tilsette er inviterte, ei samling om sommaren og ei tidleg i desember. Dei siste åra har svært mange tilsette delteke. I desse samlingane legg vi vekt på erfaringsutveksling og læring på tvers. I 2015 la vi vekt på omdømmebygging og arbeidde i grupper med dette som tema. I samlinga før jul var tilstrøyminga av flyktingar hovudtema. Vi har dei siste åra lagt vekt på å få til betre samarbeid på tvers av

avdelingane. Også i 2015 har vi halde fram med felles avdelingsmøte og lunsjmøte med innhald som høver for alle.

## 60.2 Likestilling

Tabell 1, Tilstandsrapport - kjønn

År	Kjønnsbalanse		Månadslønn - Total sum lønn pr. heltidsekvivalent		Deltid - antall av hvert kjønn		Midlertidig ansettelse - antall av hvert kjønn		Foreldrepermisjon - antall av tatt uttak av permisjon		Legemeldt sykefravær - Menn		Legemeldt sykefravær - Kvinner	
	M	K	M(KR)	K(KR)	M	K	M	K	M	K	Sykedager	Avtalte Arbeidsdager	Sykedager	Avtalte Arbeidsdager
2015	51	83	100	91,3	13	87	4	5	241	895	144	29429	551	29429
2014	48	83	100	91,8	11	89	40	60	50	649	155	28783	554	28783

Tabell 2, Tilstandsrapport - nivå delt

	År	Kjønnsbalanse			Månadslønn - Månedsfortjeneste pr.	
		M%	K%	Total	M(KR/%)	K(KR/%)
<b>Totalt i virksomheten</b>	2015	38	62	100	100	91,3
	2014	38,6	61,4	100	100	91,8
<b>Toppleidelse, kategori 1</b>	2015	62	38	100	100	101,6
Embetsledelse/direktør	2014	50	50	100	100	90,9
<b>Mellomledelse, kategori 1</b>	2015	62	38	100	100	114,9
Seksjonssjef, ass dir	2014	62	38	100	100	114,9
<b>Kategori 3</b>	2015	58	42	100	100	98,7
Saksbehandler 1	2014	56	44	100	100	99,2
<b>Kategori 4</b>	2015	28	72	100	100	100,1
Saksbehandler 2	2014	25	75	100	100	101,5
<b>Kategori 5</b>	2015	17	83	100	100	98,2
Kontorstillinger	2014	25	75	100	100	99,9
<b>Kategori 6</b>	2015	0	100	100	100	100
Fagarbeiderstillinger	2014	0	100	100	100	100
<b>Kategori 7</b>	2015	100	0	100	100	0
Unge arbeidstakere, inkl. lærlinger	2014	0	0	100	100	0

Tabell 3, Ansatte

År	Ledere med personalansvar i %			Ledere - lønn i forhold til kjønn		Medarbeidere uten personalansvar			Medarbeidere - lønn i forhold til kjønn	
	M%	K%	Antall Totalt	M%	K/M%	M%	K%	Antall Totalt	M%	K/M%
2015	64	36	11	100	102,4	36	64	123	100	95,1
2014	54,5	45,5	11	100	0	35	65	120	100	0

## 60.3 Informasjonssikkerhet og IKT

IKT seksjonen var også i 2015 aktive i arbeidet med IKT og informasjonstryggleik. Embetet oppdaterer IKT-tryggleiksinstruksjonen årleg.

IKT-løysingane vi er med på å etablere, vert ROS-analyserte.

I 2015 gjennomførte embetet eigen tryggleiksdag i samarbeid med sikkert.no, der vi i årets foredrag la vekt på nettvit.



Vi har vore aktive i arbeidet med lisensteljing, og er representerte i eiga gruppe som samordnar arbeidet. Embetet er representert i arbeidet med ny IKT-strategi for KMD og tre av våre IKT-rådgjevarar deltek i driftsgruppene knytta til FRI/FMHE.

IKT-seksjonen er òg aktive på mange frontar i arbeidet med digitalisering av løysingar gjennom ulike prosjekt.

## 60.4 Embetsspesifikke oppdrag på IKT-området

### Trippelnett

Hovudoppgåva for drift av Trippelnett var i 2015 oppgradering av internettsidene [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no). Mellom anna vart det lagt vekt på å tilpasse nettsidene til Difi sine målekriterium. Nettstaden fylkesmannen.no skal først innan 2021 tilpasse seg regelverket for universell utforming. Vi ser det likevel som viktig at nettstaden vår alt no vert best mogleg tilpassa ulike brukargrupper, og vi har i 2015 utarbeidd ein kort rettleiar med tips for å ivareta universell utforming ved publisering på nett.

Arbeidet med fellestekstar tek utgangspunkt i justeringar som kjem i samband med tildelingsbrev og embetsoppdrag, men det er behov for mindre endringar i tekstane gjennom heile året.

Vi endrar og utbetrar kjernetekstane både på eige initiativ og etter tips frå fagfolk i andre embete. Fylkesmannen.no har svært mange lenkjer til eksterne nettsider, og andre offentlege nettstader ser ut til å bli oppdaterte i høgt tempo, noko som fører til brotne lenkjer hjå oss. Det er eit omfattande arbeid å vedlikehalde desse lenkene.

Andre prosjekt som har sitt utspring i satsinga på Trippelnett har i 2015 vore:

#### *Styringsprosjektet*

Den digitale løysinga skal understøtte og effektivisere informasjon og rapporteringsdelen mellom departement og fylkesmannsembeta. Styringa frå departementa gjennom tildelingsbrev og instruks er bygd inn i ny løysing parallelt med arbeidet med styringsdialogen.

#### *Digital Teneste Utvikling (DTU)*

Mandatet for prosjektet er å avdekkje og gjere tilgjengeleg eksisterande elektroniske skjema på nettportalen til Fylkesmannen. I prosjektet har det komme fram fleire behov for nye elektroniske skjema.

Vi er positive til den auka vektlegging av digitalisering av skjema, og har bidrege til dette gjennom arbeidet i 2015.

#### *Utfordringar*

Trippelnett-oppdraget gjer at vi får inn mange spørsmål og endringsframlegg frå ei rekkje ulike avsendargrupper. Erfaringa vår er at forventningane frå embeta er sprikande.

Vi viser her til det pågåande arbeidet med revidering av retningslinjer for fylkesmannen.no, og vil sjå det som ein klar fordel at styret i kommunikasjonsforum koordinerer kommunikasjonsfaglege innspel og vurderingar. Det er viktig for oss at kommunikasjonsforum, FMAU og KMD blir samde om kva rolle kommunikasjonsforum og deira styre skal ha overfor Trippelnett.

Endringar i embetsstrukturen er døme på at «eksterne» føringar og prosessar påverkar våre løysingar. Felles nettsider for Aust- og Vest-Agder vart i 2015 etablert både på internett og som intranett.

### Rettsråd

På rettsråd vart det i januar 2015 gjort ei større oppgradering. Oppgraderinga medførte noko nedetid og støy i første del av januar. Dette skuldast mellom anna omlegging til ID-porten som innloggingsløysing. Omlegginga medførte òg at sakshandsamarane i embeta kan logge inn ved hjelp av "Single sign-on" (utan passord). I praksis betyr det at sakshandsamarane kjem direkte inn i løysinga så lenge dei sit på kontoret.

Dette er tidssparande for sakshandsamarane, samtidig som dei ikkje treng å nytte Buypasskort eller MinID/BankID, som er knytt til deira fødselsnummer, for å logge inn.

Frå etableringa av rettsråd har den eksterne løysinga frå More vore ein del av skjemaløysinga. Etter oppgraderinga er ikkje systemet lenger avhengig av More. Dette gjev fleire fordelar, mellom anna er systemet i større grad leverandøruavhengig, plattformen er meir fleksibel og det er fleire høve til kompetansedeling. Den nye

skjemaløysinga har meir utfyllande og oppdaterte hjelpetekstar enn den førre versjonen. Målet er at hjelpetekstane skal vere så informative at behovet for ei eiga brukarretteiing, og for å kontakte brukarstøtta med spørsmål om løysinga, forsvinn.

Den 19. november gjennomførte embetet ei samling for alle sakshandsamarane som nyttar skjemaløysinga til å handsame rettsrådssaker. Formålet med samlinga var å gje sakshandsamarane kunnskap om, og opplæring i, den nye versjonen av skjemaløysinga. Samlinga er eit godt forum for å oppmode embeta om å marknadsføre løysinga for å stimulere til auka bruk i sine fylke. Vi fekk mange positive tilbakemeldingar i etterkant av samlinga.

Vi har gjennom 2015 jobba aktivt mot mange interessantar for å auke bruken av den digitale løysinga. Her kan vi nemne førespurnad til a-ordninga, kontakt med JD om fri sakførsel, kontakt med Domstolsadministrasjonen og møte med Advokatforeningen. Vi har elles fått gode tilbakemeldingar frå Advokatforeningen om den oppgraderte løysinga, og dei har oppmoda oss om å arbeide vidare med nye bruksområde og brukargrupper. Mellom anna har vi vendt oss til Domstoladministrasjonen med førespurnad om vi kan samordne oss med korleis domstolane handterer søknader frå same brukargruppe (advokatar) etter same lov (lov om fri rettshjelp).

## **Resultatområde 61 Samordning og modernisering**

### **61.1 Kommunerettet samordning**

#### **Fylkesmannens rolle og gjennomføring ved tilrettelegging av samordna informasjonsoverføring mellom regionale statsetatar og kommunane**

Dei faste fellesmøta vi har hatt med kommunane dei siste åra, har i 2015 vorte brukte til kommunereforma. I tillegg har vi møtt kommunane enkeltvis ved behov. Vi ser føre oss at vi neste år vil prioritere kommunebesøk til kommunar som har spesielle utfordringar.

For at embetet skal få etablert ei einskapleg forståing av korleis samordningsoppgåvene skal løysast, gjennomfører vi kvart år ein intern kommunedag. Kommunedagen vart arrangert den 9. juni. Tema var samfunnsoppdraget til Fylkesmannen, visjon og strategiplan. Vi såg også på kommunane sine oppgåver sett med rådmannsauge, og rådmannen si deltaking i tilsyn ut frå dei ulike avdelingane sine vurderingar. Dagen vart avslutta med status for kommunereformarbeidet.

Vi har to faste kontaktmøte per år med KS i tillegg til den løpande kontakta. I samband med kommunereforma har vi oppdateringsmøte med KS annankvar veke.

Fylkesmannen gjennomførte den årlege kommunekonferansen 19. mai. Deltakarar er ordførarar, rådmenn, folkevalde og andre administrative leiarar. Hovudtema for konferansen var kommuneøkonomi, kommunereform og framtida til fylket sett i lys av utgreiingar om oppgåveendringar som pågår.

I tillegg arrangerte vi haustsamling for rådmennene i samarbeid med KS.

Fylkesmannen har faste leiarmøte med Nav og statleg leiargruppe.

Fylket vårt har vore spesielt utsett for naturhendingar dei siste åra. Dagmar, brannen i Lærdal og flaumen hausten 2014 er alle hendingar som har kravd samordning undervegs, og lenge i etterkant av hendingane. Vi legg ned mykje arbeid i å følgje opp hendingane økonomisk.

### **61.2 Modernisering i kommunene**

For å stimulere til lokal omstilling og modernisering i kommunesektoren vart det i 2015 sett av totalt 7 mill. kroner av skjønnsmidlane. Kr 3 970 000 vart tildelt prosjekt til kommunereforma og kr 3 030 000 til prosjekt innanfor fornying og innovasjon. Vi informerte om fornyingsmidlane 2015 ved å sende ut brev til alle kommunane og ved å leggje ut artikkel på heimesidene med lenkje til søknadsskjema. Søknadsfristen var 1. mars, og vi fekk 27 søknader; åtte søknader om utgreiing av kommunereform og 19 søknader til fornying og innovasjonsprosjekt. Fem av søknadene stetta ikkje kriteriane for tildeling og fekk avslag. Vi prioriterte søknader



innanfor områda:

- Utgreiing av kommunereform
- Digital forvaltning, med vekt på brukarvenlege tenester og innhald
- Samfunnsutvikling og lokaldemokrati, til dømes på desse områda:
  - Planarbeid, mellom anna med vekt på folkehelse
  - Integrering og rekruttering
  - Velferdsteknologi
- Tverrfagleg samarbeid mellom tenester for barn og unge

Vi har eit eige arbeidsutval for dette arbeidet, der KS-leiaren i fylket er med som rådgjevar. Ved behandling av søknadene deltek også dei ulike fagavdelingane i embetet ved behov. Samarbeidsprosjekt der fleire kommunar deltek blir prioriterte. Vi krev 50 prosent eigenfinansiering frå kommunane ved tildeling av midlar, og vi legg vekt på at kommunane spreier informasjon om ulike prosjekt som har fått fornyingsmidlar. Einskilde prosjekt blir omtalte og presenterte på møteplassar med kommunane, t.d. på den årlige kommunekonferansen for rådmenn og ordførarar. I tillegg informerer vi om tildelingane i ein eigen artikkel på våre heimesider. Elles vert det orientert om enkeltprosjekt i fagnettverk med kommunane innanfor dei ulike avdelingane.

Embetet har i mange år hatt eigne søknadsskjema og rapporteringsskjema til bruk undervegs i prosjektarbeidet. Vi informerer i brev til kvar einskild kommune om oppfølgingsrutinane våre, og sender ut lenkje til skjema om undervegsrapport og sluttrapport to gonger i året.

### **Døme på vellukka prosjekt**

Velferdsteknologi i Sogn og Fjordane er eit prosjekt som har som mål å støtte planlegging og implementering av velferdsteknologi i pleie- og omsorgstenesta i fylket. Prosjektet kom i gang etter tildeling av fornyingsmidlar med kr 400 000 i 2014 som eit pilot- og forprosjekt, og fekk vidare tildelt kr 800 000 i 2015. Dette er eit samarbeidsprosjekt der IT-forum Sogn og Fjordane er styringsgruppe, og arbeidsgruppa er representert med medlemmar frå kommunane, fylkeslegen, Vestlandsforskning, IT-forum og Nav. Prosjektleiaren er leiar i rådmannsutvalet i fylket. I arbeidet har også alarmsentralen og Helse Førde vore involverte. Prosjektet er viktig for å møte framtidens utfordringar og behov i pleie- og omsorgssektoren. Etter forankring og kartlegging i 2014 har prosjektet i 2015 jobba vidare med følgjande delmål: Feller kunnskapsutvikling for alle kommunane, ressursgruppe for kommunal utbygging og velferdsteknologi, trygghettpakkar for heimebuarar og brukarar i omsorgsbustader, meistring av eiga medisiner, aktivisering med sykkel og video, og prosjektleiing. Arbeidet i 2015 starta opp med fylkeskonferanse i januar 2015, og vi ventar årsrapport 1. mars 2016.

Eit prosjekt kalla meldingsløftet, som vi også nemnde i fjor, er kanskje det viktigaste resultatet av tildelingane av fornyingsmidlar i fylket siste åra. Meldingsløftet inneber at alle kommunar i fylket utvekslar pasientopplysningar elektronisk mellom legekontor, helse- og omsorgssektor og helseforetak. Både Riksrevisjonen og kontrollkomiteen i Stortinget har i 2014 kritisert at landet ligg eit stykke bak den nasjonale målsetjinga om å få meldingsutvekslinga på plass. I Sogn og Fjordane var prosjektet slutført i juni 2014. Vi er ikkje kjende med at andre fylke enno har kome i mål med alle kommunar, med atterhald for at vi ikkje har fanga opp alt. Prosjektet fekk i perioden 2007 til 2013 i alt 3 830 000 kr i tildeling, der fornyingsmidlane frå Fylkesmannen utgjorde 565 000 kr. Resten var regionale utviklingsmidlar frå fylkeskommunen. Alle kommunane i fylket var gjennom KS med på søknadene. IT-forum Sogn og Fjordane stod for prosjektansvaret med hjelp frå Vestlandsforskning. Velferdsteknologiprojektet er naturleg vidareføring av meldingsløftet.

Eit anna vellukka prosjekt er integrering av busette flyktningefamiliar i Jølster kommune. Dette prosjektet starta opp i 2014 og fekk tildelt kr 400 000. Prosjektet vart vidareført i 2015 og fekk då tildelt kr 200 000 i fornyingsmidlar. Prosjektet er godt forankra i kommunen. Prosjektet har lagt vekt på foreldrerettleiing og "korleis forstå foreldrerollen i Norge", involvering av lag og organisasjonar i aktivitetar, og deltaking i andre sosiale møteplassar. Kommunen har også fått etablert norske "venefamiliar" for flyktningar i lokalmiljøet, noko som har vore ei positiv erfaring. Jølster kommune har i dag to mottak.

Elles har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane på oppdrag frå KMD utvikla ny elektronisk løysing for søknader om prosjektskjønsmidlar, ISORD, som i 2016 vert teken i bruk av alle fylkesmenn. Vi håpar at løysinga gjer det enklare både å søkje, rapportere og å vurdere søknader.

### **61.3 Samordning av statlig tilsyn**

Vi har ei intern tilsynsgruppe der alle avdelingane er representerte. Føremålet med gruppa er å samordne Fylkesmannen sine tilsyn, kommunebesøk og forvaltningskontrollar i kommunane slik at same kommune unngår å få tilsyn frå ulike statlege etatar i same månad. Tilsynsgruppa skipa til ein felles fagdag for dei som arbeider med



tilsyn der tema var "tilsyn som verktøy for endra handling i kommunane". Ei erfaring frå dette er at varig endring i større grad skjer når kommunane sjølve ser avvika ved at dei arbeider med tilsendte spørsmål i forkant av tilsynet.

Kvart år har tilsynsgruppa møte med sekretariata for kontrollutvala i kommunane og fylkeskommunen. Her utvekslar vi erfaring og orienterer kvarandre om tilsynsaktiviteten. Målet er ei koordinering slik at vi og kontrollutvala kan dra nytte av arbeidet til kvarandre. Annakvart år har vi også møte med Arbeidstilsynet og Mattilsynet i eit utvida møte. På nettsida vår legg vi ut tilsynskalender og oversikt over møte og konferansar spesielt retta mot kommunar. Ein gong i halvåret sender vi brev til alle kommunane med planar for tilsyn og forvaltningskontrollar. Mattilsynet og Arbeidstilsynet får kopi av brevet. Vi har eit godt samarbeid med dei andre tilsynsetatane, men det er ei utfordrande oppgåve å få til god koordinering og samordning av all tilsynsverksemnd retta mot kommunane.

## Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

### 62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

I 2015 har vi kontrollert og godkjent vedtak og saker i samsvar med økonomiføresegnene i kommunelova. Vi har godkjent budsjett og kontrollert økonomiplanar for sju Robek-kommunar. Seks av Robek-kommunane fekk godkjent budsjett for 2015 og økonomiplan for 2015 til 2018. Ein kommune er framleis ikkje godkjent. I tillegg har vi gått gjennom budsjett og økonomiplanar for dei 19 andre kommunane i fylket. Ein kommune vart meldt ut av Robek etter godkjenning av økonomiplan i februar. Etter gjennomgang av rekneskap for 2014, vart ytterligare to kommunar melde ut av, medan ein ny kommune vart meldt inn. Ved utgangen av 2015 hadde vi fem kommunar registrerte i Robek.

Etter § 60 nr. 2 har vi godkjent til saman 64,5 mill. kroner i nye lån til Robek-kommunane. Låneformål er for det meste til VAR-tenester, omsorgsbustader til eldre og uføre og bustader til flyktningar som det er gode tilskotsordningar for, og noko til opparbeiding av nye bustadfelt. Sidan ein kommune ikkje har fått godkjent budsjettet for 2015 endå, har han heller ikkje fått lånegodkjenning.

I 2015 har vi handsama sju kommunale garantiar og alle vart godkjende.

Vi har handsama og godkjent seks lånesøknader frå interkommunale selskap.

Vi har ikkje behandla saker om vedtekter for kraft og heimfallsfond.

### 62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Då revidert nasjonalbudsjett 2015 og kommuneproposisjon for 2016 vart lagt fram, sende vi same dag ut brev til alle kommunane i fylket om endringar og innhald. Vi informerte også om same tema på den årlege kommunekonferansen i mai. Då statsbudsjettet vart lagt fram 7. oktober, inviterte vi ordførarar og rådmenn til ein eigen dagskonferanse, der vi følgde overføringa av at finansministeren la fram statsbudsjettet og deretter analyserte vi følgjene for kommunane i vårt fylke. I tillegg strøyma vi konferansen, og hadde mange sjåarar på nettet. I tillegg informerte vi i brev.

Nytt inntektssystem og anna relevant styringsinformasjon har vore tema i møte med kommunane i fylket hausten 2015, spesielt i samband med kommunereforma. I tillegg har vi informert om dette på fagdag for folkevalde som vi har gjennomført i dei to første vekene i januar 2016.

Vi har i 2015 hatt sju møte med kommunar der økonomi var tema. Dette kjem i tillegg til den løpande kontakten vi har med alle kommunane i fylket.

Vi har eit eige økonominettverk i fylket, der økonomisjefar og rekneskapsmedarbeidarar i kommunane deltek. Kommunerevisjonane er også godt representerte i nettverket. I 2015 hadde nettverket to samlingar. Tema på vårsamlinga var mellom anna pensjon, budsjett og rekneskap, og nyhende om pensjon frå GKRS. Kommunereforma, kommuneproposisjonen og nyhende og regelendringar frå GKRS var også tema. Haustsamlinga var vigd til Kostra-rapportering og analyse. Økonominettverket har eit eige område på nettsidene våre: <https://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Kommunalstyring/Kommuneokonomi/Okonominettverket/>

Følgjande kommunar har vore registrerte i Robek: Vik, Bremanger, Lærdal, Selje, Askvoll, Høyanger og Gaular. Lærdal, Askvoll og Høyanger vart utmelde i løpet av året, medan Gaular kom inn. Kommunane blir følgde opp ved kontroll og godkjenning av budsjett og økonomiplan, og godkjenning av låneopptak. I tillegg får vi tilsendt tertial- og kvartalsrapportar til gjennomgang. Selje kommune har fått samtykke til eitt år ekstra nedbetalingstid av underskotet sitt, i samråd med departementet. Vi har i løpet av året hatt møte med kommunen om den økonomiske situasjonen. Vi har òg sporadiske samtalar med kommunane.

Tidleg på året vedtok vi å bruke delar av skjønnsmidlane våre til Robek-kommunane i form av å betale deltakaravgift i KS sitt effektiviseringsnettverk for Robek-komunar. Alle kommunane fekk tilbod om å delta, og fem kommunar sa ja. Nettverket har vi hatt saman med fire kommunar i Sør-Trøndelag, og fylkesmannsembetet der. Dette har vore ei positiv oppleving, og vi får gode tilbakemeldingar frå kommunane. Nettverket har hatt hovudvekt på analysar (Kostra), styringssystem, tenesteresultat, å hjelpe tenestene til å finne eige handlingsrom og korleis gjennomføre endringar for å kome ut av Robek. Rådmenn, ordførarar, media og politikarar har delteke på felles samlingar. Siste samling skal vere i mai 2016. Det har vore arrangert møte i alle kommunane, der kommunestyret, tillitsvalde og administrasjonen har delteke. Vi ser klare forbetringar i dei innsende budsjett- og økonomiplandokumenta i år, og nettverket har bidrege til auka kompetanse og læring i kommunane.

### Skjønnsmidlar 2015

Samla ramme for skjønnsmidlar i 2015 var 73,3 mill. kroner. Av dette delte vi ut 32,03 mill. kroner som kompensasjon for auka sats for arbeidsgivaravgift og 7 mill. kroner som fornyingsmidlar. Resten, 34 270 000 kroner, fordelte vi til kommunane ut frå ei vurdering av vanskeleg økonomi, frie inntekter, sosiale kriterium og utgiftsbehov til språkdeling.

### Kostra

Før kostrarapportering for 2014 vart det informert om rapportering, fristar og nyhende på våre heimesider, og denne vart sendt til kommunane. Vi følgde opp kommunane med telefon eller e-post der vi såg at skjema mangla eller ikkje var godkjende hjå SSB. I byrjinga av februar sende vi ut e-post til kommunane der vi la spesielt vekt på skjema 34 A og B og 35 A og B, kommunal eigedomsforvaltning og kostnader til dette. Etter rapporteringsfristen følgde vi opp kommunane med telefon og e-post for at kommunane skulle rette opp i rapporteringa innan fristen den 15. april.

Førebuing til Kostra-rapportering for 2015 starta på økonominettverksamlinga i november, der heile samlinga var vigd til Kostra. Tema var rapportering, vurdering av innrapporterte data, art og funksjonar og økonomisjefen og andre leiarar si rolle i prosessen. Kvar kommune jobba med å utarbeide sitt eige Kostra-notat, med ein plan for gjennomføring med tidspunkt og ansvarleg for avdelingane. Vi hadde eksterne innleiarar frå SSB og NKK. På analysedelen deltok KS. I rapporteringsperioden følgjer vi opp kommunane, og vi legg ut informasjon om rapporteringa på våre heimesider i god tid før rapporteringsstart. Vi håpar at førebuingane vi har gjort, vil vise att i resultatet av rapporteringa for 2015.

## Resultatområde 63 Kommunalrett, forvaltningsrett, kommuneinndeling og valg

### 63.1 Kommunalrett

Vi har gitt generell rettleiing om kommunalrettslege spørsmål. Det har særleg vore spørsmål om habilitet, i tillegg til organisering, innkalling og votering i kommunale organ.

Som tidlegare år har vi fått fleire saker med oppmoding om kontroll av eige tiltak som vi ikkje har sett grunn til å gå vidare med. Dette er både frå media, organisasjonar og private. I desse sakene har vi lagt vekt på å rettleie kommunen i det aktuelle regelverket. Eit gjennomgåande tema er opne eller lukka møte i folkevalde organ, og kva møte som går inn i møteomgrepet etter kommunelova og dermed skal vere opne for ålmenta.

Vi har ikkje fått klager etter kommunelova § 60d fjerde ledd.

#### Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i	Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen	Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter



	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMSF	3	3	0	1	0	1	0	0
<b>Sum</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>0</b>	<b>1</b>		

### 63.3 Kommuneinndeling

I starten av 2015 heldt vi fram med å informere til kommunestyra. Frå hausten 2014 har vi møtt i 20 kommunestyre for å informere om bakgrunn og rammer for kommunereforma. I tillegg har vi vore med på tre folkemøte. Vidare har vi i tett samarbeid med KS lagt til rette for å informere og oppmuntre om arbeidet i kommunereforma ved:

- Besøk til ordførar og rådmenn i alle kommunar i første halvår
- Rådmannssamling i februar
- KS-konferansar i februar og november
- Prosjektleiarsamlingar for kommunane i april og oktober
- Kommunekonferansen vår i mai
- Referansegruppa (Fylkesmannen, KS, regionrådsleiarane, fylkeskommunen og Distriktssenteret) hadde tre møte i 2015
- Prosjekt møte, styringsgruppemøte og forhandlingsmøte mellom kommunane, der vi i dei fleste har prioritert å delta som observatør og rådgjevar
- Tilrettelegging og deltaking der kommunane har involvert ungdommen

I dialogen har kommunane vore mest opptekne av følgjande utfordringar:

- Kva nye oppgåver kan større kommunar forventast å få?
- Endringar i regionalt folkevald nivå burde vore avklart før eller samtidig med kommunane sine vedtak om kommunesamanslåing
- Nytt inntektssystem skulle vore avklara tidlegare i prosessen
- Prosess for samanslåing av kommunar over fylkesgrenser
- Når kan det gjerast unntak frå hovudregelen at samanslåing av kommunar skal vere frivillig?

Fylkesmannen har teke innspela opp til drøfting med kommunane og vidare til rettleiing frå departementet.

Vi oppmoda kommunane om å gjere eit retningsval for vidare utgreiing innan 1. mars. I alt 25 kommunar valde retning fordelt på fem felles utgreiingar, med tillegg for tre underalternativ. Til gjennomføring av utgreiingane fekk kommunane til saman 4 mill. kroner i fornyingsmidlar (prosjektskjønnsmidlar). Kommunane fekk på plass prosjektorganisering, både for kvar kommune og felles prosjekt. Dei utarbeidde fakta- og utfordringsdokument som grunnlag for intensjonsavtalar og høyring av innbyggjarane. Ti kommunestyre vedtok intensjonsavtalar og gjennomførte innbyggjarundersøkingar. I samband med retningsval hadde elleve kommunar ei enklare kartlegging frå innbyggjarane.

Ved utgangen av året var 25 kommunar med i ulike felles prosjekt. Ein kommune gjorde vedtak om å avslutte reformarbeidet.

Per utgangen av februar 2016 har 15 kommunestyre vedteke intensjonsavtalar, sju er framleis i forhandlingar, og fire kommunar har avslutta utgreiingar eller forhandlingar med andre kommunar. Dei fleste kommunane i fylket har etter kvart arbeidd godt med reforma.

For å klare fristen 1. juli 2016 for vedtak om ny kommunestruktur, har kommunane ei utfordring med å avgrense og prioritere mellom fleire alternativ. Fleirtalet kjem til å gjennomføre folkerøysting om samanslåing, og vi er spente på utfallet.

Vi har nytta meir ressursar på kommunereforma enn tildelinga frå departementet. Grunnen er mellom anna at vi har prioritert å vere med på dei fleste møta der intensjonsavtalar er diskuterte.

### 63.4 Valg

I 2015 har vi rettleidd kommunane i eit par spørsmål som gjaldt tolking av vallova.

### 63.5 Forvaltningslovens og offentleglovas anvendelse i kommunesektoren



I 2015 har vi handsama 16 klager på manglande dokumentinnsyn etter offentleglova. Seks av klagenes gjaldt fylkeskommunen, og ti klager gjaldt kommunar. Ei av klagenes vart teken til følgje, og to klager vart tekne delvis til følgje. Ei av klagesakene vart avslutta hos oss utan vedtak, då saka vart avslutta i kommunen etter at klagen kom til oss. Ei av sakene der vi stadfesta fylkeskommunen sitt vedtak, er i slutten av desember sendt til Sivilombodsmannen for vurdering.

Mot slutten av året mottok vi fem klager på manglande innsyn etter offentleglova mot ein kommune. Disse er returnerte til kommunen for ny vurdering, før dei eventuelt blir sendt til oss for klagehandsaming.

Vi har også behandla ei klage på manglande dokumentinnsyn etter forvaltningslova. Denne klaga vart teken til følgje.

I løpet av året har vi også mottoke fleire førespurnader om manglande innsyn mot kommunane. Vi har svara med generelle råd og rettleiing om gjeldande reglar i offentleglova og forvaltningslova om korleis innsynskrav skal handsamast.

## **Resultatområde 66 Planlegging, bolig- og bygningsrett**

### **66.1 Byggesaker**

Vi har handsama 113 byggesaker i 2015, det er likt med 2014. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for 2015 var 82 dagar per sak. Talet for 2014 var 99.

I 2015 fekk vi inn 103 saker frå eige fylke, medan talet på setjesaker var 56. Ved årsskiftet hadde vi ein restanse på 66 saker, mot 23 ved førre årsskiftet.

IKT-seksjonen vår fekk i 2015 bestilling frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om vidareutvikling av SYSAM-løysinga, som skal ferdigstillast i 2016, i samarbeid med fylkesmannsembeta i Hordaland, og Oslo og Akershus. Vi har spelt inn praktiske erfaringar, utfordringar og behov til arbeidet.

Vi var ikkje innanfor fristen på tre månader saksbehandlingstid per 31. desember 2015. I 2015 har vi hatt 45 saker over denne fristen. Blant desse sakene fordelte overskridinga seg slik:

- Avslutta innan 16 veker: 18 saker
- Avslutta innan 20 veker: 11 saker
- Avslutta innan 25 veker: fem saker
- Avslutta innan 30 veker: fire saker
- Avslutta innan 35 veker: tre saker
- Eldre enn 35 veker: fire saker

#### **Forlenging av saksbehandlingsfrist**

Vi har ikkje avtalt eller einsidig bestemt fristforlenging jf. plan- og bygningslova § 21-8 og byggesaksforskrifta § 7-3.

### **66.2 Saker om ekspropriasjon**

Vi har i 2015 gjeve samtykke til oreigning i medhald av oreigningslova § 2-19 i ei sak. I same saka gav vi avslag på søknad om førehandsovertaking. Vedtaket vart klaga på og saka vart sendt til Olje- og energidepartementet for endeleg handsaming. Departementet stadfesta vårt vedtak.

Vidare har vi gjeve samtykke til førehandsovertaking i to saker. I ei av sakene vart vårt vedtak klaga på. Vedtaket vart stadfesta av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

I spørsmål om oreigning har vi har rettleidd både kommunar og privatpersonar.

## 66.3 Klage etter eierseksjonsloven og lov om kommunal forkjøpsrett til leiegårder

Vi har ikkje hatt slike saker i 2015.

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMSF	0	0	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## 66.5 Planlegging, byutvikling og geodata

### 66.5 Planlegging, byutvikling og geodata - Faste oppgaver

#### Plan- og dispensasjonssaker

Totalt fekk vi på høyring 484 plan- og dispensasjonssaker i 2015. Vi har handsama 439 saker i 2015. Om lag halvparten av sakene vi har på høyring er dispensasjonssaker, og i overkant av 30 prosent av dispensasjonane gjeld bygging eller tiltak i strandsona. Ein del mindre dispensasjonssaker som vi reknar som lite konflikthulle, prioriterte vi ikkje å gje fråsegn til.

Mange kommunar arbeider med å revidere kommuneplanen, og vi har hatt eit vesentleg meirarbeid knytt til dette (inkludert deltaking i planforum). Vi har brukt store ressursar på offentleg høyring av fleire kommuneplanar og kommunedelplanar både 2015 og i 2014. Med ein viss nedgang i talet på saker på høyring i 2015 har vi likevel greidd å auke innsatsen for andre måtar å rettleie kommunane på. Etter ein intern gjennomgang og evaluering av vår rettleiing til kommunane, har vi saman med fylkeskommunen starta opp læringsnettverk på planområdet for kommunane. Vi har lagt ned mykje arbeid i dette, og vi har arrangert regionsvise nettverksamlingar tre gonger i 2015. Vi har store forventingar til at læringsnettverket skal auke kompetansen og føre til nærare samarbeid på planområdet mellom kommunane, og på sikt føre til betre kvalitet på planar vi får til høyring. Vi har også jobba mykje med informasjon og rettleiing på heimesidene våre. Vi har innarbeidd nye rutinar (effektivisering) for handsaming av dispensasjonar og oppstart av reguleringsplanar der arealbruken er avklart i overordna plan, der tekstane på heimesida er viktige.

Vi har eit godt tverrfagleg samarbeid på planområdet i embetet. Det er plangruppa på miljøvernavdelinga som koordinerer innsatsen. Frå 2015 har vi fått på plass fast plankoordinator.

Vi har fremja motsegn mot 15 planar og klaga på åtte dispensasjonsvedtak i 2015. Vi fremjar motsegner berre når det er vesentlege konflikter med nasjonale eller regionale interesser. Åtte av planane med motsegn gjeld store arealplanar (arealdel, kommunedelplan for areal eller områdeplan), og fleire av desse har motsegn mot fleire område eller tilhøve. Dei fleste av desse motsegnene er no avklarte gjennom møte eller synfaring i ettertid.

## Resultatområde 68 Samepolitiske hensyn

### Resultatområde 69 Partistøtte

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for drift, forvaltning og vidareutvikling av den elektroniske løysinga <http://www.partistotte.no/>.

Det er organisert og halde møte saman med SSB, Partilovnemnda og KMD, og vi har bidrege i informasjonsmøte rundt om i landet. Vi deltok også i møte med dei politiske hovudorganisasjonane og politisk leiing i departementet i desember.

Det ligg pdf-fil i portalen for dei partia som ønskjer å søkje på papir. Det er fylkesmennene som godkjenner søknadene i kvart fylke.

Partiportalen vert oppdatert i januar 2016 med valresultat for 2015.

Talet på utbetalingar og datoar vert styrt av KMD, medan vi står for den praktiske gjennomføringa. Utbetalingane skjer om lag 1. april, 1. juli, 20. september og 15. november.

Registervedlikehald blir utført av oss saman med dei andre fylksmannsembeta.

Vi samarbeider også med SSB om datoar og fristar for når Partiportalen skal vere oppdatert.

Drift og forvaltning av nettsida [www.partilovnemnda.no](http://www.partilovnemnda.no) blir utført i nært samarbeid med sekretariatsleiar for Partilovnemnda.

## Ressursrapportering

På 0525.01 har vi hatt vakanse i nokre stillingar. I tillegg vart tildelinga redusert på grunn av innføring av nettoføringsordning for meirverdiavgift og innføring av effektiviseringsgevinst. Vi har også redusert kostnadene på nokre av dei administrative driftskontoane.

Vi har tilsett eigen prosessrettleiar for arbeidet med kommunereforma. I 2015 vart det heilårsverknad av både tildeling og ressursbruk.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 23 150 152,36	kr 0,00
Embetsspesifikke landsdekkende oppgaver (f.eks. FRI og trippelnett)	kr 8 268 066,83	kr 0,00
62 Kommuneøkonomi	kr 634 286,01	kr 0,00
66 Planlegging, bolig- og bygningsrett	kr 4 699 915,93	kr 0,00
Konsultasjonar mellom statlige myndigheter og Sameting	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under KMD	kr 970 079,29	kr 756 736,05
Sum:	kr 37 722 500,00	kr 756 736,00

## Kulturdepartementet

### Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

I 2015 vart det utbetalt 425 250 kroner i statstilskot til registrerte og uregistrerte trussamfunn, mot 606 564 kroner i 2014. Ei av årsakene til at det vart utbetalt mindre tilskot samla sett i 2015 enn året før, er at tilskotet for 2014 inneheldt ei større tilleggsutbetaling til eitt av trussamfunna. Ei anna årsak er at kravet om tilskot frå eit av trussamfunna for 2015 vart avvist som følge av at det vart sendt inn for seint. Vårt avvisingsvedtak vart klagt på, men vart seinare stadfesta av Kulturdepartementet.

Følgjande ti trus- og livssynssamfunn i Sogn og Fjordane har fått utbetalt statstilskot i 2015:

Eitriske ortodokse kyrkje Sogndal - statstilskot for 100 medlemmer

Filadelfia Stryn - statstilskot for 18 medlemmer

Florø Islamisk Kultursenter - statstilskot for 432 medlemmer

Førde Pinsemenighet - statstilskot for 32 medlemmer

Kristkyrkja i Florø - statstilskot for 46 medlemmer

Kristkyrkja i Førde - statstilskot for 27 medlemmer



Nordfjord Bibelsenter - statstilskot for 16 medlemmer

Pinsekirka Filadelfia, Flora - statstilskot for 45 medlemmer

Pinsekyrkja Sion, Sandane - statstilskot for 89 medlemmer

Pinsemenigheten Filadelfia, Stadlandet - statstilskot for 70 medlemmer

Elles har vi ikkje fått andre klager på den endelege fastsetjinga av statlege eller kommunale tilskot for 2015.

Vi har i tillegg fått søknad frå eitt av dei uregistrerte trussamfunna om å bli registrert som trussamfunn. Ved utgangen av året var denne søknaden framleis under handsaming.

## **Resultatområde 96 Gravferdsloven**

Vi handsama 29 søknader om oskespreiing i 2015, mot 36 søknader i 2014. Vi gav løyve til oskespreiing i 25 av sakene. Ingen søknader vart avslagne, men fire vart avslutta etter at søkjarane fekk rettleiing om gjeldande regelverk og retningslinjer og etter at vi bad om å få tilleggsopplysningar for å kunne handsame søknadane.

I tillegg fekk vi inn ein søknad om privat gravstad. Denne var ikkje ferdig handsama ved utgangen av året.

Vi fekk ikkje inn klager på kommunale enkeltvedtak etter gravferdslova i 2015.

## **Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred**

I 2015 handsama vi sju søknader om dispensasjon frå regelen om at utsalsstader skal halde stengt på helgedagar. Dette er tre færre enn i 2014. Seks av søknadane vart godkjende, medan ein vart avslutta utan handsaming på grunn av mangelfulle opplysningar.

Lærdal kommune vart i forskrift 20.01.2015 godkjend som typisk turiststad i perioden 1.juni til 15.september. I tillegg har vi fått ein søknad om tilsvarande godkjenning frå Balestrand kommune i 2015. Denne søknaden er under handsaming.

## **Kunnskapsdepartementet**

### **Resultatområde 31 Forvaltningsoppgaver - barnehagen og grunnsopplæringa**

Gjennom 2015 har utdanningsavdelinga hatt redusert bemanning, frå januar til mai med ei 100 prosent rådgjevarstilling og frå august til desember med ei 60 prosent rådgjevarstilling. Dette har medført nedprioriteringar på enkelte felt i periodar, men alle oppdrag og oppgåver er løyste.

#### **31.1 Tilsyn**

##### **Resultatkrav**

- Gjennomføre tilsynsaktiviteten i samsvar med aktivitetskrav
- Gjennomføre alle tilsyn etter gjeldande metodehandbok og instruks

##### **Vurdering av måloppnåing sett opp mot resultatkrav**

Tilsynsaktiviteten for 2015 er lagt opp etter felles kategorisering av tilsyn, jf. notat frå Utdanningsdirektoratet 14.11.2014. I notatet går det fram at poengkravet for Sogn og Fjordane var 34 poeng for opplæring og 14 for barnehage. I 2015 har vi gjennomført tilsyn tilsvarande 39 poeng for opplæring og 14 for barnehage. Vi meiner at vi har innfridd både mål og resultatkrav for 2015 på ein tilfredsstillande måte ut frå dei ressursane vi rår over.

## Barnehage

På barnehageområdet er det gjennomført tilsyn i tråd med planane frå Utdanningsdirektoratet. Vi har gjennomført fem tilsyn. To av desse er gjennomførte etter aktivitetskrav fire, eitt etter aktivitetskrav tre, eitt etter aktivitetskrav to og eitt etter aktivitetskrav ein. Alle tilsyn var planlagde, og kommunane vart varsla i god tid før oppsett dato for tilsyn.

Val av tilsynsobjekt er gjort ut frå ei risikovurdering der sentrale moment er kunnskap om kommunen si organisering på skule- og barnehageområdet, klagesaker, tidspunkt og resultat frå førre tilsyn, og registreringar i Basil. Vi har òg lagt vekt på om kommunane deltek på våre møteplassar. Vi har eit system for mediasaker som gir oss oversikt over kva som skjer i fylket på barnehageområdet. Eitt av tilsyna vart planlagt og gjennomført etter ei klage på barnehagetilbodet frå brukarar.

Tema for tilsyn har vore:

- kommunen som barnehagemyndigheit (§ 8)
- kommunen sitt tilsyn med barnehagane (§ 16)
- kommunen si handtering av regelverket om styrar, pedagogisk bemanning, pedagognorm og dispensasjonar (§§ 17 og 18)
- opplysningsplikt til barneverntenesta (§ 22)

Val av tilsynstema, barnehagelova § 22, er gjort med bakgrunn i tverrfagleg samarbeid internt i embetet. I samarbeid med rådgjevar på barnevernsfeltet, er tilsynet gjennomført med ein kommune etter modellen «læringstilsyn», der andre kommunar i regionen vart inviterte til å gjennomføre eigenkontroll. Fire av sju kommunar i tillegg til tilsynsobjektet deltok og gjennomførte eigenkontroll.

Val av tema for tilsyna er gjort på bakgrunn av tilsynssamlingane med Utdanningsdirektoratet om barnehagelova § 8, og krava til rettleiing av kommunen som barnehagemyndigheit. Vi har også sett på avvik frå tidlegare tilsyn på § 16, som vi har følgd opp. Ut frå rapportering i Basil har vi valt å sjå nærare på §§ 8 og 18 i nokre kommunar.

Vi legg vekt på at regelverksbrot blir retta, og på god dialog med kommunen i etterkant av tilsynet. Dette er viktig for å få til endring av praksis. Det er alltid to rådgjevarar på barnehageområdet som gjennomfører tilsynet. Ein jurist har vore med på to av tilsyna og er ein viktig drøftingspart både i før- og etterarbeidet. Tilsynsrapportane vert lagde ut fortløpande på nettstaden vår.

Vi har nådd dei tilsynspoenga det var krav om. I tre av fem tilsyn vart det ikkje avdekt lovbrøt. Alle pålegg om retting er tett følgde opp til tilsyna er avslutta. Vi opplever stadig nye tolkingar av lovkrav i barnehagelova og prøver å formidle dette vidare i tilsyna og i informasjon til kommunane.

### Resultatkrav - eigenvurdering

For 2015 vart det utarbeidd eit krav om tilsynsaktivitet etter samla sum tilsynspoeng. Vi melde inn aktivitet på tilsynsområdet som var innanfor kravet frå Utdanningsdirektoratet.

Vi opna tilsyn etter barnehagelova §§ 8 og 22 der vi brukte gjeldande kontrollspørsmål etter § 8 og utarbeidde intervju spørsmål som retta seg inn mot barnehagemyndigheita si rolle etter § 22. Tilsynet vart gjennomført som læringstilsyn med felles opningsmøte med gjennomgang av lovheimlar, og felles slutt møte for å presentere funn hjå tilsynsobjektet og i kommunar som hadde gjennomført eigenkontroll. Vi erfarer at dei kommunane som sjølve arbeidde med lovkravet, fekk auka kompetanse og nye verktøy som sikra god lovforståing for vidare arbeid med temaet. Kommunane delte erfaringar og verktøy med kvarandre. Vi vurderer metoden for læringstilsyn som god. Vi har også hatt godt samarbeid med rådgjevar for barnevern.

### Resursar og kompetanse - eigenvurdering

Vi mener vi at det for 2015 har vore tilfredsstillande balanse mellom aktivitetskrava og ressursane våre, slik at vi har gjennomført nok tilsyn. Det er primært to tilsette som arbeider med tilsyn. Vi samarbeider med jurist ved behov. Vi vurderer samarbeidet med rådgjevar på barnevern som nyttig og svært lærerikt for oss og for kommunane.

### Vurdering av eiga måloppnåing

Vi vurderer å ha god måloppnåing, og gjennomfører tilsynsprosessen på ein effektiv måte.

---

## Utdanning



I løpet av 2015 har det ikkje vore naudsynt å gjere endringar av mål og oppsette resultatkrav.

Dei tilsette som arbeider med tilsynsområda, har høgare utdanning, erfaring frå tilsynsarbeid og arbeidserfaring frå kommunal sektor. I årsrapporten for 2014 går det fram at vi ville involvere fleire personar i tilsynsarbeidet, spesielt innanfor vidaregåande opplæring. Vi har starta arbeidet med å styrke tilsynskompetansen, særleg ved at fleire tilsette får kompetanse på tilsynsområdet både for grunnskule og vidaregåande opplæring.

Vi er alltid to til tre personar under planlegginga av stadlege tilsyn.

### **Vurderingar ved val av tilsynstema**

Som ein del av den løpande vurderinga av kommunane og aktuelle tilsynsobjekt, vurderer vi nasjonale data, t.d. GSI, nasjonale prøver og Elevundersøkinga. I ein eigen logg registrerer vi innkomne telefonar eller meldingar frå kommunar, skular og foreldre. Vi legg til grunn kommuneeigar sin kompetanse og stabilitet, tilhøve som kjem fram i klager eller media og egne erfaringar med kommunen, t.d. tidlegare tilsyn.

### **Eigeninitierte tilsyn**

Vi har gjennomført tilsyn etter kap. 9a med to grunnskular i same kommunen. Til grunn for valet låg mellom anna klager frå foreldre på dei aktuelle skulane. Som ein del av risikovurderinga var også andre data, t.d. Elevundersøkinga, lagt til grunn. Vår målsetjing har vore å gjennomføre tilsyn med skulens arbeid med elevane sitt psykososiale miljø i alle kommunane og fylkeskommunen. Dette målet har vi nådd. I perioden 2010-2015 har vi til saman gjennomført 54 tilsyn med dette temaet, nokre av desse har vore oppfølgingstilsyn.

Vi meiner at skulens arbeid med elevane sitt psykososiale miljø vil vere eit aktuelt tilsynstema i 2016.

### **Felles nasjonale tilsyn**

I årsrapporten for 2014 peika vi på at vi ikkje hadde gjennomført felles nasjonalt tilsyn med grunnskular med ungdomstrinn i 2014, men at vi ønskte å prioritere dette i 2015.

I 2015 har vi gjennomført tilsyn med fire kommunar og fylkeskommunen. Det er gjennomført tilsyn med fire grunnskular der temaet har vore *elevane sitt utbytte av opplæringa*, tre grunnskular med temaet *skulebasert vurdering*, tre grunnskular og to vidaregåande skular med temaet *forvaltningskompetanse*.

Våren 2015 gjennomførte vi stadleg tilsyn hovudsakleg med større skular, dvs. med 200-350 elevar: to ungdomsskular (elevane sitt utbytte) og to barneskular (skulebasert vurdering). I tillegg vart det gjennomført forvaltningstilsyn med ein grunnskule (retten til teiknspråk) og ein vidaregåande skule.

Hausten 2015 gjennomførte vi stadleg tilsyn med 1-10-skular med elevtal på ca. 80: to skular med temaet *elevane sitt utbytte* og ein skule med temaet *skulebasert vurdering*. Det vart gjennomført forvaltningstilsyn med ein 1-10-skule og med ein vidaregåande skule.

I 2015 gjennomførte vi tilsyn med kommunar der vi valde ut tre grunnskular med kvart sitt tilsynstema innfor same kommunen, dvs. *elevane sitt utbytte*, *skulebasert vurdering* og *forvaltningskompetanse*.

I 2015 har vi gjennomført informasjonsmøte om tilsynsmateriellet i tre regionar, og med rektorane for dei vidaregåande skulane. Under informasjonsmøta varsle vi tidspunkta for tilsyn.

For dei vidaregåande skulane, avdekte vi i 2014 fleire regelverksbrot i samband med forvaltningstilsyn med to vidaregåande skular. På bakgrunn av dette valde vi å gjennomføre to nye forvaltningstilsyn med to vidaregåande skular i 2015. Til saman har vi gjennomført forvaltningstilsyn med 25 prosent av dei vidaregåande skulane i fylket.

Vi valde å gjere tilsyn med store grunnskular for å nå over eit større elevtal. Skulane er plasserte i dei største kommunane som gjerne hadde fleire andre større skular. Vår vurdering var at desse tilsyna kunne få ein større spreingseffekt.

I andre halvdel av 2015 valde vi hovudsakleg 1-10-skular som stadlege tilsynsobjekt. Under tidlegare tilsyn har vi avdekt fleire regelverksbrot ved slike skular i tillegg til at tidlegare oppfølging ikkje alltid var slik vi ønskte. Ut frå loggen vår er dette gjerne skular som vi ikkje høyrer noko ifrå, t.d. i form av klager eller spørsmål. Kanskje meiner desse skulane at dei er relativt små og oversiktlege og at dei på denne måten tek raskt tak i utfordringar.

---

I samband med FNT-tilsyna i 2015 vart det avdekt forholdsvis mange regelverksbrot på 1-10-skulane



## 31.2 Klagesaksbehandling

### Resultatkrav

- Behandle klagesaker innan tre månader.

### Vurdering av måloppnåing sett opp mot resultatkrav

Vi vurderer å ha god måloppnåing. Med unntak av to saker er alle klagesaker behandla innan tre månader. Dei to sakene som gjekk over fristen, var kompliserte saker etter forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlege tilskot til ikkje-kommunale barnehagar. I ei av desse sakene måtte vi vente ei stund på lovtolkingsavklaring frå direktoratet. Størstedelen av sakene på utdanningsområdet er også behandla innan fristane i serviceerklæringa vår - fire veker for klager på utdanningsområdet.

I hovudsak er det ein jurist som behandlar klagesakene. I tillegg er det fleire med høgare utdanning (pedagogikk og spesialpedagogikk) som kan behandle klagesaker som gjeld spesialpedagogisk hjelp, spesialundervisning, psykososialt miljø og standpunkt karakter ved behov.

Sakene vert behandla skriftleg og i tråd med opplæringslova, forvaltningslova og andre forvaltningsrettslege prinsipp. Juristen samarbeider om sakene med pedagogar frå utdanningsavdelinga når det er behov for det. Vi registrerer sakene som kjem inn, og brukar informasjonen som ein del av grunnlaget for val av tilsynsobjekt.

### Utdjuping av oppdrag og oppgåver

Det kom inn 33 klager på standpunkt karakter i 2015.

I år har vi hatt til saman elleve klager på spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp, mot ingen i 2014. Ei av klagene på vedtak om spesialundervisning og ei av klagene på vedtak om spesialpedagogisk hjelp, gjaldt klage på gjennomføring av vedtaket.

Vi får stadig fleire klager på skyssvedtak, 19 i år mot ni i fjor og to året før. Ein av grunnane til auke i desse sakene er at fylkeskommunen har gjort nye oppmålingar av veglengde.

Vi har hatt ti skuleplasseringssaker i år mot fire i fjor, dei fleste grunna nedlegginga av ein skule.

Vi har også hatt 15 klager som gjeld vedtak om inntak til vidaregåande opplæring. Desse gjaldt omgjerding frå heiltids- til deltids elev, etter ny tolkingsavklaring frå Kunnskapsdepartementet.

Vi har berre fått ei klagesak til behandling som gjeld det psykososiale miljøet, mot fire i fjor. Vi har i tillegg fått ti kopiar av klager og direktesende klager som vi har sendt vidare til skulen, og der sakene har løyst seg på skulenivå.

Samla saksmengd på utdanningsområdet har auka frå året før, frå 40 til 91 saker innanfor sakstypene som vert registrerte.

#### Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt i fag	33	0	8	25	0	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	1	0	1	0	0	I tillegg har vi fått 10 kopiar av klager/ klager direktesendt til oss, som vi har oversendt til skulen, og som har løyst seg på skulenivå.
Spesialundervisning, § 5-1	8	3	3	2	0	Ei av klagene gjaldt gjennomføring av vedtak om spesialundervisning.
Skyss, § 7-1	19	2	16	1	0	
Skuleplassering, § 8-1	10	0	10	0	0	
Bortvisning, § 2-10	1	0	1	0	0	
Sum	72	5	39	28		

#### Klage i vidaregåande opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Inntak, § 3-1 sjette ledd	15	0	15	0	0	Klagene gjaldt omgjering fra heiltids- til deltidelev, som Kunnskapsdepartementet avklarte at Fylkesmannen var klageinstans for.
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	1	0	1	0	0	
Sum	16	0	16	0	0	

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	3	0	3	0	0	Ei av klagenes gjaldt gjennomføring av vedtak om spesialpedagogisk hjelp.
Sum	3	0	3	0	0	

Type Klage	Medhold/delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Sum
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	1	1	0	0	2
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0	0	0	0	0

### 31.3 Statistikk og kvalitetsvurdering

#### Resultatkrav:

- Følgje opp og kvalitetssikre data i BASIL
- Følgje opp og kvalitetssikre data i GSI
- Følgje aktivt opp skuleeigaranes bruk av Skoleporten i lokalt kvalitetsvurderingsarbeid
  - gjennom møteplassar
  - gjennom brukarstøtte
- Rettleie i bruk av statistikkportalen
- Gi brukarstøtte på Utdanningsdirektoratet sine system

#### Vurdering av måloppnåing sett opp mot resultatkrav

Vi vurderer at vi har god kompetanse til å løyse oppgåvene våre, og gjennomføringa har gått etter planen. Vi har på etablerte møteplassar gått gjennom verktøy og bruksområde for desse. Vi vurderer at vi har nådd dei måla som er sette for området.

#### Utdjuping av oppdrag og oppgåver

##### BASIL

Vi har gjennomført kvalitetskontroll av årsmelding og årsrekneskap innrapportert i Basil. Der vi har funne feil eller er usikre på rapporteringa, har vi teke kontakt med kommunane for avklaring. Informasjon om endringar i skjema har vorte gitt på felles møteplassar med kommunane, via e-post og publisering på nettstaden vår.

##### GSI

For å kvalitetssikre og følge opp arbeidet med GSI i Sogn og Fjordane har vi dei siste åra gjennomført regionale samlingar. Vi har særleg lagt vekt på endringane i registreringsskjema der lærarkompetanse skal registrerast.

Etter ferdigstilling av GSI-tala har vi arbeidd med å kvalitetssikre og revidere innrapporterte data. Vi har hatt særleg merksemd på lærarkompetanse, vaksenopplæringskjemaet og kulturskuleskjemaet.

Vi har delteke på nasjonale samlingar og gjennom sørvestsamarbeidet evaluert GSI-skjema og -innsamlinga.

Tal frå GSI blir nytta aktivt i tilsynsarbeid.

### **Skoleporten, statistikkportalen og ulike analyseverktøy**

I møte med kommunane har vi tatt opp innhald, bruk og bruksområde for dei data som er tilgjengelege i dei ulike systema. Mellom anna brukte vi ein dag saman med kommunalsjefane der temaet var analysekompetanse.

### **Brukarstøtte på dei ulike datasystema**

Vi har gjennom året gitt brukarstøtte på dei ulike systema Utdanningsdirektoratet har. Det har vore alt frå teknisk brukarstøtte, til rettleiing til forslag om korleis skule og skuleeigar kan nytte data frå fleire system (krysskopling) for å setje søkelys på ønskje problemstillingar.

## **31.4 Informasjon, veiledning og kunnskapsinnhenting**

### **Resultatkrav**

- Gjere lokale barnehageeigarar, lokal barnehagemyndigheit, skuleeigarar og aktuelle målgrupper kjende med regelverk og nasjonale føringar i utdanningspolitikken
- Rettleie kommunar der klagesaksbehandling og tilsyn avdekkjer manglande regelverksetterleving
- Setje i verk informasjons- og rettleiingstiltak innan nasjonale satsingar
- Hjelp Vox i arbeidet med etterutdanningskurs for lærarar i grunnskuleopplæringa for vaksne
- Medverke til at tilbakemeldingar frå kommunar og innbyggjarar om statleg politikk vert vidareformidla til Utdanningsdirektoratet
- Informere om statlege strategiar og tiltak innan kvalitets- og kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring

### **Vurdering av måloppnåing sett opp mot resultatkrav**

Heile avdelinga er involvert i arbeidet. Vi har god kompetanse til å løyse dei fleste oppgåvene våre, og ein god dialog med kommunane. Vi har mange etablerte møteplassar saman med andre viktige aktørar (til dømes Høgskulen i Sogn og Fjordane, KS, Utdanningsforbundet og fylkeskommunen).

På bakgrunn av nasjonale føringar, områdeovervaking og dialog med kommunane, vurderer vi kva som er aktuelle område for oppfølging i form av t.d. informasjon, rettleiing og tilsyn.

Samla gir dette oss ei god oversikt over situasjonen i vårt fylke, og høve til å formidle informasjon tilbake til Utdanningsdirektoratet. Vi vurderer at vi har høg måloppnåing på feltet.

### **Utdjuping av oppdrag og oppgåver**

Vi informerer og rettleier på telefon, gjennom brev og via publisering av aktuell informasjon på nettstaden vår. Vi har nytta utdannings- og oppvekstmøta og regionale samlingar til å informere om statlege satsingar og prioriteringar.

Vi har jamleg vurdert vår bruk av tida til kommunalsjefane. Vi får tilbakemelding om at krav om rapportering, tilsyn og møte til tider er i overkant av kva dei maktar. Dette tek vi på alvor, på same tid som vi treng tilbakemelding om kommunal drift for å stette krav til rapportering frå Utdanningsdirektoratet. Det er ei utfordring å gje barnehagesakene like stor plass som andre saker i utdanningssektoren. I 2015 har barnehagesaker fått liten plass i utdannings- og oppvekstmøta våre.

Kompetanseløftet for kommunane i rolla som barnehagemyndigheit har vi følgd spesielt opp gjennom utdannings- og oppvekstmøte og eiga samling. Det er to område i barnehagelova som vi ser krev kontinuerleg merksemd, dette gjeld barnehagemyndigheita sitt ansvar for aktiv rettleiing og "påse-rolla" i regelverksetterleving.

Vi opplever at skule og barnehagefagleg ansvarlege har fått auka kunnskap på barnehageområdet, men



kommunalsjefane er mindre til stades på møteplassane våre. Barnehagetema vert heller ikkje etterspurt i same grad som tidlegare.

Vi vurderer at måla i oppdraget er nådde. I møte med skule og barnehagefaglege ansvarlege har vi informert om:

- innhald og mål i den nasjonale barnehagepolitikken
- økonomisk likeverdig behandling
- kompetanse for framtidens barnehage
- tilsyn og kommunen si rolle som barnehagemyndigheit
- endring i regelverk

### **Dronning Sonjas skolepris**

Vi fekk i oppdrag å nominere inntil to kandidatar til Dronning Sonjas skolepris 2015. Det var opp til embetet å finne ein høveleg nominasjonsprosess.

Vi inviterte alle skuleeigarane i grunnopplæringa i fylket til å kome med framlegg til kandidatar. Utvalde skuleigarar vart i tillegg oppmoda om å vurdere ein søknadsprosess i lag med sine skular, men det lukkast ikkje å få opp ein kandidat til prisen i år.

Erfaringa vår er at det generelt er vanskeleg å få skuleeigarar til å fremje kandidatar til prisen, både på oppmoding og på eige initiativ. Arbeidet med å finne dei gode kandidatane kan vere ressurskrevjande.

### **Inn på tunet**

Sjå rapportering på resultatområde 23.1 om næringsutvikling innan jordbruk og bygdenæring.

### **Utdanning- og oppvekstmøte**

I samarbeid med KS arrangerer Fylkesmannen tre todagarsmøte per år for skule- og barnehageansvarlege i kommunane og fylkeskommunen. Informasjon og opplysningar om regelverk og satsingar er fast del av programmet på desse møta. I 2015 vart møtet i juni avlyst grunna møtekollisjon med andre arrangement for målgruppa. Sentrale tema møta har dekt i 2015 er: Framtidens barnehage og skule, læringsmiljø, fleirkulturelle læringsmiljø, analyse av resultat og korleis bruke informasjonen for å få betre kvalitet.

### **Forum for barnehage- og skuleutvikling**

Dette er ein fast møtearena for Fylkesmannen, KS, regionansvarlege i kommunane, fylkeskommunen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Skuleleiarforbundet og Utdanningsforbundet. Her set vi sentrale tema på dagsorden for å få koordinerte tiltak og prosessar til beste for skulane og barnehagane. Sentrale tema har vore: Framtidens læring, vidare- og etterutdanning, leiarutdanning, skuleeigarrolla, strategi for ungdomstrinnet, spesialundervisning og tilpassa opplæring.

I *Forum* lagar vi eitt felles årshjul som viser aktivitetar, tidspunkt, målgruppe og ansvarleg.

På møtestadane *Utdanning- og oppvekst* og *Forum* informerer vi alltid om aktuelle statlege satsingar, som t.d. Vurdering for læring, Læringsmiljøprosjektet, rettleiarkorps osv.

### **Skuleleiarkonferanse**

I oktober arrangerte vi den årlege skuleleiarkonferansen saman med KS, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Utdanningsforbundet. Skuleleiarar deltok frå dei fleste skulane i både grunnskule og vidaregåande opplæring, i tillegg til skulefagleg ansvarlege og nokre rådmenn.

Hovudtema for konferansen var framtidens læring.

### **Rektorkonferanse**

Dette er ein konferanse der deltakarane er rektorar og skulefagleg ansvarlege på ungdomstrinn og i vidaregåande opplæring. Tema i 2015 var gjennomgåande læreplanar og læringsmiljø.

### **Styrarkonferanse**

Tema for den årlege styrarkonferansen var relasjonsleiing og utvikling av profesjonen. Styrarkonferansen er eit samarbeid mellom KS, Utdanningsforbundet, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen.

## Rettleiing av nyutdanna pedagogar

I samarbeid med partane i *Forum* har vi utarbeidd ein plan for rettleiing av nyutdanna lærarar i barnehage og skule. Planen blir sendt ut til alle kommunane og skal gje retning for oppfølging av nyutdanna i barnehage og skule.

## Områdeovervaking

Med bakgrunn i vår kunnskap om skular og kommunar lagar vi oversikt over tilstanden i kommunane for m.a. læringsresultat, læringsmiljø og omfang av spesialundervisning. I tillegg hentar vi informasjon m.a. frå Skoleporten og kommunale tilstandsrapportar.

Denne samla kunnskapen nyttar vi som grunnlag for dialog på kommunebesøk og som grunnlag for risikovurdering i samband med tilsyn og anna strategisk informasjonsarbeid.

Vi informerer om ressursar på Utdanningsdirektoratet sine sider når dette er aktuelt.

## Regelverk i praksis (regelverksamling)

I 2015 kombinerte vi regelverksamlinga med *Krafttak for eit betre miljø ved skulene i landet - kva skal til for å få alle skulene godkjent?*. Føremålet er eit krafttak for eit betre inneklima på skulane. Samlinga var lagt opp over to dagar. Internt i embetet samarbeidde utdanningsavdelinga med helse- og sosialavdelinga v/helsekoordinator.

Hovudtemaet på regelverksamlinga var digital mobbing og konkrete tiltak for å førebygge digital mobbing. Målgruppa for regelverksamlinga var skuleeigarar, skuleleiarar i grunnsopplæringa og PPT.

## Etterutdanningskurs for lærarar i grunnskuleopplæringa for vaksne

I 2015 har vi gjennomført ei samling for leiarar og lærarar i grunnskuleopplæring for vaksne i samarbeid med Vox. Det er mange nye lærarar innan feltet i vårt fylke, og oppslutnaden var stor. I tillegg har det vore ei samling for målgruppa der grunnleggande ferdigheiter var tema. Vi har fått gode tilbakemeldingar på begge samlingane.

I desember 2015 vart det arrangert ei samling om flyktning- og asylsituasjonen. Lærarane i grunnskuleopplæringa for vaksne var ei av målgruppene.

## 31.5 Eksamen og prøvelfeltet

### Resultatkrav

- Følgje opp avvik eller indikasjonar på avvik ved eksamen, nasjonale prøver og obligatoriske kartleggingsprøver

### Vurdering av måloppnåing sett opp mot resultatkrav

Vi har god kompetanse på området og oppdraget er utført etter krava med godt resultat.

### Utdjuping av oppdrag og oppgåver

#### PAS og PGS

Embetet har generelt god kompetanse på eksamensavvikling og PAS, og vi har styrkt arbeidet ved å innføre eit eige eksamenslag. I hektiske registreringsperiodar yter vi brukarstøtte.

Vi har gode erfaringar med elevsvara levert i PAS.

- Vi oppnår større tryggleik når oppgavesvara ikkje må sendast i posten.
- Sensorane kan starte arbeidet dagen etter gjennomføringa av eksamen.

Elektronisk levering av eksamenssvar stiller krav til rutinar hjå skulane i form av oppbevaring av kopiar av eksamenssvara. Vi har følgd opp dette punktet og ser at det har vorte bedre hjå skulane i fylket.

#### Nasjonale prøver

---

Vi har god kompetanse på dette feltet. I perioden for gjennomføring av dei nasjonale prøvene har vi enkelte

Vi har god kompetanse på dette feltet. I perioden for gjennomføring av dei nasjonale prøvene har vi nok brukarstøtte og oppfølging ut mot skuleeigar og skular. Vi ser at nokre skular (gjennom skuleeigar) treng oppfølging i samband med gjennomføring og registrering.

Vi opplever at skuleeigarar og einskildskular nyttar seg systematisk av resultatane for vidare utvikling. Mange har gitt positive tilbakemeldingar på dei nye analyseverktøya i PAS. Det knyter seg også forventning til bruken av data for å kunne samanlikne med seg sjølv over tid.

Embetet har hatt som mål å auke skuleeigarane sin analysekompetanse og har hatt Utdanningsdirektoratet sine vurderingsverktøy oppe som tema på samlingar med kommunane. Utdanningsdirektoratet har òg delteke med sin fagkompetanse på ei av desse samlingane.

Nasjonale prøver for elevane i Sogn og Fjordane syner eit bilete med varierende resultat. Når ein samanliknar kommunane i fylket opp mot landssnittet får ein eit bilete av auka spreiding i høve til tidlegare år. For 5. trinn vil ein snittverdi for alle tre dugleikane vise eit bilete på +6/-10 samanlikna med snittverdien 50. For 8. trinn er bilete +5/-6 og for 9. trinn +6/-3 samanlikna med landssnittet. Fylket sett under eitt skil seg lite frå landssnittet – bortsett frå at stadig fleire gutar i 5. klasse er på lågaste meistringnivå.

## **Eksamen**

I 2015 hadde vi tre sakshandsamarar på området. Den samla kompetansen i embetet på dette området vurderer vi som god, og gjennomføringa har gått etter planen.

### **Sentralt gitt eksamen i grunnskulen**

Eksamen vart gjennomført med god kvalitet og etter gjeldande retningslinjer.

Sogn og Fjordane dannar felles sensorregion med Møre og Romsdal. I 2015 gjennomførte vi felles sensorskulering for dei tre eksamensfaga for begge fylka, medan fellessensuren vart fordelt med engelsk til Sogn og Fjordane og matematikk og norsk til Møre og Romsdal.

Sensurarbeidet i engelsk for regionen omfatta til saman 1775 elevsvar. Av desse vart det klaga på karakteren på fire svar. Ingen fekk medhald i klagesensuren. Ei god blanding av rutinerte og nye sensorar sikrar høg kvalitet på sensuren.

### **Lokalt gitt eksamen i grunnskulen**

Fylkesmannen gir skuleeigarar råd om lover og forskrifter om gjennomføring av munnleg eksamen. Vi har eige møte med dei eksamensansvarlege på dei vidaregåande skulane.

Vi har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova i gjennomføringa.

### **Sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring**

Eksamen vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. Vi deltok på møte med dei eksamensansvarlege for alle dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane.

### **Lokalt gitt eksamen i vidaregåande opplæring**

Eksamen vart gjennomført i fylket på forsvarleg måte. Vi har svært god dialog med dei eksamensansvarlege på dei vidaregåande skulane.

### **Klagebehandling for hausteksamen i vidaregåande skule - nasjonal oppgåve**

Fylkesmannen har nasjonalt ansvar for klagebehandling for hausteksamen. For hausten 2014 vart det klagebehandla 1021 klager på dei fagkodane vi har ansvar for. I alt 38 fekk medhald. I dette var det også primærsensur av oppgåver.

Vi har god kompetanse på området.

## **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**

Særsild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra lands-gjennomsnittet totalt	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høv andel elever med
----------------------	---------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------	------------------------------	----------------------------------------------------------------



	eller på enkeltprøver) fylket		fritak
Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver	Fritak Sogn og Fjordane: 5. trinn - Engelsk 4,2%, Lesing 4,5% og rekning 3,7%. 8. trinn avvik ikkje frå landssnitt. 9. trinn - Lesing 3,6% og rekning 3,0%		Vert følgt opp på faste møtestader.

## 31.6 Barn og unge – tidlig innsats, spesialpedagogisk hjelp, tilpasset opplæring og økt gjennomføring

### Resultatkrav:

- Ha oversikt over kommunale og fylkeskommunale tiltak og utviklingsarbeid innan spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning, inkludert arbeidet knytt til pedagogisk-psykologisk teneste (PP-tenesta).
- Arbeidet med Fylkesmannens oppgaver på området utsatte barn og unge skal vere organisert på ein slik måte at sektoroppdraga vert sett i sammenheng.
- Ha gjennomført koordinert innsats mot kommunar og fylkeskommune, særleg der det er avdekka mangelfullt samordna tenestetilbod for utsatte barn og unge.

Gjennom samarbeidet med Statped, vårt arbeid med SEVU-PPT og regelmessig kontakt med PPT-leiarane i fylket, har vi god oversikt over kva som skjer på området. I samband med SEVU-PPT har vi følgt opp kv BEHOV skuleeigar og PPT-tilsette har for vidare- og etterutdanning. Dette har resultert i tiltak, t.d. for fleirkulturelle og fleirspråklege. Vi har følgt tett opp skuleeigar og tenesta med både informasjon og anna oppfølging.

Vi var også i tett dialog med UH-miljøet i regionen og med Utdanningsdirektoratet, der målsetjinga var å få lagt vidareutdanningstilbod under SEVU-PPT til region vest frå hausten 2015. Vi er godt nøgde med at seks tilsette i PPT i vårt fylke fekk plass på vidareutdanningstilbod under SEVU-PPT, fem av desse fekk studieplass i Bergen. Vi ser at næreleik til studiestad påverkar i kva grad PPT-tilsette søker frå vårt fylke. Vi er også nøgde med at fire av PPT-leiarane i vårt fylke avslutta leiarutdanning for PPT ved årsskiftet 2015/16.

### Sjumilssteget

Satsinga med embetsprosjektet "Sjumilssteget - til beste for barn og unge" gjekk frå 2015 inn i den dagleg drifta i embetet. Eit spesielt ansvar for samordning vart lagt til fagavdelingane utdanning og helse og sosial. Den interne samordninga av arbeidet for barn og unge har i hovudsak vore tema i desse to avdelingane.

I 2015 gjennomførte vi sjumilsstegkonferanse med tema "Samordna løft for folkehelse, psykisk helse og medverknad for barn og unge", i samarbeid med fylkeskommunen. Hovudtema var mobbing. Det var brei tverrfagleg deltaking frå kommunane og frivillige lag og organisasjonar. Samlinga hadde omlag 200 deltakarar.

Rådgjevar i utdanningsavdelinga har delteke i ei nasjonal gruppe for implementering av barnekonvensjonen i praksis, leia av Fylkesmannen i Troms. Arbeidsgruppa har jobba med konkrete oppgaver om økonomisk tildeling. Rapport frå prosjektet er sendt BLD.

### Dialogmøte i fylkeskommunen

Fylkeskommunen har årlege regionale dialogmøte med kommunane der dei drøftar og melder tilbake fråfall og gjennomføring i vidaregåande skule i fylket. Det vert drøfta kva kommunane kan ta tak i på eit tidleg tidspunkt for elevar som har risiko for fråfall i vidaregåande opplæring. Fylkesmannen er med som observatør på samlingane og ser det som svært nyttig for å kunne sjå heilskapen i opplæringsløpet.

## 31.7 Tilskuddsforvaltning

### Resultatkrav

- Forvalte statlege tilskot etter retningslinjer som gjeld for kvar einskild tilskotsordning, mellom anna utbetaling, kontroll og rapportering

Samla sett for dei ulike tilskotsordningane vi forvaltar, vurderer vi å ha god måloppnåing. Vi har tett kontakt og dialog med kommunane på aktuelle møteplassar eller enkeltvis. I tillegg rettleier vi kommunane i regelverk og utfylling av skjema.

## **Utdjuping av oppdrag og oppgåver**

### **Barnehage**

#### **Investeringsstilskot barnehage**

Vi har kontrollert vedtak om investeringsstilskot utbetalt i 2005. Kommunane som fekk tilskot i 2005, har sendt dokumentasjon på barnetal, godkjenningsvedtak og ei kort utgreiing om drifta i bindingstida. Vi har gitt skriftleg tilbakemelding som stadfesta at kommunen har nytta tilskotet i tråd med regelverket.

#### **Tilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i barnehagen**

Vi har kontrollert talet på minoritetsspråklege barn per 15.12, rapportert inn i Basil. Vi tok kontakt med dei kommunane der talet på minoritetsspråklege barn hadde store avvik frå tidlegare rapport.

### **Opplæring på grunnskulen og vidaregåande sitt område**

#### **Tilskot til opplæring av barn og unge i statlege asylmottak**

Vi har kontrollert at elevar og talet på månader stemmer med lister tilsendt frå UDI. Eventuelle manglar og avvik er retta opp i dialog med kommunane før tilskotet er betalt ut. Fylket har fem kommunar som har søkt om tilskot. Vi har gjennomført stikkprøvekontroll med to kommunar.

Vi har lagt ut informasjon på nettstaden vår og rettleia kommunane ut frå behov. Vi har informert og hatt god dialog med fylkeskommunen, sidan ordninga om tilskot for vidaregåande opplæring var ny frå skuleåret 2014/2015. Fylkeskommunen melder tilbake at det er litt vanskeleg å få oversikt over dei som har rett til vidaregåande opplæring.

Listene over elevar, slik vi fekk dei for andre halvår 2015, gjer det særst vanskeleg å utføre dei kontrollane som Utdanningsdirektoratet krev. Desse inneheld berre fødselsår og talet på asylsøklarar i mottak eller som er busette i kommunane, ikkje som tidlegare namn og DUF-nummer.

#### **Tilskot til leirskuleopplæring**

Fylkesmannen har saksbehandla søknadar om tilskot til leirskuleopplæring etter gjeldande retningslinjer og standard søknadsfristar for vår- og haustsemester. Medio april 2015 sende vi informasjonsskriv til kommunane der vi gjorde nærare greie for tilskotsordninga, prosedyre og søknadsfristar.

I saksbehandlinga vår kontrollerer vi at det saman med søknadene kjem inn faktura for opphald med minst tre samanhengande overnattingar.

Eventuelle feil i talgrunnlag og utrekningar blir retta opp i tilskotsbrevet til kommunen. Tilskotsbrevet tek òg atterhald om kontroll med at tilskotsmidlane blir nytta etter føresetnadene og kommunens sjølvstendige plikt til å melde frå dersom grunnlaget for tilskotet ikkje stemmer.

Vi har sendt detaljert tertialrapportering til Utdanningsdirektoratet om bruk av tilskotet. Det er få feil eller manglar i søknadane. Til saman er det på éin søknad ført ei gruppe for mykje, mendant fem kommunar søkte ei gruppe for lite. Dette vart retta opp i saksbehandlinga. Gjeldande retningslinjer seier at "det kan foretas stikkprøvekontroller etter en vurdering av vesentlighet og risiko". Saksbehandlinga har ikkje avdekt vesentleg risiko for misleghald og det er derfor heller ikkje gjennomført stikkprøvekontrollar.

#### **Kontrollansvar for kap. 225 post 60 - Tilskot til landslinjer**

Fylkesmannen har gjennomført formalia- og rimelegheitskontroll av elevlister frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er ikkje avdekt feil eller avvik for 2015.

#### **Tilskot til folkehøgskular**

Fylkesmannen mottok årsrekneskapen for 2014 med revisjonsmelding frå dei fire folkehøgskulane i fylket. Alle



Skulane hadde tatt rekneskapen godkjent av revisor. Vi rapporterte vidare til Utdanningsdirektoratet innan tistlen 1. september.

Vi vurderer økonomikompentansen i embetet til å vere god. Vi nyttar økonomimedarbeidarar i embetet til å sikre kontrollen med rekneskapen til folkehøgskulane.

### Resursar og kompetanse - eigenvurdering

Stikkprøve av tilskotet til språkforståing hjå minoritetsspråklege barn var ikkje ei prioritert oppgåve hausten 2015. Vi har gjennomført slik kontroll dei føregåande åra, informert og rettleia kommunane om bruk av tilskotet. Dei kommunane vi ved tidlegare kontrollar har sett ikkje har nytta tilskotet, eller der vi har fått klage, er blitt følgde opp.

Stikkprøvekontrollen for 2014 synte at nokre kommunar har eit forbettringspotensial i bruk av tildelingsbrev til private barnehagar. Vi informerte kommunane, men vi har ikkje følgd opp som planlagt.

Embetet har tilstrekkeleg med ressursar for å utføre oppdraget på ein god og tenleg måte.

Vi vurderer at embetet har god kontroll og oversikt over tilskotsordningane.

## Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen og grunnpøpløringen

I 2015 har vi løyst dei oppgåver som ligg under dette resultatområdet.

### 32.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

#### Resultatkrav

- Medverke til at kompetansetiltaka og etter- og vidareutdanningstilboda er gjort kjende for lokal barnehagemyndigheit, barnehageeigarar, skuleeigarar og skuleleiarar.
  - Motivere for deltaking i desse tiltaka
- Medverke til auka kvalitet og kapasitet i sektorane gjennom utføring av oppdraga knytt til dei nasjonale satsingane, slik at dei nasjonale sektormåla vert nådd.

#### Vurdering av måløppnåing sett opp mot resultatkrav

Vi vurderer å ha nådd målsetjingane i oppdraga. For å gjere dei ulike tiltaka kjende og motivere til deltaking har vi nytta oss av møteplassane som er etablerte. Vi har også hatt ein del direktekontakt med einskildkommunar for å følgje opp og gje råd.

Skuleeigarar får tilbod om å delta i mange satsingar. For å hjelpe skuleeigarane har vi diskutert og jobba saman med dei for å få fram samanhengar og tiltak som skaper synergjar. Det har vore viktig å motivere skuleeigarane til ei planlagt kompetanseheving. Dette samarbeidet meiner vi å ha lukkast med.

#### Barnehage

Vi informerte om kompetansemidlane på møteplassane våre og i skriv til kommunane. Kompetansemidlane er fordelte til dei fire barnehage- og skuleregionane i fylket ut frå ein fordelingsnøkkel basert på eit grunnbeløp, talet på barnehagar og barn i regionen.

Regionane har i 2015 hatt ansvar for all kompetanseheving av assistentar, fagarbeidarar og vikarar. Stram kommuneøkonomi mange stader gjer at barnehagane har fått redusert bruk av vikarar. Vi valde difor å tildele kompetansemidlar ut over den ordinære tildelinga til regionane, slik at dei kunne leggje til rette for meir kollegabasert kompetanseheving og nytte eksisterande planleggings- og kursdagar lokalt og regionalt. På den måten har vi fått statlege midlar omsett i handling, auka kompetansen og heva kvaliteten på barnehagetilbodet i kommunane.

Det er utarbeidd ein felles mal for både kompetanseplanar og rapportering om bruk av tildelte midlar. Dette har gjort arbeidet vårt enklare, både ved vurdering av grunnlag for tildeling av midlar og kontroll av bruken av desse.

Innkome kompetanseplanar syner at regionane har spissa tiltaka slik at dei er i tråd med sentrale føringar i kompetansestrategien, samtidig som dei og tek vare på lokale behov og vidareføring av prioriterte eksisterande



tiltak. Tiltaka er eit tilbod til alle barnehagane og heile personalet. Rekneskap for midlane er rapportert i tråd med gjeldande retningslinjer.

I 2015 delte Fylkesmannen ut FoU-midlar til fem prosjekt i fem barnehagar. For å sikre at lokale utviklingsarbeid var i tråd med sentrale føringar i kompetansestrategien, var våre føringar for tildeling av prosjektmidlar: leik, sosial kompetanse, tidleg innsats og venskap.

Lokale utviklingsarbeid som har fått tildelt midlar er av ein slik storleik at det gir eit reelt handlingsrom og har ført til at barnehagane kan jobbe systematisk med tiltak over tid. Prosjektarbeidet gir den enkelte barnehage auka kunnskap og betre arbeidsmetodar på området. Ved tildeling av midlar krev vi skriftleg sluttrapport.

Vi ønskjer å spreie erfaringar frå prosjektarbeida og inviterer barnehagane eller kommunar til å dele dette på konferansar og andre møteplassar vi har.

### **Konferansar**

Tema for den årlege styrarkonferansen var relasjonsleiing og utvikling av profesjonen. Styrarkonferansen er eit samarbeid mellom KS, Utdanningsforbundet, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen.

Barnekonferansen er ein tverrsektoriell konferanse som dekkjer barnevern og barnehage. Overskrifta for konferansen i 2015 var "Samhandling er svaret. Kva var spørsmålet?". Her vart tema som meldeplikta i barnehage og skule og samarbeid mellom barnevern og barnehage og skule, tekne opp. Også denne konferansen er eit samarbeid mellom oss, KS, Utdanningsforbundet og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

### **Rekruttering**

Talet på tilsette menn i barnehagen er i 2015 på 8,6 prosent i vårt fylke. Vi har eit tett samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane om rekrutteringstiltak, m.a. hadde vi i 2015 hatt ein likestillingsdag der studentar og mannleg tilsette i barnehagane vart inviterte. Tilbakemeldingane etter denne dagen er at det er vorte ein viktig arena for å treffast, få fagleg påfyll og diskutere erfaringar og utfordringar i kvardagen.

Sogn og Fjordane er eitt spreiddbygd fylke med store avstandar. Målretta satsing på desentralisert utdanning og arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning i tett samarbeid med kommunane, har gitt gode resultat.

I 2014 var dispensasjon frå utdanningskravet på 2,9 prosent. Søkjartalet til barnehagelærarutdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane er stabil.

Gutar som leikeressurs er eit attraktivt tilbod. Seks kommunar deltok i 2015. Evaluering frå dei gutane som deltok syner at dei har fått god kjennskap til barnehagen som arbeidsplass.

Fylket har mange små kommunar med små barnehagar. Skal vi rekruttere fleire menn til yrket må vi nå dei ungdomane som bur her og tenke langsiktig. Gutar som leikeressurs er eit svært godt tiltak. Utfordringa vår er at tildelte midlar for 2015, ut frå vår vurdering, har for sterke sentrale føringar til kompetanseheving av assistentar og fagarbeidarar og lite til rekruttering og likestilling. Vi har likevel prioritert leikeressurs-prosjektet som ein del av rekrutteringsarbeidet, og tildelt midlar til dei seks kommunane som ønsker å halde fram.

### **Fagbrev**

I samarbeid med fylkeskommunen er det sett i gang tilbod knytt til praksiskandidatordninga i alle fire regionane. I samarbeid med fylkeskommunen gjorde vi ei kartlegging av utdanningsnivået for dei assistentane som ville ta fagbrev. Målet var å sikre tilbod både til dei som kan følgje praksiskandidatordninga, og dei som manglar fem års praksis frå barnehage og fag frå vidaregåande skule. Svært mange barnehageeigarar har erkjent at kompetanse er ein viktig faktor for kvalitet i barnehagetilbodet. Med tilnærma full barnehagedekning er kvaliteten på tilbodet det foreldre ser etter når dei skal søkje barnehageplass.

### **Pedagogisk utviklingsarbeid – PUB**

Forum for skule- og barnehageutvikling gav tilbakemelding om at det kunne bli vanskeleg å rekruttere både til PUB og KOMPASS, og bad om at det vart gjort ei vurdering av om tilboda kunne samkøyrast som eit kollegabasert tiltak. Vi valde å tilby utdanninga til to regionar og hadde eit nært samarbeid med regionsleiarar og kommunalsjefane i dei to regionane. Høgskulen utvikla nye emneplanar, og i tett dialog med dei aktuelle kommunane starta studiet i mars 2015. Det er gjennomført ei evaluering undervegs som syner svært gode tilbakemeldingar. Det er mellom anna avgjerande at:

- denne personaigruppa er med, det er viktig for arbeidet med å utvikle kvaliteten på det pedagogiske arbeidet i barnehagen
- personalet får felles fagleg påfyll og rettleiing
- personalet får hjelp og motivasjon i lokalt utviklingsarbeid og løft i eit arbeid som skal vidareutviklast kontinuerleg

I dette pilotprosjektet deltek alle aktørane slik Kunnskapsdepartementet skriv i *Kompetanse for framtidens barnehage*. Her tek alle ansvar, samarbeider og deltek aktivt for å bidra til å auke kvaliteten i barnehagane.

### **Kompetanseløft for kommunane i rolla som barnehagemyndigheit**

Vi har følgd opp prosjektet med myndigheitsrolla som tema på utdannings- og oppvekstmøte og regionale samlingar. Målet er å auke kunnskapen i rolla kommunen har som barnehagemyndigheit, og å arbeide systematisk med kvalitet, både lokalt og regionalt. Vi opplever at kommunalsjefane har fått auka forståing og kunnskap om rolla som barnehagemyndigheit, men ser behovet for kompetanseheving på rettleiing og "påse-rolla" i barnehagelova. Mange av dei står fram som tydelege leiarar av sektoren og er tett på styrarane. Det regionale kvalitetsarbeidet vert følgd opp lokalt. Vår utfordring er å sikre barnehagetema på alle aktuelle møteplassar.

### **Utdanning**

#### **Strategi for etter- og videreutdanning av tilsette i PPT 2013 til 2018**

Hausten 2015 er det i vårt fylke registert 39,60 fagstillingar i PPT. Hausten 2015 starta seks PPT-tilsette på vidareutdanninga "Organisasjonsutvikling og endringsarbeid". Dette utgjer ca. 15 prosent av dei tilsette i PPT. Frå hausten 2015 vart det lagt vidareutdanningstilbod til Bergen. Dette gjorde det nok enklare for tilsette i vårt fylke å kunne delta på vidareutdanningstilbod under SEVU-PPT.

Fire PPT-leiarar avslutta leiarutdanninga for PPT ved årsskiftet. I alt 25 prosent av PPT-leiarane i Sogn og Fjordane har gjennomført leiarutdanninga under SEVU-PPT.

Våren 2015 vart det gjennomført etterutdanningstilbod om fleirkulturelle og fleirspråklege under SEVU-PPT. Tilboda var lagt opp som tre dagsamlingar med mellomliggande arbeid. Tilboda var i samsvar med behov for etterutdanning som har vore etterlyst både av PPT og skuleeigarane. Statped vest var fagleg ansvarleg. Etterutdanningstilboda vart følgde opp med ei dagsamling i Florø hausten 2015. Det er lagt opp til ei ny samling om same tema i 2016.

For å sikre koordinering av SEVU-PPT i regionane er det oppretta ei koordineringsgruppe mellom Fylkesmennene i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, og Statped vest. UH-sektoren er frå 2015 representert i gruppa. Det vart gjennomført to møte i 2015. Det er oppretta ei ressursgruppe opp mot Statped vest som består av tre PPT-leiarar - éin frå kvart fylke - og tre skuleeigarar, ogdå her éin frå kvart fylke. Fylkesmannen er har éin representant i gruppa.

Samla sett meiner vi at SEVU-PPT er godt forankra i fylket. Når det gjeld deltaking på vidareutdanning og leiarutdanning, vurderer vi denne til å vere god.

#### **Symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar**

I 2015 var det 135 elevar frå sju kommunar som etter søknad fekk tilskot til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar.

#### **Prosjekt «Regelverk i praksis»**

Fylkesmannsembeta i Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane høyrer saman i region sør-vest. Denne regionen har fått ansvar for pulje 2. Det skulle peikast ut fire personer frå praksisområdet i kvart fylke, to frå fylkeskommunen og to frå andre kommunar.

Frå Sogn og Fjordane deltek tre tilsette frå utdanningsavdelinga, ein kommune deltek med kommunalsjef, assisterande kommunalsjef og ein rektor. Frå fylkeskommunen deltek ein teamleiar frå skuleeigar og ein rektor. Deltakarar frå kommune og fylkeskommune var klare i midten av august 2015. Vi deltok på samling i Bergen i desember 2015. Våren 2016 er det samling i Stavanger og hausten 2016 i Kristiansand.

Vi meiner at deltakinga er i samsvar med målsetjinga for satsinga både når det gjeld deltaking frå kommune og frå fylkeskommune.

### **Kompetanse for kvalitet**



Vi har følgt opp "kompetanse for kvalitet" i tråd med retningslinjene frå Utdanningsdirektoratet. Vi har brukt dei faste møteplassane og skriv til skuleeigarar for å gjere ordninga kjent.

For skuleåret 2014-2015 deltok 137 frå fylket, 44 på stipendordninga og 93 på vikarordninga. For skuleåret 2015-2016 deltek 50 på stipendordninga og 98 på vikarordninga.

For rekruttering til skuleåret 2016-2017 har vi fått eige oppdrag om å følgje opp regionalt tilbod innan norsk, engelsk og matematikk. Arbeidet med dette starta på slutten av 2015 og held fram første halvår 2016.

### Læringsmiljøprosjektet

Fylkesmannen har følgt opp kommunar som har skular med høge mobbetal over tid. Sjølv om det er mykje godt arbeid på skulane for å handtere mobbing, viser tal frå elevundersøkinga 2014-2015 at talet på elevar som opplever mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare, har større nedgang på landsbasis enn i Sogn og Fjordane.

Med bakgrunn i statistikk over skular med vedvarande høge mobbetal over tid, er ein kommune med i "Læringsmiljøprosjektet". Prosjektet starta opp på Gardermoen i februar 2015 med felles samling i regi av Utdanningsdirektoratet. Våren 2015 var det to samlingar i kommunen med tema mobbing og heim/skule-samarbeid. I august starta prosjektet med "God start"-seminar, og tema for hausten var klasseleiing med rettleiing i september og november.

To fagpersonar frå Læringsmiljøsentret i Stavanger kjem til kommunen fire gonger i året over to år for å rettleie og støtte i arbeidet med å auke kompetansen til foreldre og tilsette i arbeidet med eit godt læringsmiljø.

Det er og gitt midlar i to andre kommunar i fylket til arbeidet med psykososialt arbeid retta mot barn og unge. Den eine kommunen legg vekt på samordning av tiltak, systematisk arbeid med læringsmiljø og psykisk helse. Den andre kommunen legg vekt på tiltak for korleis observere og avdekke mobbing. Det er levert rapport frå begge prosjekta.

### Vurdering for læring

I pulje 5 har vi éin kommune med to skular som deltek. Det er sendt eigen undervegsrapport på dette 22 september 2015.

I pulje 6 er det éin privatskule frå vårt fylke som deltek. Denne puljen starta hausten 2015.

## 32.6 Urfolk og nasjonale minoriteter

### Ressursrapportering

Det er ingen vesentlege avvik i forbruk på 0525.01.

Prosjektet "Regional GNIST" vart avslutta hos oss i midten av 2014, og dette fører til at vi i 2015 har nytta mindre ressursar på resultatområde 320.

Vi har betalt ut kr 1.071.134,- i sensorhonorar i 2015. Endring i sensorutbetaling utgjer endringa i resultatområde 319 for 2015.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 1 773 095,26	kr 0,00
31.9 Andre forvaltn.oppg. - barnehagen og grunnopplæring (rest 31)	kr 2 646 478,14	kr 1 263 240,70
Økt kvalitet i barnehage og grunnopplæringen	kr 846 562,65	kr 418 676,77
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 11 408,85	kr 0,00
Sum:	kr 5 277 544,00	kr 1 681 917,00



## **Landbruks- og matdepartementet**

### **Resultatområde 21 Matsikkerhet**

#### **21.1 Økt matproduksjon og trygg mat**

Over tid har produksjonen av mjølk, kjøtt, frukt og bær vore relativt stabil trass i at både talet på føretak og totalt jordbruksareal går ned. Kravet om lausdrift for storfe i 2024 legg no klare føringar for satsinga i mjølkeproduksjonen der tilgangen til kvote, areal og investeringstilskot er avgrensingar for kor mange som kan bygge ut. Effektiviseringa i mjølkeproduksjonen gjev færre oksekalvar og redusert produksjon av storfekjøtt. Det vert difor mobilisert for ammeku. Det er også viktig for å nytte beiteressursane i eit ope kulturlandskap. I sauehaldet skjer det no ei fornying og modernisering av sauefjøs, og produksjonen auka siste året. Geitehaldet har vore gjennom ein periode med sanering av dyresjukdomar og er no langt betre rusta for framtida.

Marknaden for frukt og bær til konsum aukar årleg med ti prosent, og næringa her i fylket ønskjer å ta del i denne auken. Vi arbeider saman med næringa for å auke volumet og sikre kvaliteten fram til forbrukar. Det er ein god dialog mellom produsent, grossist, rådgjeving, forskning og forvaltning. Det er vesentleg for å lukkast og bygdeutviklingsmidlar vert nytta aktivt til FoU-arbeid og til etablering av hagar for auka produksjon.

Samarbeidet med regionale aktørar og Mattilsynet fungerer godt, og det er etablert faste møteplassar og arbeidsgrupper, også på leiarnivå.

Det er generelt tilstrekkeleg tilgang på veterinærar her i fylket, men nedgang i talet på storfe har over tid svekt inntektsgrunnlaget. Beredskap på kveld, natt og i helgane er organisert gjennom vakt-distrikt, men med færre storfe og lange køyreavstandar er det mindre attraktivt å ta del i denne vaktordninga. Det er difor fleire veterinærar som seier opp vaktavtalen. Kommunane har så lagt klart å få nye veterinærar inn i ordninga, men det kan vere grunn til å sjå på inndelinga av vakt-distrikta og godtgjeringa for vakttenesta.

### **Resultatområde 22 Landbruk over hele landet**

#### **22.1 Bruk av landbruksarealer**

##### **Beitebruk**

Talet på sau og lam på beite auka frå 189 000 i 2014 til 194 000 i 2015, og av desse var 185 000 på utmarksbeite. Dyretalet har hatt ein nedgåande tendens dei siste ti åra, frå 215 000 i 2005, men flata ut for eit par år sidan og no ser det ut som det aukar igjen.

Beitesommaren 2015 vart til slutt svært god, sjølv om det starta med ein uvanleg sein og kald vår. Men fjellbeita heldt seg godt med friskt gras langt utover hausten. Beitetapet av lam i utmark gjekk ned til 4,5 prosent, det beste på lang tid. Det var heller ikkje mange rovdyrangrep her i fylket, med unntak av eit tilfelle i Lærdal der jerv drap ein del sau. SNO dokumenterte 14 kadaver, og vi fann det sannsynleggjort og betalte erstatning for at 8 vaksne og 88 lam var tekne. Alt i alt vart 2015 den beste beitesommaren på lang tid med både gode slakteresultat og låge beitetap.

Vi har godt samarbeid internt i embetet og med beitelaga og organisasjonane i landbruket både for beitebruk og den vanskelege balansegangen mellom beitedyr og freda rovdyr. Vi har felles møte med beitenæringa, og vi drøftar internt i embetet korleis vi skal bruke miljø- og landbruksmidlane til mellom anna førebyggjande og konfliktdempande tiltak og investeringstiltak i beiteområda. Det er ikkje ofte vi har direkte samfinansiering. Vi sorterar heller innkomme søknadar etter kva som er mest relevant.

##### **Geovekstsamarbeidet**

Prioritering av Geovekst-prosjekt skjer i geodataplanen, og det er viktig at vi får med prosjekt som er nyttige for landbruksinteressene. Vi prioriterer ajourføring av arealressurskarta AR5, etablering av ortofoto i område som skal brukast til AR5-ajourføring og laserskanning av skog der skogbruket har midlar til å delta.

Omløpsfotografering er godt nok til ajourføring av AR5 og har vesentleg forenkla arbeid med å ta vare

på landbruksinteressene.

AR5 er landbruket sitt bidrag inn i Geovekst-prosjekta. Etter kvart som kommunane vert ferdige med gardskartprosessen, er det viktig at vi i samarbeid med fylkeskartkontoret får gode rutinar på vidare kontinuerleg og periodisk ajourhald. I alle kommunane i Sogn og Fjordane er AR5 blitt ein del av FDV-avtalen (forvaltning, drift og vedlikehald) som sikrar at kommunane kjem i gang med kontinuerleg ajourhald. Den største utfordringa er ofte å avklare ansvar for ajourhald internt i kommunen, mellom landbruk og teknisk. Enkelte kommunar har også nemnt manglande kapasitet til å rekke dette.

#### Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2015	2014
FMSF	61303	99190	87	2,18	4,51	3,62	5,04
<b>Sum</b>	<b>61303</b>	<b>99190</b>	<b>87</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

## 22.2 Eiendomspolitikk

I 2015 har vi ikkje hatt eigne kurs for kommunane om reglane i konsesjonslova og jordlova, men planlegg slike kurs for folkevalde no i første halvår 2016. Vi informerer kommunane og andre ein del per telefon og e-post. Vi har ikkje noko godt grunnlag for å seie noko sikkert om kommunane si handtering av slike saker, sidan vi berre får inn klagesakene. Vi har til no ikkje funne grunn til å be om få tilsendt alle vedtak etter jordlova og konsesjonslova i ein kommune for å følgje nærmare med på praktiseringa, jamfør jordlova § 3. Vi har likevel inntrykk av at kommunane generelt handterer dette regelverket på forsvarleg vis.

Vi har rapportert til Landbruksdirektoratet om saker behandla etter jord-, odels- og konsesjonslova.

## 22.3 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

Vi har ei tett oppfølging av kommunane. Dette skjer gjennom ulike fagsamlingar for kommunane og ved kontakt direkte mellom sakshandsamarar. Kontinuitet både i kommunen og hos oss gir god innsikt og sikrar oppbygging av kunnskap over tid. I mange kommunar er det ei utfordring å ha nok kapasitet på landbruksområdet der enkeltpersonar skal dekke mange fagfelt. Interkommunalt samarbeid om landbruksforvaltning er positivt både for fagleg breidde, sosialt miljø og rekruttering av fagkompetanse. Det er etablert samarbeid i 9 av 26 kommunar.

Vi har gjennomført forvaltningskontroll i tråd med kontrollplanen for 2015. Vi meiner kommunane gjer ein god jobb med forvaltning av verkemiddel i landbruket, sjølv om det finst nokre formelle avvik og merknader. Føretakskontrollane vart endra i kontrollplanen undervegs i året. Det vart gjennomført dokumentkontroll for tilskot til bratt areal under RMP, men kontroll av driftsfellesskap vart ikkje gjennomført grunna amnestiet på slikt regelbrot. Kontroll av innmarksbeite og normal jordbruksproduksjon av frukt og bær ligg eigentleg til kommunane som vedtaksorgan, men vi ønskjer å konkretisere kva krav som er knytt til desse tilskota.

Vi hadde ei sak der vi vurderte politimelding, og konkluderte med at det ikkje var aktuelt, hovudsakleg på grunn av at dei urette opplysningane i søknaden, berre ville ha ført til utbetaling av eit moderat meirbeløp.

Arbeidet med erstatningssaker varierer mykje. I 2015 var det heller moderat med kring 40 søknadar, og ein del av desse vert ikkje godkjende.

### Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2015 - antall

#### Klagebehandling

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
0	8	1	2	2	0

#### Dispensasjonssøknader

Produksjonstilskudd	Miljøvirkemidler	Andre tilskuddsordninger
---------------------	------------------	--------------------------

Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
6	0	2	9	0	2	34	0	2

## Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2015

### 1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 1,0

Antall personer: 10

### 2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

Kommune:	<b>Eid kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot og tilskot til avløysing for ferie og fritid
Registrerte avvik:	Kommunen har ikkje dokumentert at det er gjort vurdering om avkorting ved feilopplysning i søknader om produksjonstilskot.
Oppfølging av avvik:	Lukka

Kommune:	<b>Luster kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot og tilskot til avløysing for ferie og fritid
Registrerte avvik:	Kommunen har ikkje dokumentert at det er gjort vurdering om avkorting ved feilopplysning i søknader om produksjonstilskot. Søknader som er svært mangelfulle og utan konkret innhald vert i praksis avvist. Men det vert ikkje formulert noko avvisingsvedtak, slik forvaltningslova føreset.
Oppfølging av avvik:	Lukka

Kommune:	<b>Selje kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot og tilskot til avløysing ved ferie og fritid
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

Kommune:	<b>Sogndal kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, tilskot til avløysing for ferie og fritid, RMP og Gardskart.
Registrerte avvik:	Kommunen har ikkje dokumentert at det er gjort vurdering av avkorting ved feilopplysning
Oppfølging av avvik:	Lukka

Kommune:	<b>Stryn kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, tilskot til avløysing for ferie og fritid, RMP og Gardskart
Registrerte avvik:	Det er gjort vedtak som ikkje er i tråd med delegasjonsreglementet for Stryn kommune. Kommunen kan ikkje dokumentere at det er gjort vurdering av avkorting ved



	teilooplysning
Oppfølging av avvik:	Lukka

3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.

Foretak:	<b>Dokumentkontroll</b>
Orninger/omfang:	RMP - bratt areal
Hjemmel for kontroll:	RMP-forskrifta
Registrerte avvik:	Føretak har fått urettmessig tilskot til bratt areal.
Oppfølging av avvik:	Tilbakebetaling av tilskot

4. Andre kommentarer/ innspill:

## 22.4 Ei livskraftig reindrift

Vi har nesten ikkje tamreindrift her i fylket, med unntak av eit område på Filefjell mellom Årdal, Lærdal, Hemsedal og Vang på grensa mot Buskerud og Oppland. Vi har ikkje vore involvert i dette forvaltningsarbeidet i 2015.

## Resultatområde 23 Økt verdiskaping

### 23.1 Næringsutvikling innen jordbruk og bygdenæringer

Vi sender ein eigen rapport til Landbruksdepartementet om bruken av midlane til investerings- og bedriftsutvikling i landbruket.

Vi har i samarbeid med faglaga, varemottakar, FoU-miljø, rådgjevingstenesta, forvaltninga og Kompetansenavet for lokal mat eit kontinuerleg og langsiktig arbeid for landbruksbasert næringsutvikling og auka verdiskaping. Dette gjeld omstilling i mjølkeproduksjonen, auka satsing på ammeku, fornying av driftsapparatet i sauehaldet, fornying i geitehaldet, auka produksjon av frukt og bær, økologisk produksjon av kjøt, frukt og bær til forbrukar, lokal foredling og omsetnad. Vi samarbeider om årlege produksjonsretta fagsamlingar for å styrke fagmiljø og nettverk.

Den kvalitetsretta konsumproduksjonen av bringebær, morellar og plommer er gode døme på dette arbeidet. Dei siste ti åra har morellproduksjonen auka frå knapt 25 til 250 tonn, og 75 prosent av bringebæra i landet vert hausta her i fylket. Begge delar er resultat av eit godt samarbeid mellom produsentane, foredlingsindustrien, private og offentlege fagmiljø. Fylkesmannen har vore ei drivkraft i utviklinga frå byrjinga.

Vi har ein god dialog med faglaga, Innovasjon Noreg og fylkeskommunen i arbeidet med regionalt næringsprogram. Handlingsplanen rullerer kvar år og fastset utmålingsreglar og prioriteringar for statlege midlar med regional forvaltning. Etter oppmoding frå fylkeskommunen har vi utarbeidd eit plandokument for auka verdiskaping i landbruket som del av Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane. Framlegget til plan er handsama av fylkesutvalet og endeleg plan skal etter høyringsrunden godkjennast av fylkestinget i juni 2016.

Arbeidet med *Inn på tunet* skjer i tråd med *Handlingsplan for inn på tunet i Sogn og Fjordane 2013-2016*. Vi har tilsett eigen prosjektleiar for prosjektet i 75 prosent stilling. Prioriterte oppgåver har vore samarbeid med fagavdelingane for helse og sosial og utdanning, og informasjon til kommunane om breidda i tilbodet. Det er framleis ei stor utfordring for tilbydarar å få langsiktige avtaler med kommunane. Aktiviteten skjer i nært samarbeid med referansegruppa for handlingsplanen, som har representantar frå Fylkesmannen (landbruk, utdanning, helse og sosial), fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, Nav, KS, Bondelaget og tilbydarnettverket. For

2015 vil vi spesielt trekkje fram oppstart av satsinga Inn på tunet +, som er ei mentorordning for etablerte Inn på tunet-bedrifter. Dette er eit samarbeid mellom Fylkesmannen og IN i Sogn og Fjordane og i Hordaland.

Inn på tunet-løftet i Naustdal kommune vart avslutta i 2015. Det er per no ikkje starta opp noko konkret tilbod. Årsaka til dette er at kommunen ikkje ser økonomisk rom til dette. Kommunen skriv at dei vil følgje opp aktuelle tilbydarar.

### **Ressursbruk i landbruksforvaltninga på kommune og fylkesnivå**

Landbruksavdelinga hadde 17 årsverk på landbruksområdet i 2015. I tillegg kjem tilhøyrande administrasjon på om lag 2,5 årsverk.

I kommunane er det så langt vi kjenner til om lag 40 årsverk, men dette er vanskeleg å fastsette heilt nøyaktig, sidan desse fagfolka ofte har andre oppgåver utanom landbruk.

### **Kurs for kommunane**

Vi hadde fagdag for kommunane ved søknad om produksjonstilskot i januar og august, eiga fagsamling om skog, kurs i AR5 og kurs i forvaltningslova. I november var det todagens fagsamling for alle som arbeider med landbruk og miljø i kommunane. Vi har ikkje gjennomført generelle kommunebesøk på leiarnivå i 2015 då ressursane har vore retta mot kommunereforma, noko som også inkluderer dei utfordringane kommunane har på landbruksområdet.

**Midlane på post 114477** vart nytta til diverse møte og kurs for den kommunale landbruksforvaltninga, beitelaga og møte om næringsutvikling som til dømes *Inn på tunet*, lokalt reiseliv og mjølkeproduksjon. Vi har også brukt noko til skjøtselplanar i verdsarvområdet og til arrangementet *Gyldne måltid*.

## **23.2 Skogbruk**

I 2015 var hogsten i Sogn og Fjordane 117 000 m<sup>3</sup>, ein reduksjon på 60 000 m<sup>3</sup> frå året før. Furuhogsten var historisk låg, berre 2125 m<sup>3</sup> eller 1,8 prosent. Vi vonar no at granhogsten normaliserer seg mellom 100 000 og 120 000 m<sup>3</sup> som vi med bakgrunn i Landsskogtakseringa sine tal meiner er eit berekraftig nivå. Dessverre vert så å seie all grana foredla utanfor fylket og for det meste i utlandet. Vi har derfor vore pådrivar for å undersøkje om det er mogleg å få til storskala sagbruksdrift på Vestlandet. I fjor haust la Treteknisk Institutt fram ein oppdragsrapport som viser at etablering av eit storsagbruk på Vestlandet med årsvolum mellom 550 000 og 800 000 m<sup>3</sup> blanda furu og gran, vil kunne vere ei lønsam investering. Skal dette realiserast må ein altså hente virke frå heile Vestlandet og nordover kysten, noko som ikkje er urealistisk viss sagbruket blir lokalisert ved kystleia.

Furuvirket eignar seg også godt til lokal foredling, og vi har rike tradisjonar på lokal sagbruksdrift, men det er dessverre vanskeleg å få til nyetableringar. I fjor haust fekk vi på plass ein tredrivar i fylket og det er von om at vi no kan få noko meir merksemd rundt den unytta fururessursen.

Heile Vestlandet har stor trong for skogsvegbygging, utbetring av offentleg vegnett og noko meir liberale ordningar for tømmerhogst og dispensasjonar. 40 prosent av det planta granarealet og store delar av areala eignar seg for intensiv skogproduksjon, må drivast med taubane. Sidan naturskogen har låge volum per dekar er taubanedrift i naturskog urasjonelt og nærast uaktuelt på Vestlandet. Taubane er derimot ein effektiv og rasjonell metode for å drive fram planta gran i bratte lier. Men rasjonell skogsdrift i vanskeleg terreng krev også eit tett og godt planlagt vegnett, og utrekningar viser at ei vegdekningsgrad på fire meter veg per dekar i taubaneterrenget gjev mest optimal vinsjelengd og maksimerer nettoen ved hogst til skogeigar. Det er difor viktig med aktiv og langsiktig driftsplanlegging, både for hogsten og for rett bruk av skattefordelen i skogfondordninga.

I 2015 vart Sogn og Fjordane Skogeigarlag slått saman med Vestskog slik at det vert eitt skogeigarlag i dei tre sørlegaste Vestlandfylka. Vi trur dette var ei god løysing for vidare utvikling av skognæringa her vest, og det utfordrar også oss til å lage nokolunde like ordningar i desse fylka for bruken av dei økonomiske verkemidla i skogbruket.

### **Skogbruksplanlegging**

Vi har i 2015 sett i gang arbeidet med områdetakst i Balestrand. Vi hadde von om at den pågåande områdetaksten i Naustdal skulle vere ferdig i 2015, men det vart han dessverre ikkje. Taksten i Balestrand vert utført av Vestskog, og dei har også teke over arbeidet med taksten i Naustdal. Vestskog har ei svært profesjonell planavdeling, og dette meiner vi er svært positivt for å drive fram hovudplanen for skogbruksplanlegging og interessa for skogbruksplan hjå skogeigarane. Vi kjem til å prøve ut løysingar med fellestakstar for grendalag og andre naturleg avgrensa område som også inneheld områdeplan for veg, periodiserte tiltakslistar og driftsteknisk plan. Vi har også diskutert om vi framover skal endre hovudplanen frå kommunedekkande områdetakstar til



## Planting og skogkultur

Det vart planta ut 330 000 plantar på om lag 1200 dekar i 2015. Vi registrerer med stor uro at kanskje ikkje meir enn ein tredel av arealet som vert hogd, vert planta til att. Delvis er forklaringa at hogsten dei føregåande åra var ekstra høg, men vi har utan tvil ei utfordring på dette området.

Fagsystemet TSKOG er ikkje lenger i bruk, så vi har naturleg nok ikkje rapportert via det systemet.

## Resultatområde 24 Bærekraftig landbruk

### 24.1 Samfunns- og arealplanlegging

#### Jordvern og bruken av jordbruksareala

Generelt sett har vi ikkje sterkt utbyggingspress her i fylket, men det er likevel fleire kommunar der det er arealbrukskonflikt mellom til dømes jordvern og utbygging. Mesteparten av den dyrka jorda ligg i dalbotnane, gjerne på ei elveslette, eller i ei stripe langs fjordar og vassdrag. I dei same områda er også mesteparten av busetnaden, vegane, tettstadane og småbyane.

I arbeidet med jordvern legg vi til grunn prinsippa frå ein jordvernstrategi som vart vedteken av det tidlegare fylkeslandbruksstyret i 2009 og såleis ganske godt forankra. Vi legg vekt på at kommunane gjennomfører ei arealvurdering og prioriterer kjerneområda for jordbruk og kulturlandskap. Utbyggingsbehova skal vere godt dokumenterte, med alternative vurderingar og god arealutnytting. Vi stiller også krav om utbyggingsrekkefølge for å spare god jord lengst mogleg.

I 2015 reiste vi motsegn til tre kommuneplanar med krav om mindre omdisponering av dyrka jord. I alle tilfella vart vi samde med kommunane før det kom til formell mekling, løyst ved reduserte utbyggingsområde og auka krav til arealutnytting. Samla gav dette ein reduksjon i desse kommuneplanane på 125 dekar dyrka jord. Vi har enno ikkje tala frå 2015, men i 2014 vart det omdisponert 187 dekar dyrka jord gjennom vedtak i reguleringsplanar og enkeltsaker etter jordlova. Dette er under målsettinga i jordvernstrategien på maks 250 dekar per år. Men desse tala varierer noko alt etter kor mange og store reguleringsplanar som vert vedtekne.

I perioden 2004-2014 har totalt jordbruksareal gått ned frå 468 000 dekar til 432 000 dekar, og samstundes har ein del av tidlegare dyrka jord vorte beitemark. Det er den mest tungdrivne jorda som går ut av produksjon eller blir brukt til beitemark, og dette er ein konsekvens av effektivitetskrava i jordbruket.

#### Forvaltning av verneområda

Vi er ferdige med verneplanarbeidet for dei store verneområda, jamfør Nasjonalparkplanen. Forvaltninga av desse områda er lagt til verneområdestyra der det er god lokal representasjon, og med ein verneområdeforvaltar tilsett hjå Fylkesmannen. Vi er ikkje direkte involverte i forvaltningsarbeidet, med unntak av enkelte faglege spørsmål om landbruksdrift og nokre felles tiltak for både beitebruk og friluftsliv. Etter vår erfaring fungerer dette godt.

#### Beredskapsarbeid

Vi deltek i arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap gjennom internt samarbeid i embetet. Landbruksdirektøren deltek på øvingar eller eventuelle hendingar som ein del av kriseleiinga, eller i beredskapsstaben hjå Fylkesmannen, alt etter kva type krise det er tale om. Vi deltek i arbeidet med fylkesROS (risiko og sårbarheitsanalyse), der også landbruket er omtala.

#### Kulturlandskap

Sogn og Fjordane har to utvalde kulturlandskap av i alt 28 i landet. Dette er Grinde-Engjasete i Leikanger kommune og Hoddevik-Liset i Selje kommune. Årsrapport med erfaringar frå 2015 vart sendt til Landbruksdirektoratet i januar 2016.

I 2015 var arbeidet med dei utvalde kulturlandskapa prega av godt samarbeid og auka forankring i dei to kommunane. Dette førte òg til betre samarbeid med grunneigarar, gardbrukarar og organisasjonar i områda.

Landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen står framleis som hovudansvarleg for oppfølgingsarbeidet med dei utvalde



Landbruksavdelinga i fylkesmannen står framleis som hovudansvarleg for oppfølgingsarbeidet med dei utvalde kulturlandskapa, i godt samarbeid med miljøvernavdelinga. I 2015 opplevde vi i større grad synergieffektar av samarbeidet med kommunane enn tidlegare. Arbeidet med tiltaksplanen for kulturlandskap i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap vart i 2015 gjennomført etter godt innarbeidde rutinar. Her fungerer samarbeidet med landbrukskontoret for Årdal, Lærdal og Aurland godt.

Frå 2016 vil det som kjent kome ei ny forskrift som samordnar tilskotsordningane for utvalde kulturlandskap og verdsarvområda.

## 24.2 Klimautfordringene

### Klimatiltak

For auka binding av karbondioksid (CO<sub>2</sub>) i tre vert det arbeidd for auka planting og auka bruk av tre. Vi har fått på plass ein "tre drivar" i samarbeid med fylkeskommunen og Innovasjon Noreg. Gjennom planen for landbruk under Verdiskapingsplanen er det laga strategiar for å peike ut areal som kan plantast for auka binding av CO<sub>2</sub>.

### Klimatilpassing

Vi merkar større variasjon i klimaet og store utfordringar med store nedbørmengder. Dette set store krav til fagkunnskap og fleksibilitet både for landbruket og samfunnet som heilskap. Som ein del av dette er vi saman med Fylkesmannen i Hordaland og landbruksnæringa i gang med etablering av tre faggrupper som skal arbeide med forskning og utvikling innan frukt og bær, grovfôrbasert husdyrhald og skogbruk. Dei skal arbeide breitt med FoU-arbeid innan til dømes plantemateriale, driftsteknikk og sjukdommar/skadedyr.

### Bioenergi

Med låge straumprisar er det liten interesse for auka satsing på bioenergi. Etablerte gardsanlegg og andre forbrenningsanlegg er i drift, men økonomien er krevjande. Det store flisfyrte forbrenningsanlegget i Stryn gjekk konkurs i 2015, men vert drive vidare av nye eigarar.

Det er ingen fullskala biogassanlegg i drift i Sogn og Fjordane.

## 24.3 Produksjon av miljøgoder og reduksjon av forurensninger

Regionalt miljøprogram (RMP) er vidareført i 2015. Midlar til RMP, Spesielle miljøtiltak (SMIL) og tilskot til drenering gjev konkret effekt fordi det er knytt krav til desse tilskota. Ordningane i RMP har gitt oss ein oversikt over verdiar i kulturlandskapet som vi tidlegare ikkje hadde, ved at vi til dømes har kartfesta styvingstre, steingardar og biologisk verdifulle område. For å halde ope det bratte arealet nyttar Sogn og Fjordane kring 50 prosent av RMP-midlane til dette. I dialog med kommunane legg vi vekt på samspelet mellom SMIL-midlar og RMP slik at kommunane prioriterer restaurering av tiltak som i neste fase kan få åreleg tilskot til vedlikehald gjennom RMP. Tilskotet til drenering er lite etterspurt og er i liten grad utløysande for auka drenering. Vi ynskjer å prøve ut høgare tilskotssatsar for å sjå om det kan medverke til auka aktivitet.

Ved rullering av Regionalt miljøprogram i 2017 vil vi vurdere å gje ureining ein større plass i programmet.

Kravet til miljøplan fall bort i 2015, og vårt arbeid er no retta mot gjødslingsplan og bruk av plantevernmidel. Vi har eit godt samarbeid med Norsk Landbruksrådgiving i dette arbeidet.

**Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2015 etter søknadsomgang 2014 - kroner utbetalt til hovedområder**

Embeter	Kulturlandskap	Biologisk mangfold	Kulturmiljøer og kulturminner	Friluftsliv og tilgjengelighet	Avrenning til vassdrag og kyst	Utslipp til luft	Plantevernmidel	Andre miljøtiltak
FMSF	15809680	3335240	4743637					
<b>Sum</b>	<b>15809680</b>	<b>3335240</b>	<b>4743637</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## 24.4 Økologisk landbruk

Gjennom Føregangsfylket frukt og bær har vi saman med Hordaland over fleire år hatt ei målretta satsing på økologisk fruktdyrking. Gjennom FoU-arbeid vert det laga strategiar for å oppnå god kvalitet utan skade frå sopp og skadedyr. Konkret vert det arbeidd med kompost i jord, sprøyting av uttrekk frå kompost, nyttedyr og

overrislingsanlegg. Erfaringar frå det økologiske FOU-arbeidet vert overført til integrert dyrking. Det må arbeidast meir med fornying og å auke avlinga av eple i økologiske hagar slik at meir økologisk frukt kjem fram til forbrukarane. Det er lite omfang av økologisk bær dyrking, og det vert det no arbeidd med.

Då ein stor del av det økologiske kjøtet går inn i den ordinære varestraumen, er det sett i gang eit arbeid for å sikre at økologisk kjøtt kjem fram til forbrukarane. For å oppnå dette må ein større del av kjøtet foredlast lokalt. Saman med Økoringen Vest, Oikos og Kompetansenavet for lokal mat er det sett i gang eit arbeid for å mobilisere økologiske primærprodusentar for å auke foredling og samarbeid med marknadsaktørar for omsetnad utanfor dei ordinære grossistledda.

## Ressursrapportering

Vi har ein reduksjon i ressursbruken på 0525.01 på grunn av vakanse i stilling deler av året.

### Resultatområde Kapittel 0525 Fagdep.

Oppgaver under LMDkr 10 424 388,63kr 10 401,92

Sum: kr 10 424 388,00kr 10 401,00

## Klima- og miljødepartementet

### Resultatområde 01 Naturmangfold

#### Oppsummering og generell status for heile resultatområdet

Resultatområdet utgjer stor del av innsatsen vår på miljøvernområdet. Trass i satsinga på forvaltningsordninga for dei store verneområda (med egne tilsette forvaltarar), ser vi at arbeidsomfanget er aukande utan at vi får tilsvarande auka ressursar. Dette gjeld m.a. større forventningar om å utarbeide forvaltningsplanar og tiltak i dei verneområda som Fylkesmannen er ansvarleg for, mykje arbeid med oppfølging av utvalde naturtypar, forvaltning av nye tilskotsordningar til skjøtsel av naturtypar, og rettleiing til dei fire kommunane som har teke på seg forvaltningsansvar for verneområda i kommunen.

#### Kunnskapsgrunnlaget - kartlegging og overvaking av naturmangfold

Vi har i tråd med tildelingsbrev dei siste åra lagt vekt på å hente inn etterslepet vårt for å kvalitetssikre innkomne data frå naturtypekartlegging. Vi har ikkje sett i verk nye kartleggingsprosjekt i perioden 2013-15, med unntak av oppdraget frå MDir sommaren 2015 om kvalitetsheving av skoglokalitetar i Naturbasen (feltarbeid gjennomført juli-august 2015).

Kvalitetssikring og tilrettelegging av data til Naturbasen er tidkrevjande arbeid, dels også teknisk spesialisert og dermed vanskeleg å setje bort som oppdrag. Dette er til tider eit problem fordi vi i praksis berre har ein tilsett med tilstrekkeleg kompetanse til å handtere Naturbasearbeidet. Vi ser på arbeidet med kunnskapsgrunnlaget som ei av våre viktigaste utfordringar på fagområdet, og har dei siste åra gjennom interne rokkeringar av arbeidsfordeling klart å halvere etterslepet vårt med innlegging i Naturbasen. Vi har no liggande data frå naturtypekartlegging i fem kommunar til kvalitetssikring, og to av desse er under arbeid.

#### Naturoppsyn og samarbeid med SNO

Samarbeidet med SNO er godt.

Vi har etter oppmoding frå Nærøyfjorden verneområdestyre, som av slo søknad om oppsetting av naudnettmast, gjeve pålegg om å fjerne denne i medhald av § 69. Pålegget er påklaga. Vi har meldt eit setjefiskanlegg til politiet for brot på verneforskrifta for Sandvikbotn naturreservat (ulovleg nedtapping av vatn).

Det oppstod i løpet av året nokre mindre avvik m.o.t. skjøtselstiltak; tiltak som skulle gjerast i løpet av året, og tiltak som ikkje let seg gjennomføre i løpet av året.

#### Helhetlig vannforvaltning

Oppdrag:

1.1. Vi har mottatt pålegg frå VPM som vi har gått gjennom og gitt tilbakemelding på



1.2. Vann-Nett vert oppdatert fortløpande av Fylkesmannen og prosjektleiarane.

1.3. Vann-Nett vert kvalitetssikra fortløpande og ved behov. Det er viktig at det som ligg inne i Vann-Nett stemmer med forvaltningsplanen.

1.4. Overvaking vert vurdert ut frå midlar og behov. Midlane held dessverre ikkje til at vi kan undersøke alt i overvakingssystemet.

1.5. Vi har allereie hatt samarbeid med ein regulant om kartlegging av aktuelle tiltak i tre elvar i Bremanger. Rapportar er sendt sakshandsamar i Miljødirektoratet. Med eller utan pålegg ønskjer vi å gjere tilsvarende kartlegging i enkelte andre mindre vassdrag også.

1.6. Har diskutert SMVF og miljømål med FK og NVE.

Andre moment:

#### Heilskapleg vassforvaltning og overvaking

Det er kome krav om at vi må samkøyre og samarbeide for å få til felles overvaking. Miljødirektoratet har inga samordna overvaking av dei verksemdene dei har ansvaret for. Dei verksemdene der fylkesmennene har delegert ansvar for konsesjonshandsaming og tilsyn, burde også vore samkøyrde med det som direktoratet sine verksemder skal gjere. Vi har ikkje fått meir rettleiing etter stoppordren på krav om overvaking hjå "våre", jf. oppdragsdokumenta. Døme på våre verksemder der dette er relevant, er akvakultur, fiskeforedlingsanlegg, større kommunale avløp og næringsmiddelindustri.

Vassforvaltningsplanane er regionale planar, og dette set naturleg nok krav til ryddige, formelle prosessar. Brevet frå Miljødirektoratet til fylkeskommunen som vassregionmyndigheit og Fylkesmannen som miljømyndigheit med krav om "kvalitetssikring" og endring i Vann-nett etter den formelle høyringa, har vore utfordrande. Etter vår vurdering kan vi ikkje endre påverknader og risiko i stor skala på eige initiativ – etter høyringa – utan at det blir reaksjonar. Det er uheldig for arbeidet at rettleiing og avklaringar frå sentralt hald framleis ikkje er på plass. Trass i desse svakheitene, er likevel både vi og fylkeskommunen rimeleg godt nøgde med arbeidet som er gjort i Sogn og Fjordane til no. Det dannar eit godt grunnlag for arbeidet vidare.

Lakselus og rømt fisk: Det er viktig at desse påverknadene også vert inkludert i arbeidet etter vassforskrifta.

Dessverre krev stadig nye oppdateringar og endringar i Vann-Nett stor ekstrainsats for å halde informasjonen riktig.

#### Miljøomsyn i vassdragsreguleringssaker

Det har kome inn mange nye vasskraftsaker, og vi har gitt fråsegn til 36 konsesjonssøknader. I tillegg til historisk mange småkraftøknader på høyring, har det vore mykje arbeid med tiltak etter storflaumen i oktober 2014 i fleire vassdrag i Indre Sogn.

Vi har fjerna utsettingspålegga Statkraft har hatt i innlandsvatn i Høyanger.

Etter vedtak i styringsgruppa for prosjektet, vidarefører vi fiskeprosjekt med alle vassdragsregulantane for ein ny fireårsperiode.

#### Forvaltning av anadrom laksefisk og innlandsfisk

Pliktig organisering:

Fiskerettshavarane i dei fleste vassdraga med fastsett gytebestandsmål over 100 kg, er no organiserte etter forskrifta, med unntak av tre elvar der prosessen er godt i gang.

Fiskereguleringar frå 2016:

Vi har gjennomført prosessen som planlagt. Vi har informert og hatt eit orienteringsmøte med lokale lag. Mange elveigarar ventar no på endeleg forskrift, og det er synd at vi ikkje greidde å kome i mål i 2015.

Kalking:

På grunn av mykje snø vinteren 2014/2015 har det gått med mykje kalk. Både vinteren 2014/2015 og byrjinga av vinteren 2015/2016 viser at det framleis er surt i Flekke- og Guddalsvassdraget. I 2015 var det i tillegg nedbørsrekord i Flekke, og det er mykje som tyder på at det er naudsynt å halde fram med kalkinga av vassdraget. I 2016 har vi planlagt ei litt meir omfattande overvaking av vasskjemi i sure sidebekkar for å sjå på situasjonen.

Rømt oppdrettsfisk:

Det er rapportert om fleire rømmingar i 2015. Vi har relativt god dialog med Fiskeridirektoratet, og dei er i langt større grad villige til å gje oppdrettarane pålegg om undersøking eller gjenfangst i elv etter melding om større rømmingar. Vi har opplevd å få litt meir gjennomslag hjå Fiskeridirektoratet dei siste åra, men har også erfart at vi må følgje dei tett opp.



### Lakselus:

Vi har rådd frå tre søknader i 2015 på grunn av lakselus. Dessverre er vedtaka frå Mattilsynet vedtak veldig mangelfulle og tek i lita eller ingen grad omsyn til vill anadrom fisk. I foredrag på konferanse i Bergen i regi av Fylkesmannen i Hordaland 19. januar 2016, sa Hallgeir Henriksen, regionsjef i Mattilsynet vest/sør, at dei i sine vedtak må synleggjere korleis prinsippa er vurderte og vektlagde slik at det er reelt og etterprøvbart. I fråsegn til søknad om permanent løyve på lokaliteten Juvika, som vi rådde sterkt ifrå på bakgrunn av lakselus og PD, var Mattilsynet si vurdering svært kort. Korkje naturmangfaldlova, dyrevelferdslova eller matlova var vurdert eller nemnt. Det er viktig at ein tek tak i dette problemet sentralt. På konferansen i Bergen viste Henriksen til ei sakshandsaming vi har etterspurt lenge, men som vi enno ikkje har sett noko til.

### Oppdrag:

1.11 Nasjonal fiskeforvaltarsamling vart gjennomført i Flåm 18. til 21. mai.

### Viltforvaltning

Det vesle som er att av generell viltforvaltning fungerer greitt. Vi har om lag ti klagesaker på kommunal hjorteforvaltning per år. Nokre av desse er kompliserte og arbeidskrevjande. Refusjonsordninga for jegerprøva blir ivareteken, men er no endra og avslutta. Vi har hatt noko arbeid med generelle råd og rettleiing, også innan hjorteviltforvaltning, sjølv om dette er fylkeskommunen sitt arbeidsområde.

### Rovviltforvaltning

Sekretariatet for rovviltnemnda vart overført til Sogn og Fjordane frå 1. januar 2015. Dette arbeidet er no godt i gang og fungerer godt. Vi har i 2015 hatt merkbart mindre rovdyrskade enn i fjor, og det er jerveskadane som er reduserte. Hovudgrunnen er ekstraordinære uttak i vinter og vår frå SNO (seks dyr) og eit dyr på skadefelling i juni. Totalt vart det dokumentert 14 kadaver tekne av jerv, og vi fann det sannsynleggjort og betalte erstatning for at jerv tok livet av 8 vaksne og 88 lam, alt i Lærdal kommune. Det har vore mistanke om ulv i Eid kommune, men dette er ikkje stadfesta av SNO. Vi har hatt nokre få tilfelle av dokumentert kongeørnskade (fem stk), men ingen gaupeskade, og det er uvanleg. Vi har heller ingen bjørneskade. Generelt fungerer rovviltarbeidet godt med god dialog med næringa og med SNO, og med rask saksbehandling ved søknader om skadefellingsløyve. Vi har hatt eitt skadefellingsløyve på ulv (tidleg) og to på jerv i 2015. Det er utbetalt i overkant av kr 500.000 i erstatning i 2015.

### Forvaltning av villrein

Vi følgjer opp dei to nemndene vi har ansvar for, Sogn og Fjordane-nemnda og Nordfjella/Fjellheimen-nemnda. Spesielt sistnemnde har mange saker og stor aktivitet, noko som gjer at vi må avgrense sekretariatet sitt arbeid med nemnda. Vi skulle gjerne sett at økonomien for å ta vare på villreinområda vart betra. Vi har heller ikkje spesielle midlar vi kan nytte i villreinområda ut over dei generelle viltmidlane og dei tilbakeførde fellingsavgiftene som i hovudsak går attende til villreinutvala. Vi er ansvarlege for sju villreinområde, og vi er også involverte i Ottadalen. Arbeidet med den regionale planen for Nordfjella er nyleg avslutta. Totalt sett fungerer arbeidet med villrein godt, inkludert samarbeidet med sekretariatet. Vi gjennomførte ny utlysing av sekretariat for dei to villreinnemndene våre for dei neste fire åra.

### Forvaltning i verneområde og opprettelse av nye verneområde

Vi kom i mål med frivillig vern av skog, med oppretting av Fimreiteåsen naturreservat og Drægnismorki-Yttrismorki naturreservat.

Forvaltningsplan for Vetlefjordøyra er i mål (godkjend) som planlagt. Forvaltningsplan for Bøyaøyri er forseinka grunna usemje med grunneigaren. Forvaltningsplan for Rønset er forseinka grunna andre arbeidsoppgåver.

Sjøfuglreservata i fylket har fått spesiell merksemd gjennom ein tiårsperiode, med årlege teljingar av hekkande fuglar og vekt på skjøtselstiltak og utarbeiding av forvaltningsplanar for dei mest utsette områda. På grunn av prioritering av andre fagområde (Naturbasen) har dette arbeidet vorte lagt til side i 2015, slik at dei planlagde forvaltningsplanane for Sakrisøy våtmarksreservat og Gåsvær sjøfuglreservat ikkje har vorte sende på høyring enno. Vi håper likevel å kunne få desse klare for høyring i løpet av 2016.

Også for Sørværet er forvaltningsplanen langt etter skjema, og framleis ikkje ferdig.

Arbeidet med grensemerking av edellauvskogreservat og andre små verneområde der dette manglar, har ikkje kome i gang.

### Marint vern

Vi har ikkje hatt spesielle oppdrag her for 2015.

### Kulturlandskan

Vi er langt frå å kunne halde Naturbasen fortløpande oppdatert. For kulturlandskapsområdet sin del skuldast dette at det er avgrensa kompetanse og kapasitet i marknaden til å gjennomføre kartleggingsarbeid, tilstandsvurdering eller sjekk av nye kulturlandskapslokalitetar.

Etter kvart som fleire lokalitetar av utvalde naturtypar blir kartlagde og godkjende for rett på tilskot, har arbeidet med å handtere saksmengda vakse seg større enn det vi klarer å handtere på ein god måte. Mange eigarar og brukarar av verdfulle område er skeptiske til søknadsarbeidet og elektronisk søknadssenter, slik at vi må utarbeide søknader på vegner av brukarane. Dette fører til ein heil del arbeid for FM, og dessutan at påfølgande rapportering av tiltak sviktar. Vi klarte heller ikkje å svare alle søkarane innan 1. april.

### **Arbeid med og forvaltning av truga artar, inkl. utvalde naturtypar (UN) prioriterte artar (PA)**

Det er ikkje bestandar av vedtekte prioriterte artar i Sogn og Fjordane. Av artar med vedteken handlingsplan har vi satsa spesielt på hubro i perioden 2013-15, og vi har no godt oversyn over den historiske utviklinga og dei svært få lokalitetane med aktivitet i fylket.

Vi er koordinerande fylkesmann for purpurmarihand, og første utkast til faggrunnlag blei sendt Mdir seint i 2012. Etter dette er det gjort utfyllande undersøkingar av utbreiing og tilstand (også i 2015).

Av utvalde naturtypar har vi hole eiketre, slåttemark/slåttemyr og kystlynghei. Her er det gjort eit godt kartleggingsarbeid, som også held fram. Arbeidet med dei kulturavhengige naturtypane er stort og aukande, særleg for skjøtselsavtaler og oppfølging av desse. Vi er koordinerande fylkesmannsembete for fossesprøytsoner og oseanisk nedbørsmyr. Her er vi enno i ein innleiande og relativt krevjande fase med metodeutvikling, og det er ikkje gjort nemnande arbeid med dette i år.

Vi har eit godt samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Bioforsk og Norsk landbruksrådgiving om kartlegging, vurdering og prioritering av utvalde naturtypar i kulturlandskap, og utarbeiding av skjøtselsplanar for desse. Skjøtselsordningar er etablerte for fleire ny lokalitetar.

Det er ei stor utfordring å få oversikt over status for alle lokalitetane av skjøtselskrevjande naturtypar, og å sikre at dei får rett skjøtsel, og å følgje opp avtalepartar og andre tilskotsmottakarar.

### **Framande organismer**

Handlingsplanen mot framande artar i Sogn og Fjordane som vi laga i 2013, har berre i liten grad blitt følgt opp med praktiske tiltak. Vi har for liten kapasitet til å handtere dei mange (og aukande) arbeidsoppgåvene knytt til biologisk mangfald, og arbeidet med framande organismar er mellom dei som i praksis har blitt nedprioriterte for å gje rom for arbeidet med utvalde naturtypar og å hente inn det etterslepet vi har hatt med kvalitetssikring og innlegging av data i Naturbasen.

Det er starta eit prosjekt for å kartleggje krypsiv i Hafsløvatnet (fuglefredingsområde) og trong for tiltak.

Vi ønskjer informasjonskilt om ørekyte frå nasjonalt hald jf. gyroinformasjon frå Mattilsynet.

## **Resultatområde 03 Friluftsliv**

### **Oppsummering/generell status for heile resultatområdet**

Etter at hovuddelen av friluftsliv i 2010 vart overført til fylkeskommunen, har vi svært liten direkte innsats.

### **Ivaretaking av attraktive friluftsområde**

Dette blir vektlagt gjennom innspel i plansaker og i forvaltninga av dei store verneområda.

### **Fylkesmannen som grunneigar/rettighetshavar på vegner av staten i statleg sikra friluftsområde**

Vi bør ha synfaring til Tviberg i år, der fleire tiltak (tilkomst, toalett m.m.) bør gjennomførast. Tviberg burde ha vore følgt opp med tiltak, men vi har ikkje midlar til dette. Situasjonen har vore uendra i mange år.

Vi har utfordringar i eitt område, Moldøen i Vågsøy kommune, etter løyve om bruk av området til disc-golf-aktivitet. Mdir er kjend med problemstillingane i denne saka gjennom dialog med sakshandsamar. Vi har avtalt møte med kommunen og berørte partar 1. oktober.

### **Forvaltning og drift av dei statleg sikra friluftsområda**

Vi vurderer å sende ut eit informasjonsbrev til kommunane om kva høve dei har til å søkje om midlar og få til tilretteleggningstiltak gjennom utarbeiding av forvaltningsplanar. Per i dag er det få område som har godkjend forvaltningsplan og få som søljar på midlar.



## Tilrettelegging for jakt og fiske

Det er primært fylkeskommunen som har dette ansvaret (men i praksis så har dei ikkje avsett personalressursar til dette). Vi har gjennomført den årlege refusjonsordninga for jegerprøva.

## Resultatområde 04 Forurensning

### Oppsummering/generell status for heile resultatområdet

Resultatområdet er omfattande. Sjølv om vi er eit fylke med eit mindre tal på verksemder, krev det brei kompetanse hos dei tilsette å handtere breidda av verksemdtypar. Dei tilsette innan ureining har god erfaring. Vi måtte i 2015 likevel redusere ambisjonsnivået som følgje av redusert bemanning.

Vi må og bruke ein del ressursar på oversetjing av malar o.l. frå bokmål til nynorsk. Mellom anna har vi funne det rett å oversetje brevmal om finansiell garanti til nynorsk, fordi mållova krev at vi som eit nynorskfylke ikkje kan nytte bokmålsversjonane.

### Grunnforureining

Vi har ingen av dei prioriterte grunnforureiningssakene.

Vi har lagt inn nokre nye lokalitetar med stadfesta eller mistanke om forureining. Fleire av desse gjeld saker der kommunar er myndigheit, og som skulle lagt inn sakene.

### Akutt forureining

Vi har hatt oppfølging av tre saker. Sakene gjeld oljeureining i Vågsøy, fiskefeitt i Vågsøy og tunnelbrannen i Bremanger.

### Avfall og gjenvinning

Sjå også prioriterte område.

Vi meiner å ha tilstrekkeleg oversikt over venta, nytt regelverk og har starta forsiktig med å omtale dette i to løyve gitt i år.

### Avløp

Vi har ikkje oversikt eller myndigheit for kapittel 13-anlegga, og dermed ikkje noko godt grunnlag for å kvalitetssikre opplysningane frå kommunen ved rapportering i Kostra.

Flora (Florø og Brandsøy) får fristar i samsvar med kva kommunen kan klare. Dei klarar ikkje stette forskriftskrava i kapittel 14 med det første, men ein forpliktande framdriftsplan er på plass. Gloppen (Byrkjelo) og Førde (Førde by) ligg greitt an.

Stryn (Loen) er oppført som kapittel 13-anlegg no, men er "på vippen" til kapittel 14. Vi har ikkje endra myndigheit og krav enno. Dette bør avklarast, men krav til kommunen sitt anlegg vil henge saman med kva Nordfjord Kjøtt klarar av reinsing for sitt påslepp.

### Luftforureining

Vi har etter måten få utfordringar innan lokal luftureining i Sogn og Fjordane. Dette har samband med at vi ikkje har større byar eller spesielt stor gjennomgangstrafikk. Vi gir likevel innspel om lokal luftureining til kommunale planar der dette er relevante problemstillingar. Vidare er det tema i ein del konsesjonssaker og tilsyn etter ureiningslova, m.a. fyringsanlegg for reine brensel. Vi har fått unntak for å delta på felles kommuneundersøking om lokal luftureining for 2016.

### Støy

Der det er relevant, tar vi opp støy som tema i innspel til kommunale planframlegg. Vidare set vi ofte vilkår om støygrenser ved konsesjonshandsaming av t.d. asfaltverk, ulik anleggsaktivitet, mineralindustri og skytebaner.

---

## Resultatområde 05 Klima



## Redusere klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringer

I 2015 er Klimaløftet eitt av to prioriterte embetsprosjekt, som altså heile embetet står bak. Arbeidet i Klimaløftet er organisert etter dei tradisjonelle hovudlinjene i klimaarbeidet: Å redusere utslepp av klimagassar (inkl. binding av klimagassar) og klimatilpassing. Prosjektet vert leia av staben, og har deltakarar frå miljøvernavdelinga, landbruksavdelinga og beredskapseininga.

Vi har som målsetjing at klima skal verte ein meir heilskapleg del av den planretta innsatsen mot kommunane, og vil m.a. sjå på korleis vi kan utvikle betre rettleiarar og planleggingsverktøy for kommunane i fylket.

Det einaste fast etablerte klimanettverket i fylket er styringsgruppa for oppfølginga av den regionale planen for klima og miljø. Her er Fylkesmannen godt representert, og vi er aktive med å melde inn tiltak i handlingsdelen av planen. Det vart gjort ein revisjon av handlingsdelen i haust.

For å auke merksemda rundt klimaomstilling har vi starta planlegginga av ein nasjonal klimakonferanse i Sogndal 2. til 4. mai.

Vi vil også sjå på korleis klimaendringar påverkar næringslivet i fylket, og vil forsøke å tematisere både utfordringar og nye moglegheiter. Klimavenleg næringsutvikling og grøn økonomi er noko vi vil sjå nærare på. Vi ser det som tenleg å kople denne satsinga med oppfølging av [prosjektet stat-næring Sogn og Fjordane](#), der vi har sett som mål å gjennomføre to årlege møte med næringsaktørar i fylket.

Vi krev at kommunane skal vurdere konsekvensar av klimaendringar som ein del av risiko- og sårbarheitsanalysen i alle arealplanar. Vi brukar motsegn dersom slike vurderingar ikkje er gjorde, eller når dei er mangelfulle.

Ei stor enkeltsatsing innan klimaarbeidet har vore [undersøkingar av karbonbinding i Sætremyrane naturreservat](#). Prosjektet har sett på tiltak som både fremjar verneformålet og karbonbinding.

Vi samarbeider med Vestlandsforskning, høgskulen, Miljødirektoratet m.fl. i det såkalla "klimaverktøyprosjektet". Målet er å utvikle eit nettbasert verktøy for risiko- og sårbarheitsanalysar, som inkluderer nødvendige tilleggstema knytt til klimakonsekvensar.

Vi samarbeider med KS og Vestlandsforskning om det EØS-finansierte klimatilpassingsprosjektet "Green Way to Sustainable Development" i Romania. Oppgåva vår er å rettleie og dele erfaringar frå praktisk klimatilpassingsarbeid i Noreg.

## Resultatområde 00 Tverrgående virkemidler

### Prioriterte område i embetsoppdraget 2015

#### Kunnskapsgrunnlaget/Kartlegging og overvaking av naturmangfald

Sjå resultatområde 1 Naturmangfald.

#### Planlegging etter plan- og bygningslova

Vi arbeider systematisk med å styrke plankompetansen i kommunane, og legg stor vekt på tidleg involvering i viktige saker, som t.d. arealdelen til kommuneplanen. Framleis er det likevel eit stort tal på dispensasjonssaker som kjem til vurdering. Vi har effektivisert sakshandsaminga av små eller kurante plan- og dispensasjonssaker, m.a. ved bruk av standardbrev med konkrete innspel til lite konfliktfulle dispensasjonssaker og oppstart av reguleringsplanar der arealbruken er i samsvar med arealdelen. Rutinebrev og standardbrev ligg på nettstaden vår: <http://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Plan-og-bygg/Arealforvaltning/>. Vi har også utvikla nettstaden (under plan og bygg/arealforvaltning) med mykje rettleiingsstoff for kommunane i Sogn og Fjordane. Med dette har vi såleis effektivisert arbeidet og redusert risikofaktorane.

Som eit kompetanseoppbyggingstiltak i kommunane har vi, i samarbeid med fylkeskommunen, nyleg starta opp eit læringsnettverk på planområdet for kommunane i fylket. Vi vil legge mykje tid og ressursar i å få desse regionvise læringsnettverka til å fungere godt og bli eit framtidig godt forum for planleggarane i kommunane. Sjå omtale på nettstaden vår: <http://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Plan-og-bygg/Arealforvaltning/Nyheiter-arealforvaltning/Laringsnettverk-innan-planområdet/>

Vi har tett dialog med fylkeskommunen, med godt samarbeid om planforum, læringsnettverk og årlege plansamlingar for kommuneplanleggarar. Vi har i mange år hatt ei arbeidsdeling med fylkeskommunen på

planområdet, men dessverre har fylkeskommunen prioritert ned arbeidet med retting av kommunane. Utanom kulturminneområdet gir fylkeskommunen i liten grad innspel til kommunane på plan- og dispensasjonssaker på høyring.

Innspela våre til kommunale planar har tradisjonelt vore konsentrerte om arealbruk i strandsone og viktige område for biologisk mangfald. Vi har ikkje hatt kapasitet til å jobbe med utfordringar med transport utanom å bidra til mest mogeleg konsentrert arealbruk og reduksjon i enkeltløyve til spreidd busetnad.

Internt har vi organisert planarbeidet i ei eiga plangruppe på miljøvernavdelinga som koordinerer alle innspel til kommunale og regionale planar. Vidare har vi ei tverrfagleg plangruppe i embetet der spesielt landbruk og stab (beredskap) er tungt inne, men med aktiv deltaking også frå juridisk (planjuss), utdanning (barn og unge) og helse (folkehelse).

### **Redusere klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringar**

Sjå Resultatområde 5 Klima.

#### **Skipsverft og sediment**

Vi har fire prioriterte skipsverft. For to av verfta avventar vi betre kontroll med utslepp frå land før det vert gitt pålegg om tiltak i sjø. Eit verft har fått pålegg om tiltak (overvaking) i sjø. Eit tidlegare verftsområde har tidlegare fått godkjent tiltaksplan på land, men ønskjer no å endre denne. Vi avventar søknad.

Mengda av mudre-, dumpe- og utfyllingssaker varierer veldig i omfang. I fjor var det mange, i år har vi til no berre hatt ein søknad. Mange saker er alt no på veg inn i 2016.

Vi har ikkje nyaktig tal på hamner grunna svært ulik detaljeringsgrad i oversikten frå kommunane, men vil anslå ca 400. Vi manglar framleis hamneoversikter frå fleire kommunar.

De to største hamnene er Florø og Måløy (stamnetthamner). Desse har godkjende planar.

Vi har motteke avfallsplanar for 117 hamner og godkjent plan for 85 hamner. Mange av desse er småbåthamner. Vi manglar avfallsplanar frå mange kommunar og frå dei fleste industrihamnene.

#### **Skogvern**

Vi vart litt forseinka med tilråding til Mdir fordi det tok lengre tid enn foresett for Allskog å få på plass avtalar med grunneigarane. Elles er fristane haldne (frivillig skogvern Drægnismorki-Yttrismorki og Fimreiteåsen)

#### **Tilsyn, inkl. kontrollplanlegging i forurensning**

Vi har meldt ei verksemd for ulovleg nedbrenning av sjøbu. Saka er avslutta med at verksemda har akseptert bot. Det er sendt inn to tvangsmulfter til Statens innkrevingsentral (2 x kr 10 000) på same verksemda.

Vi har i 2015 gjennomført 40 tilsyn, to av desse var revisjonar.

#### **Tverrgående verkemiddel**

#### **Oppsummering og generell status for heile resultatområdet**

Per 1. september 2015 har vi 24 personar (12 menn og 12 kvinner) med arbeidstilknytning til miljøvernavdelinga. Dette er ein person mindre enn vi hadde for eitt år sidan. Vi reknar likevel med å nytte om lag 23,5 årsverk i 2014 – noko som faktisk er 1,0 årsverk meir enn i 2014, og skuldast i hovudsak færre periodar med vakanse i stillingar.

Av totale årsverk på 23,5, er om lag 19,5 finansierte over kap. 0525. Dette inkluderer også fire verneområdeforvaltarar. Resterande fire årsverk er finansierte om lag slik: 1,2 årsverk er finansierte av gebyrmidlar ureining, 1,1 årsverk finansierte av vassdragsregulantar i fylket, 1,7 årsverk finansierte av fagmidlar innan naturforvaltningsområdet. Ein (eitt årsverk) av dei som er finansierte av fagmidlar, er fast tilsett.

Avdelinga har ansvar for å koordinere fleire fagområde på tvers av andre avdelingar i embetet. Dette gjeld m.a. plan- og energisaker. Planområdet er framleis høgt prioritert i embetet, og vi legg mykje innsats i samordning og involvering internt, i tillegg til tett samarbeid med fylkeskommunen. Vi har eit godt samarbeid med landbruksavdelinga (trass i at dei er lokaliserte i Førde) – spesielt gjeld dette på områda kulturlandskap, naturmangfald og skog, plan og rovviltforvaltning. Vidare deltar vi i utviklingsprosjekt på IKT-området (spesielt lakseregisteret).

I 2015 har vi gjennomført eit avdelingsprosjekt der vi har effektivisert og forenkla arbeidet vårt med høyringsfråsegner etter sektorlovverket og plan- og bygningslova.



Frå 2015 har vi overteke sekretariatsansvaret for rovviltnemnda. Innsatsen i sekretariatet ligg på om lag 0,25 årsverk. Vi har fått dette på plass ved omfordeling av arbeid i avdelinga.

Vi hadde ei tid to personar (varierende mellom 1,2-1,6 årsverk) finansierte over kap. 1442 for å arbeide med ureiningstilsyn, men etter ei oppseiing ser vi at vi ikkje har finansiering til å rekruttere inn eit årsverk, og innsatsen vart difor redusert frå august 2015.

### **Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon (Databasen forurensning)**

Forurensning er i det vesentlege ajour.

### **Miljøsamarbeid i internasjonale miljøforum**

Vi er inviterte å vere med i søknad om eit FoU-prosjekt om bioavfall under programmet H2020.

Høgskulen deltek i eit EØS-finansiert program om kjemikalie-forvaltning i Romania, og vi har teke i mot rumensk forvaltning på møte hjå oss i november.

## **Ressursrapportering**

På resultatområde 010 har vi hatt ein reduksjon i ressursbruken på framandkapittel, og ein auke på 0525.01. Årsaka til dette er at vassforskriftmidlar vart flytta frå prosjekt til 0525.01.

På resultatområde 122 har vi hatt ein reduksjon i ressursbruken på framandkapittel på grunn av sjukefråvær. Samtidig hadde vi ein auke på same resultatområde i 2015 på 0525.01 på grunn av vakanse i 2014.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 0525</b>	<b>Fagdep.</b>
Naturmangfold	kr 7 211 289,19	kr 1 090 229,47
4 Forurensing	kr 390 009,96	kr 0,00
Andre oppgaver under KLD	kr 3 253,39	kr 0,00
11 Klima	kr 173 822,87	kr 0,00
12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling	kr 2 394 800,51	kr 1 022 203,37
12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon	kr 164 327,52	kr 0,00
Sum:	kr 10 337 503,00	kr 2 112 432,00

## **Samferdselsdepartementet**

### **Resultatområde 91 Oppdrag for samferdselsdepartementet**

#### **91.1 Avkjørselssaker etter vegloven**

Ingen saker avgjort i 2015.

#### **91.2 Konsesjon til anlegg og drift av taubaner**

Vi har til saman gitt konsesjon til fire baner, to av desse nye, mellom anna ei pendelbane. Det er over 50 år sidan førre pendelbana vart godkjent i Noreg.

Vi har kort behandlingstid på taubanesaker. Taubanetilsynet er også som oftast raske med sine fråsegner. Behandlingstida er frå ein til to, til fire til fem veker.



## **Statens Helsetilsyn**

### **Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven**

#### **41.1 Hendelsesbasert tilsyn**

Vi har fått inn 31 hendingsbaserte tilsynssaker i 2015. I alt 27 av desse har blitt realitetshandsama, og åtte er avslutta utan oppfølging. Dette er om lag like mange som året før. Vi har ikkje hatt saker som gjeld tilsyn med Bufetat.

I tillegg var det åtte saker frå 2014 som ikkje var avslutta innan førre årsskiftet. Til saman blei 35 saker handsama ferdig i 2015, og fire blei ikkje avslutta innan årsskiftet.

I 15 av dei ferdige sakene har vi konkludert med lovbrøt. I dei fleste sakene har vi vurdert fleire lovheimlar. Fleire av sakene der det er konkludert med lovbrøt, viser alvorlege brøt på forsvarlegkravet.

Døme på vurderingstema i sakene er kravet til forsvarleg sakshandsaming, barns rettar i sakshandsaminga, utarbeiding av individuell plan, handtering av melding og tilbakemelding til melder, gjennomføring av undersøking, kommunen si oppfølging av hjelpetiltak, oppfølging av barn som er plassert i institusjon og fosterheim, brøt på teieplikt og ettervern.

To av dei hendingsbaserte tilsynssakene kom til oss som ei generell klage frå bebuarar på institusjon, og vart handsama etter tilsynsforskrifta § 11. Den eine klagen vart ikkje teken til følgje, og den andre vart returnert til institusjonen for lokal avklaring.

#### **41.2 Planlagt tilsyn**

Vi har gjennomført tilsyn som systemrevisjon med tre kommunale barneverntenester i 2015. I tillegg gjennomførte vi eigenvurderingstilsyn med fem kommunar i tilknytning til ein av systemrevisjonane.

Alle tilsyna gjekk inn i det landsomfattande tilsynet med kommunens arbeid med oppfølging av meldingar, initiert av Statens helsetilsyn.

Det vart i alle tilsyna funne brøt på krav som følgjer av lov eller forskrift. Kommunane som deltok i eigenvurderingstilsynet utarbeidde årsaksanalyse for å sjå kva tiltak som måtte setjast i verk for å sikre at tenesta var i samsvar med regelverket på området.

Døme på lov og/eller forskriftsbrøt:

"Kommunen sikrar ikkje forsvarleg vurdering av alle meldingar"

"Kommunen sikrar ikkje at offentleg melder får tilbakemelding etter avslutta undersøking"

Vi utførte 19 individtilsyn i 2015 fordelt på Stiftelsen Klokkergården med tre kollektiv og familieheimar, og to statlege institusjonar med tre avdelingar og akutt plass. Ni av tilsyna var umelde.

Vi merkar oss ein auke i behov knytt til psykisk helse/helsehjelp, for bebuarar ved dei statlege institusjonane. Vanskane til bebuarane framstår som meir omfattande og komplekse enn tidlegare.

Vi hadde også i 2015 tett dialog med Stiftelsen Klokkergården om tvangsbruk, særleg om tolking av rettingforskrifta § 24.

#### **41.3 Klagesaker**

I 2015 fekk vi to klager på kommunal barnevernteneste. Ei av sakene vart ikkje realitetsbehandla, og den andre vart oppheva og sendt tilbake til kommunen. Begge sakene blei ferdighandsama innan fristen, og før årsskiftet. Sakene gjeld oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking og avslutning av privatplassering i fosterheim.

Vi fekk fire klager frå bebuarar på institusjon i 2015. Alle desse vart handsama innan årsskiftet.

Totalt handsama vi sju rettighetsklager frå bebuarar på institusjon i 2015 (tre av desse sakene kom inn i 2014). Fem av sakene er klage på enkeltvedtak med innskrenking i bruk av elektroniske kommunikasjonsmiddel, jf. rettighetsforskrifta § 24. I to av klagene fekk bebuaren medhald. To bebuarar fekk ikkje medhald og ein bebuar fekk delvis medhald i klagen. Ei klage gjeld urinprøvetaking, jf. rettighetsforskrifta § 25 og ei sak gjeld ransaking av rom og egedelar, jf. rettighetsforskrifta § 16. Ingen av desse fekk medhald.

## **41.9 Andre oppdrag**

Vi har i 2015 overført sju saker til ein annan kommune på grunn av ugildskap.

### **Oppfølging av fristar**

Vi har hatt kontakt med fire barnevernstenester i fylket for å få ei nærare klargjering av årsakene til fristoverskridingar. Vi har sendt e-post til kommunar med manglande tiltaksplanar, tilsynsbesøk eller oppfølgingsbesøk for barn i fosterheim. I tillegg har vi hatt tett dialog med ein kommune som har sendt månadlege rapportar frå barnevernstenesta. Vi har rapportering og fristar som tema i møte med barnevernstenestene.

## **Resultatområde 73 Klager på individuelle tjenester etter lov om sosiale tjenester i Nav**

### **73.1 Klager på individuelle tjenester etter lov om sosiale tjenester i Nav**

Vi har behandla 26 klagesaker, 22 av desse behandla vi innan tre månader.

## **Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i Nav**

### **74.1 Hendelsesbasert tilsyn**

Vi har behandla fem hendingsbaserte tilsynssaker. Tre av desse behandla vi innan fem månader.

### **74.2 Planlagt tilsyn**

I to kommunar har vi gjennomført landsomfattande tilsyn med sosiale tenester til ungdom; Stryn og Flora. Vi fann avvik i Flora kommune og følgjer opp kommunen til dei har retta avviket.

I to kommunar har vi gjennomført eigeninitiert tilsyn med økonomisk stønad til barnefamiljar; Askvoll og Lærdal. Vi fann avvik i begge kommunane. Tilsynet i Lærdal er avslutta, medan vi følgjer opp Askvoll litt inn i 2016, til dei har retta avviket.

### **74.9 Andre oppdrag**

Vi har ikkje gjennomført kartleggingar på dette området.

## **Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og omsorgstjenest**

## 82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi fekk i 2015 til handsaming 103 nye hendingsbaserte tilsynssaker på helseområdet. Vi har hatt ein jamn auke dei siste åra og har i 23 saker ikkje klart å halde sakshandsamingstida på fem månader. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var 128 dagar. Vi handsama ferdig 93 saker i 2015 og hadde per 31 desember 2015 45 restansar.

### Omsorgstenester

Vi opna fem saker på dette området, i tillegg til dei tre vi hadde i restanse frå 2014. Vi behandla fire saker med gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 4,7 månader.

## 82.2 Planlagt tilsyn

Vi gjennomførte landsomfattande tilsyn med spesialisthelsetenesta og to kommunar med temaet "Samhandling ved utskriving av pasientar frå spesialisthelseteneste til kommune". Vi fann ingen avvik. Av eigeninitierte tilsyn med kommunal helse- og omsorgsteneste hadde vi tre tilsyn i sjukeheim med to ulike tema: *Helsehjelp gitt med tvang* og *Rehabiliteringstilbod*. Til sistnemnde tilsyn fekk fem kringliggjande kommunar tilbod om å delta med eigenvurdering som vi tidlegare har kalla læringstilsyn.

Vi hadde felles tilsyn i ein kommune saman med beredskapseininga med temaet helseberedskap. Vidare avslutta vi sjølvmeldingstilsyn med alle kommunane i fylket innan same tema; helseberedskap.

## 82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukerrettighetsloven m.fl.

### Helsetenester

Vi handsama 17 klager på helsetenester etter pasient- og brukarrettslova. Dette er ein auke frå tidlegare år. Klagen handlar om rett til nødvendig helse- og omsorgshjelp, klage på avslag om institusjonsopphald og retting eller sletting i journal.

Av desse gjaldt 13 saker "nødvendig helsehjelp". Fem av sakene gjekk ut over behandlingsfristen på tre månader. For fire av sakene var årsaka til forseinkinga at vi venta på naudsynte saksgrunnlag frå kommunen. Saksbehandlingstida for dei fire sakene var 3,2 til 3,9 mnd. Ei sak var forseinka frå vår side med sakshandsamingstid på 4,2 månader.

### Omsorgstenester

Vi fekk inn 26 klagesaker på området i 2015 i tillegg til dei ti sakene vi hadde i restanse frå 2014. Vi handsama 29 saker. I alt 21 saker var handsama innanfor tre månader.

## 82.9 Andre oppdrag

### Oppgåver etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester kap. 9 - Rettstryggleik ved bruk av makt og tvang ovanfor enkelte menneske med psykisk utviklingshemming

Vi har gjennomført ei samling for overordna fagleg ansvarlege for kapittel 9 i kommunane der vi gjekk gjennom regelverk og problemstillingar på området, m.a. ny rettleiar.

Vi var teknisk arrangør for ein konferanse for alle fylkesmannsembeta i juni, på oppdrag frå Helsedirektoratet og Helsetilsynet.

Vi har gjennomført ti stadlege tilsyn. I fem av dei ti tilsyna fann vi avvik. Desse har vi følgd opp, og tre av tilsyna vart avslutta i 2015.

Vi har teke imot og vurdert skadeavverjande tiltak i naudsituasjonar, og følgd opp enkelte kommunar med rettleiing i etterkant.

## Resultatområde 83 Folkehelse



## **83.2 Planlagt tilsyn**

Vi har ikkje gjort planlagt tilsyn på dette feltet i 2015.

## **83.3 Klagesaker**

Vi har ikkje hatt klagesaker på dette feltet i 2015.

## **Utenriksdepartementet**

### **Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet**

#### **92.1 Apostiller**

Vi utførte 593 apostillar i 2015.

#### **92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler**

Vi har ikkje hatt slike saker til handsaming i 2015. Fylkesmannen i Hordaland handsamar sakene som gjeld Hordaland og Sogn og Fjordane.

## **Andre**

### **Ressursrapportering**

Resultatområdet "andre" er i stor grad prosjekt på IKT-området. Tidlegare år har desse prosjektmidlane hovudsakleg kome på 0525.01 eller 0525.21. I 2015 har nokre av prosjektmidlane vorte tildelte som belastningsfullmakt på fagdepartement både på "andre" og på BLD.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 0525</b>	<b>Fagdep.</b>
Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 723 706,27	kr 756 047,97
Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 6 969,11	kr 0,00
Sum:	kr 730 675,00	kr 756 047,00